Solund kommune

Innkalling

Utval:	FORMANNSKAP
Møtestad:	
Dato:	16.10.2020
Tid:	10.00 (etter Administrasjonsutvalsmøte som startar 09.00)

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Solund kommune
09. oktober 2020

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
080/20	Fullfinansiering fiberprosjekt Hagefjorden - Kråkøysundet	
081/20	Tertialrapport nr. 2 år 2020	
082/20	Budsjettendring tertial nr. 2 år 2020	
083/20	Ny organisering av Solund kommune	
084/20	Søknad om tilskot til bygging av veg til søre Kråkenes	
085/20	Disponering av driftsmidlar til skjærgardsteneste for Fjordane friluftsråd	
086/20	Høyring på forvaltningsplan for gås i Solund kommune 2020 - 2025	

Solund kommune

Arkiv:	K1-234, K2-N64
ArkivsakID:	18/358
JournalpostID:	20/2749
Sakshandsamar:	Geir-Kåre Tungodden Ynnesdal
Dato:	09.10.2020

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
080/20	FORMANNSKAP	16.10.2020
	KOMMUNESTYRE	

Fullfinansiering fiberprosjekt Hagefjorden - Kråkøysundet

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Vedlegg i saka:
09.10.2020 Kart over utbygging Hagefjorden og Kråkøysundet

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:
Finansiering utbygging av fiber til Hagefjorden - Kråkøysundet .

Saksutgreiing:

Utbygging av breiband har vore ein stor suksess i Solund Kommune. I fyrste runde fekk kommunen løyvd midlar til fiber frå Eide til Daløy. Dette er no fullført og dei fleste har i dag tilbod om breibandtenester frå Enivest AS.
Neste søknadsrunde blei etablert for området frå Haldorsneset til Nåra. Dette er no fullført og mange har kobla seg på og fått gode digitale tenester. Tredje søknadsrunde som har vore gjennomført er Ytrøygrend og Solund Kommune fekk godkjent tilskot på kr. 450 000,- frå Staten. Dette prosjektet er også fullført. Fjerde prosjekt er Nord-Solund som er i ferd med å bli fullført med oppkobling mot abonnentar.

Femte område og eigentleg det siste store utbyggingsområdet er Kråkøysundet til og med Hagefjorden blei innvilga kr. 600 000 I breidbandmidlar fra NKOM. Solund Kommune utløyste ein oppsjon hos Enivest AS frå prosjektet Nord Solund.
Prisen på fullfært utbygging i dette området er kr. 1,9 mill.
Solund Kommunestyre har tidligare bevilga kr. 0,8 mill og med med dei kr. 0,6 frå NKOM er det totalt bevilga kr. 1,4 mill. Innbyggjartilskotet er berekna til kr.12000 x

16 stk.

Prosjektpris frå Enivest AS	kr. 1.950.400
NKOM	kr. 600.000
Sound Kommune	kr. 800.000
Innbyggjartilskot (12000 x 16)	kr. 192.000
Rest på fullfinansiering	kr. 358.400

Kr. 12 000 er lokalt tilskot frå kvar enkelt bustad, samla kr 192 000. Kr. 1.158.400 er løyvinger gjort over budsjettet og skal vere kommunen sin eigenandel.

Konkurranse er gjennomført for området Nord-Solund og kommunen fekk eit tilbod (Enivest AS). Kostnadene er utløyst som opsjon frå dette tilbodet.

Finansiering vert tatt frå disposisjonsfond i budsjettjustering på 2.tertial


Vurdering:

Det er veldig viktig å fullføre breibandsutbygging i Nord-Solund grunna at utbyggjar då får ringmating mot Eide og ringen er slutta. Dette vil gje abonnementar eit stabilt og godt fibernett.

Hagefjorden og Kråkøysundet har eit potensielt godt grunnlag for busetnad og digital kommunikasjon vil gje ein fordel. Samstundes er det ei naturleg utviding av pågåande prosjekt i Nord-Solund.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Kart over utbygging Hagefjorden og Kråkøysundet



Solund kommune

Arkiv:	K1-210
ArkivsakID:	20/339
JournalpostID:	20/2750
Sakshandsamar:	Kjell Mongstad
Dato:	09.10.2020

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
081/20	FORMANNSKAP	16.10.2020
	KOMMUNESTYRE	

Tertialrapport nr. 2 år 2020

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2020 vert teke til vitende.

Vedlegg i saka:
09.10.2020 Vedlegg til sak om Tertialrapport nr 2 år 2020
09.10.2020 Tabelloppsett til Tertialrapport 2 år 2020 - endeleg

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:
Kommunelova m/rekneskapsforskrifter
Sak om Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021-2023
Sak om budsjettendringar tertial nr. 2 år 2020
KS sin prognosemodell

Kva saka gjeld:
Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vise noko om status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått.

Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering

Saksutgreiing:
Tertialrapporten fortel om ein organisasjon som har hatt store utfordringar knytt til det å stå midt I ein uføreseileg Korona-situasjon. Den fortel at for mange einingar har det vore drifta med høge skuldre og i periodar med unntaksdrift. For nokre einingar har dette ført til høge meirutgifter, for andre tapte driftsinntekter. Nokre einingar har ikkje vorte påverka økonomisk.
Felles for alle, er at ein har klart å løyse utfordringane etterkvart som dei har kome, og kommunen har til no unngått alvorlege smittesituasjonar.

I rapportsamanheng har det vore vanskeleg å skilje ordinær drift frå denne unntaksdrifta. Ein har likevel forsøkt å skilje ut Korona-kostnadane I eit eige ansvarsområde 805. Kostnadane ved dette ansvarsområde nærmar seg 5,0 mill. Førebels inndekning frå Staten er på omlag 1,3 mill.

Dei avvika som er presentert i rapporten, er knytt til ordinær drift.
Desse avvika er få, og høvesvis små. Og det handlar om uføreseielege ekstrakostnader som har kome til på barnevern, svikt i inntekter på planarbeid og mindretilskot til psykologtenesta. Sistnemnde kan vise seg å bli ei permanent økonomisk utfordring.

Dei lokale skatteinntektene er pr. 31/8 svært gode for kommunen. Meirinntektene vil dekka opp dei nemnde avvika. Spørsmålet er om skjønsmidlane frå Staten vil dekka opp alle meirkostnader knytt til Korona-situasjonen? I november får kommunen vite kor mykje meir skjønsmidlar som vert ytt til dette føremålet.

Om det vert mismatch her, så vil Solund kommune likevel oppnå rekneskapsmessig balanse ved årsslutt. Dette er takka vere dei gode inntektene frå det statlege Havbruksfondet.
Og her er det viktig å vera edrueleg i bruken av midlane frametter.

Det er det eit faktum at regjeringa gjer nedskjeringar i skjønsmiddelpotten i inntektssystemet og Fylkesmannen argumenterer med kommunen sine tildelte Havbruksfondsmidlar, når skjønsmidlane årleg vert fordelt og redusert.
Dette har kommunen så langt løyst ved tilsvarande bruk av midlar frå det statlege havbruksfondet.
I denne tertialrapporten vert det berre tilrådd bruk av desse midlane til pågåande prosjekt.

Denne tertialrapporten gir eit godt grunnlag for å starte opp årets budsjett- og økonomiplanarbeid. Både administrativt og politisk nivå får no ein totaloversikt over både drift og alle restløyvingar på investeringar. Ein har fått eit grunnlag for å vurdere både moglegheitsrom og kor varsellampene blinker for framtida.

Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering

Vurdering:
Folketalet har diverre falt og dette gir konsekvensar for neste åra rammevilkår. Fokus på utvikling må difor halde fram for å sikre befolkningsvekst og motverka reduksjon i frie inntekter.
Innsatsen har vore stor i heile den kommunale organisasjonen for å bidra til dette.

Korona-situsjonen sette den kommunale organisasjonen og alt tenestetilbodet i ein unntakstilstand. Rapportane frå den daglege drifta syner at det har vore gjort ein strålande innsats med å tilrettelegga for at både dei tilsette, brukarane, innbyggjarane generelt, såvel som foreinings- og næringsliv skal koma gjennom denne krisa utan for store mein.

Utfrå tertialrapporten som ligg føre, og med inndekninga av Korona-utgiftene via ekstra skjønsmidlar, så burde det vera mogleg å fortsatt levere eit godt tenestetilbod og samstundes koma i balanse ved årsslutt, med dei rammevilkåra som ligg føre ved denne budsjettrevisjonen. Det er knytt usikkerheit til kva ein får rekne med som meirutgifter og mindreinntekter når Korona-utgiftene skal dekkast, og

administrasjonen lyt kjeme attende til dette når fordeling av ekstra koronamidlar er klar. Det er signalisert frå regjeringa at dette arbeidet tek til i november.

Konklusjon:
Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2020 vert teke til vitende.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

TERTIALRAPPORT NR. 2 ÅR 2020



Foto: Magne Hamre

SOLUND KOMMUNE

Vedlegg til sak om tertialrapport nr. 2 år år 2020

INNHALD:

Innleiing 3

Endringar i dei økonomiske rammevilkåra – frie inntekter 3

Endringar i andre overordna inntekter 7

Endring i netto finansutgifter (utbyte, renter og avdrag) 9

Avsetnader og bruk av avsetnader 9

Til fordeling drift 11

Om Solund kommune sine mål og måloppnåingar 12

Kommentarar til den daglege drifta 12

Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430	- Administrasjon, stabs- og støttefunksjonar m.m.	12
Ansvar 200	- Solund barnehage	17
Ansvar 210	- Solund barne- og ungdomsskule	19
Ansvar 220	- Felles barnehage, skule m.m.	20
Ansvar 250	- Solund kulturskule	22
Ansvar 300	- NAV Solund	23
Ansvar 310, 312, 313-315, 370, 371, 372, 373 og 380	- Helse- og omsorg	25
Ansvar 600, 601, 610 og 620	- Plan- og utvikling	33
Ansvar 700	- Solund Soknerråd	34
Ansvar 750	- Andre særskilde utgifter og inntekter	35
Ansvar 799	- Pensjon og premieavvik	35
Ansvar 800, 801, 802, 803	- Tilleggsløyvingar	35

Utvikling i sjukefråvær 37

Oppsummerte behov for budsjettendringar for drifta etter 2. tertial 38

Investeringar 38

Oppsummerte behov for budsjettendringar i investeringar etter 2. tertial 44

Avslutning 44

Innleiing:

I mai la regjeringa fram revidert nasjonalbudsjett (RNB) og kommuneøkonomiproposisjon for 2021. Desse gjev signal og framlegg som påverkar kommunen sine rammevilkår for både for inneverande og komande driftsår. Det aller meste vart teke omsyn til ved tertialrapport for første kvartal i år.
Den spesielle situasjonen med Covid-19 pandemien var ikkje mogleg å forutsjå, og påverka også drifta i Solund kommune.

Denne rapporten tek føre seg korleis drifta har utvikla seg i 2. tertial, og tek omsynbåde til Covid19-situasjonen og endringane i RNB-vedtaket i juni.
Pr. 1.juli var folketalet 783 stk, ned frå 816 året før. Denne nedgangen får ikkje konsekvensar for rammetilskotet for inneverande år, men vil påverke inntektene for 2021.

Økonomiplanen vert ikkje rullert i denne omgang, men innhaldet i avvika dette året kan gje ein indikasjon på kva ein bør justere i drifta i komande budsjett- og økonomiplanprosess.
Det vedlagde tabelloppsettet syner berre endringane for inneverande år.

Rapporten set fokus på kva som vert forventa av økonomisk resultat ved årsslutt. Men dette resultatet kjem også til å verte påverka av kva kommunen får i ekstraordinære skjønsmidlar samla sett knytt til Covid19-situasjonen. I tertialrapporten vert avvika som som har oppstått i drifta på grunn av pandemien,forsøkt skilt ut i ansvar 805. Fylkesmannen har varsla at siste tildeling av skjønsmidlar vil koma først i desember. Det er såleis vanskeleg å vurdere kva kommunen sitt endelege økonomiske resultat blir for år 2020 gjennom denne rapporteringa. I framlegg til statsbudsjettet skriver kommunal og moderniseringsdepartementet at «Kommunesektoren skal kompenseres for merutgifter og mindreinntekter som følgje av virusutbruddet», usikkerheiten er knytt til kva ein får rekne med av meirutgifter og mindreinntekter.

I framlegg til statsbudsjettet for 2021 (7/10) har det kome nokre endringar for kommunesektoren, men desse vil så lang adm,sjefen kan sjå, ikkje påverke konklusjonane i denne tertialrapporten.
KS har 7. oktober uttrykt følgjande forventning og ein viss uro over kva som er i vente:

> *- Vi forventer at staten kompenserer alle koronarelaterte kostnader til kommunene og fylkeskommunene. Vår største bekymring er at den grunnleggende kommuneøkonomien ikke er robust nok -, sier styreleder i KS, Bjørn Arild Gram.*

Dette antar vi gjeld også for meirutgiftene i år 2020.

Saman med tertialrapporten, vert det lagt fram ei eiga sak om budsjettendringar for 2. tertial, slik at ein kan få eit best mogleg samsvar mellom budsjett og rekneskap, og dermed eit mest mogleg realistisk budsjett å styra etter, resten av driftsåret.

Det vert elles vist til både sak om Budsjett 2020, Tertialrapport nr. 1 for år 2020 og Økonomiplan 2021-2024, for å få eit best mogleg grunnlag for å vurdere innhaldet i denne rapporten og dei budsjettjusteringar som vert føreslegne.

Endringar i økonomiske rammevilkår gjennom vedteke RNB:

Rammetilskot:
Det er folketalet pr 1/7 som dannar grunnlag for kommunane sitt rammetilskot året etter. Pr 1.7.2019 var folketalet 816, og dannar grunnlag for rammetilskotet for år 2020. Dette vert ikkje endra i budsjettåret. Endringar i folketal i 2020 vil først få konsekvensar for 2021. Slik kan ein ha nokonlunde føreseielege rammer gjennom driftsåret.

Det er likevel kome til ei mindre nedjustering i rammetilskotet (kr. 41') som følgje av endeleg vedtak i revidert nasjonalbudsjett. Denne vert foreslått justert gjennom denne tertialjusteringa.

Ekstra statlege skjønsmidlar knytt til Covid 19:
Ved endeleg vedtak i RNB i juni, vart kommunesektoren tilført ekstra skjønsmidlar. I tillegg har kommunane rapportert inn sine ekstrautgifter for 2. tertial. Denne siste kompensasjon vert ikkje kjent før ved utgangen av driftsåret.

For Solund kommune sitt vedkomande, utgjorde ekstrakompensasjonen 0,2 mill. i endeleg RNB-vedtak i juni. Denne summen vert tilrådd justert inn mot Korona-utgiftene på ansvar 805.

Prosjektskjøn via Fylkesmannen:
Etter søknad om auka satsing på «Digital kompetanse» i Oppvekstsektoren, har Solund kommune fått tildelt kr. 150` i prosjektskjøn frå Fylkesmannen. Midlane er definert under omgrepet «frie inntekter», men er like fullt øyremerkte til bruk ved ansvar 210 – Solund barne- og ungdomsskule.

Skatt og inntektsutjamning:
Det er folketalet pr. 31/12 året før (802 stk.) som styrer kva som vert den endelege statlege prognosen på skatteinntektene som kommunen skal styre etter. Så skjer det ei løpande inntektsutjamning mellom dei skatterike og skattesvake kommunane gjennom året, slik at reduserte inntekter vert kompensert med 60%. D, skal forhindre at det vert store endringar mellom statleg prognosar for skatteinntekter 1/1, og dei faktiske inntekter 31/12.

Skatteinngangen for år 2020 vart budsjettert hausten 2019 med bakgrunn i statleg prognose om forventa folketal pr. 1/1 på 820 stk. I kommunestyret sitt vedtak vart det av forsiktigheitsgrunnar lagt til grunn eit folketal på 810 stk. Dernest; - ved 1. tertialjustering i juni vart skatteinngangen justert ytterlegare ned, basert på endeleg folketeljing pr. 31/12 året før som synte 802 stk.

Inntektsutjamninga vert alltid justert mot skatteprognosen knytt til endeleg folketal 31/12 året før.
I endeleg RNB-vedtak har det skjedd ei nedjustering av skatteprognosen for landet som då også påverkar Solund kommune.

Netto skatt og inntektsutjamning er gjennom revidert nasjonalbudsjett nedjustert med kr. 59`.

Vurdering av den lokale skatteinngangen samanlikna med landsgjennomsnittet:
Pr. 2. tertial kjem Solund svært godt ut på skatteinngangen samanlikna med landsgjennomsnittleg skatteinngang, og ikkje minst gjeld dette samanlikna med tilsvarande nivå året før. Solund ligg på 13. plass i landet i skatteinntektsvekst pr. innbyggjar samanlikna med same rapporteringspunkt året før.

Med ein auke i skatteinngangen frå 92% til nær 100% av landsgjennomsnittet, får Solund ein direkte inntektseffekt på 40% meir, enn om ein hadde fått 60% kompensert gjennom systemet for inntektsutjamninga. Som følgje av den gode utviklinga pr. mai, vedtok Kommunestyret å legge inn ein forsiktig ekstra lokal skatteinngang på 0,2 mill. ved 1. tertialjustering. For år 2019 vart

ekstrainntektene ved årsslutt knytt til ein tilsvarande situasjon, om lag +0,93 mill. Basert på prognosane pr. 2. tertial, som stadfester den gode utviklinga i 1. tertial, er det mogleg å tilrå ein ytterlegare vekst i lokal skatteinngang på min. fjorårets nivå. Men her tilrår administrasjonssjefen å gå for ei litt meir forsiktig linje, sidan det er 2 store skatteinntektsmånader igjen.
Sjå tabellen under som syner lokal skatteinngang samanlikna med landsgjennomsnittet for både 1. og 2. tertial. Tilsvarande tabell pr. 2. tertial 2019 følgjer også under.

Skatteinngang pr. 31. august 2020

Nr.		Kommune	1000 kr	kr pr innb	% landsgj.
1	4629	Modalen	22 961	59 178	306,0 %
2	4619	Eidfjord	43 358	47 857	247,5 %
3	4641	Aurland	63 542	35 678	184,5 %
4	4625	Austevoll	160 461	30 646	158,5 %
5	4620	Ulvik	25 617	23 719	122,6 %
6	4634	Masfjorden	39 904	23 598	122,0 %
7	4642	Lærdal	49 482	23 275	120,3 %
8	4643	Årdal	116 042	22 346	115,5 %
9	4644	Luster	112 440	21 732	112,4 %
10	4639	Vik	54 693	20 756	107,3 %
11	4632	Austrheim	59 051	20 575	106,4 %
12	4618	Ullensvang	225 471	20 408	105,5 %
13	4601	Bergen	5 760 524	20 289	104,9 %
14	4648	Bremanger	73 629	20 289	104,9 %
15	4635	Gulen	46 385	20 194	104,4 %
16	4616	Tysnes	57 645	20 092	103,9 %
17	4602	Kinn	341 997	19 875	102,8 %
18	4638	Høyanger	81 564	19 889	102,8 %
19	4636	Solund	15 407	19 211	99,3 %
20	4628	Vaksdal	73 874	18 575	96,0 %
21	4637	Hyllestad	24 561	18 495	95,6 %
22	4617	Kvinnherad	240 695	18 414	95,2 %
23	4614	Stord	342 605	18 264	94,4 %
24	4623	Samnanger	43 994	17 704	91,5 %
25	4621	Voss	278 363	17 685	91,4 %
26	4624	Bjørnafjorden	439 024	17 626	91,1 %
27	4647	Sunnfjord	386 405	17 540	90,7 %
28	4626	Øygarden	670 754	17 506	90,5 %
29	4622	Kvam	147 915	17 490	90,4 %
30	4633	Fedje	9 585	17 491	90,4 %
31	4613	Bømlo	207 478	17 352	89,7 %
32	4615	Fitjar	54 737	17 164	88,8 %
33	4611	Etne	69 411	17 088	88,4 %
34	4640	Sogndal	201 700	17 025	88,0 %
35	4645	Askvoll	50 547	16 787	86,8 %
36	4631	Alver	485 785	16 623	86,0 %
37	4627	Askøy	474 498	16 056	83,0 %
38	4650	Gloppen	93 947	16 048	83,0 %
39	4651	Stryn	114 196	16 016	82,8 %
40	4649	Stad	149 119	15 768	81,5 %
41	4630	Osterøy	126 627	15 637	80,9 %
42	4612	Sveio	88 457	15 341	79,3 %
43	4646	Fjaler	41 204	14 705	76,0 %

Skatteinngang januar - april 2020

	Kommnr.	Kommunenamn	1000 kr	kr pr innb	% landsgjsn.
1	4629	Modalen	19 136	49 320	519,8 %
2	4619	Eidfjord	34 476	38 053	401,1 %
3	4641	Aurland	47 575	26 713	281,6 %
4	4620	Ulvik	17 672	16 363	172,5 %
5	4634	Masfjorden	25 609	15 144	159,6 %
6	4642	Lærdal	31 800	14 958	157,7 %
7	4625	Austevoll	74 451	14 219	149,9 %
8	4644	Luster	73 512	14 208	149,8 %
9	4643	Årdal	69 558	13 395	141,2 %
10	4639	Vik	33 298	12 637	133,2 %
11	4618	Ullensvang	133 789	12 110	127,6 %
12	4648	Bremanger	43 334	11 941	125,9 %
13	4638	Høyanger	47 873	11 673	123,0 %
14	4628	Vaksdal	45 279	11 385	120,0 %
15	4632	Austrheim	29 592	10 311	108,7 %
16	4617	Kvinnherad	132 657	10 149	107,0 %
17	4601	Bergen	2 808 636	9 892	104,3 %
18	4636	Solund	7 817	9 747	102,7 %
19	4623	Samnanger	24 036	9 672	101,9 %
20	4602	Kinn	165 654	9 627	101,5 %
21	4635	Gulen	21 969	9 564	100,8 %
22	4633	Fedje	5 226	9 536	100,5 %
23	4637	Hyllestad	12 440	9 367	98,7 %
24	4614	Stord	172 500	9 196	96,9 %
25	4622	Kvam	77 411	9 153	96,5 %
26	4616	Tysnes	25 945	9 043	95,3 %
27	4621	Voss	140 134	8 903	93,8 %
28	4613	Bømlo	104 552	8 744	92,2 %
29	4647	Sunnfjord	192 500	8 738	92,1 %
30	4640	Sogndal	103 132	8 705	91,8 %
31	4626	Øygarden	332 362	8 674	91,4 %
32	4624	Bjørnafjorden	215 910	8 668	91,4 %
33	4615	Fitjar	27 617	8 660	91,3 %
34	4611	Etne	34 037	8 379	88,3 %
35	4631	Alver	242 499	8 298	87,5 %
36	4650	Gloppen	48 475	8 281	87,3 %
37	4645	Askvoll	24 848	8 252	87,0 %
38	4627	Askøy	237 232	8 027	84,6 %
39	4651	Stryn	55 072	7 724	81,4 %
40	4649	Stad	72 843	7 703	81,2 %
41	4630	Osterøy	61 192	7 556	79,6 %
42	4612	Sveio	42 710	7 407	78,1 %
43	4646	Fjaler	20 242	7 224	76,1 %

Skatteinngang pr. august 2019

	Kommune	1000 kr	kr pr innb	%av landsgj.
1	1252 Modalen	21 868	57 547	297,0 %
2	1232 Eidfjord	43 552	48 071	248,1 %
3	1421 Aurland	64 015	36 290	187,3 %
4	1244 Austevoll	156 261	29 981	154,8 %
5	1422 Lærdal	50 454	23 456	121,1 %
6	1233 Ulvik	25 350	23 193	119,7 %
7	1228 Odda	153 757	22 796	117,7 %
8	1266 Masfjorden	38 974	22 778	117,6 %
9	1424 Årdal	118 215	22 539	116,3 %
10	1426 Luster	112 000	21 559	111,3 %
11	1223 Tysnes	60 882	21 392	110,4 %
12	1201 Bergen	5 752 288	20 457	105,6 %
13	1417 Vik	54 405	20 361	105,1 %
14	1416 Høyanger	82 607	20 192	104,2 %
15	1264 Austrheim	57 380	19 875	102,6 %
16	1438 Bremanger	72 989	19 700	101,7 %
17	1411 Gulen	44 190	19 031	98,2 %
18	1401 Flora	225 022	18 986	98,0 %
19	1432 Førde	242 024	18 486	95,4 %
20	1227 Jondal	20 022	18 420	95,1 %
21	1251 Vaksdal	74 012	18 297	94,4 %
22	1246 Fjell	474 951	18 151	93,7 %
23	1241 Fusa	70 052	18 143	93,7 %
24	1224 Kvinnherad	238 336	18 142	93,6 %
25	1439 Vågsøy	107 565	18 018	93,0 %
26	1235 Voss	261 713	17 918	92,5 %
27	1221 Stord	334 652	17 897	92,4 %
28	1412 Solund	14 612	17 820	92,0 %
29	1419 Leikanger	41 494	17 801	91,9 %
30	1243 Os	369 056	17 740	91,6 %
31	1263 Lindås	279 266	17 662	91,2 %
32	1413 Hyllestad	24 093	17 638	91,0 %
33	1242 Samnanger	43 324	17 576	90,7 %
34	1238 Kvam	146 681	17 377	89,7 %
35	1222 Fitjar	55 006	17 184	88,7 %
36	1211 Etne	70 002	17 170	88,6 %
37	1231 Ullensvang	56 467	17 008	87,8 %
38	1431 Jølster	51 799	17 000	87,8 %
39	1219 Bømlo	202 770	16 954	87,5 %
40	1420 Sogndal	137 223	16 753	86,5 %
41	1445 Gloppen	96 611	16 554	85,5 %
42	1418 Balestrand	21 071	16 475	85,0 %
43	1441 Selje	45 183	16 448	84,9 %
44	1247 Askøy	477 859	16 323	84,3 %
45	1428 Askvoll	49 513	16 298	84,1 %
46	1245 Sund	113 907	16 130	83,3 %
47	1265 Fedje	8 988	15 993	82,6 %
48	1256 Meland	130 780	15 974	82,5 %
49	1449 Stryn	113 054	15 774	81,4 %
50	1234 Granvin	14 718	15 708	81,1 %
51	1443 Eid	95 834	15 580	80,4 %
52	1444 Hornindal	17 833	15 480	79,9 %
53	1253 Osterøy	125 631	15 472	79,9 %
54	1433 Naustdal	43 062	15 418	79,6 %
55	1259 Øygarden	75 255	15 393	79,5 %
56	1216 Sveio	88 059	15 392	79,5 %
57	1430 Gaular	45 648	15 080	77,8 %
58	1260 Radøy	76 629	15 052	77,7 %
59	1429 Fjaler	41 260	14 895	76,9 %

Endringar i det økonomiske opplegget for år 2020, som er presentert ved framlegging av Statsbudsjettet for år 2021, den 7. oktober.

Sitat Fylkesmannen i Vestland:
I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skattereduksjon for kommunane i år på minus 1,4 %. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr 1,8 mrd. samla for kommunane i landet frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteendring for i år blir med det justert frå minus 1,4 % til minus 0,3 %, ut frå faktisk innkomen skatt i 2019.

Den samla pris- og kostnadsveksten (deflatoren) i kommunane var i RNB 1,4 %. Pårekna lønsvekst var rekna til 1,5 %. Deflatoren er no justert opp til 1,6 %. Pårekna lønsvekst er inkludert i denne

deflatoren med 1,7 %. Det betyr at kommunane si innsparing som følgje av lågare pris- og kostnadsvekst i år, vert noko lægre enn det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Det er framleis uvisse knytt til den faktiske pris- og kostnadsveksten. Det er lagt opp til ei ny vurdering av dei økonomiske konsekvensane etter virusutbrotet for kommunane i nysalderinga av 2020-budsjettet i november d.å.

KORONA – Proposisjon 142S og dialog om dei økonomiske konsekvensane
I proposisjon 142 S frå regjeringa var det m.a. framlegg om nye kr 500 mill. i auka skjønstilskot til kommunane i landet som har hatt særleg store utgifter til oppfølging av TISK-strategien (testing, isolering, smittesporing og karantene). Det er framlegg om at midlane blir fordelte til kommunane av fylkesmannen.

Regjeringa har i proposisjon 142 S også gjort framlegg om ei løyving på kr 200 mill. i år for å kunne gi tilskot til kommunar som vil kompensere verksemder som blir ramma av omfattande lokale smitteverntiltak. Det er lagt opp til at tilskotet blir forvalta av KMD.
Midlane blir gitt til kommunane på grunnlag av søknad

Det er oppretta ei arbeidsgruppe med medlemer frå staten og kommunesektoren. Arbeidsgruppa skal kartleggje dei økonomiske konsekvensane av virusutbrotet for kommunane. Arbeidsgruppa skal gå gjennom kva for utgifter og inntekter som blir påverka av virusutbrotet, og gi eit overslag på kor mykje dei ulike utgiftene og inntektene utgjer.
Arbeidsgruppa skal leggje fram ein delrapport i oktober 2020 og sluttrapport innan 1. april 2021.

Regjeringa vil i november kome med framlegg til løyvingar for meirutgifter og mindreinntekter for kommunane i 2021 på bakgrunn av koronakrisa.

Kommentar:
Solund kommune nytta 1,8% lønsvekst under utarbeiding av sitt budsjett. Det betyr at det fortsatt er ein liten margin å gå på med tanke på den usikkerheita som rår.

Som det går fram av tidlegare avsnitt, så har Solund kommune den 13.de største skatteveksten i landet. Med desse signala frå Fylkesmannen, stadfester det kor god skatteinngangen lokalt er i driftsåret. Dette betyr at Solund får behalde ein vesentleg ekstra skattegevinst, samanlikna med dei fleste andre kommunar. Administrasjonssjefen tilrår med bakgrunn i dette, å auke opp det lokale skatteanslaget frå 0,2 mill. til 0,8 mill.

Det som vert lagt fram i november, vert sett i samanheng med den rapporteringa og tilbakemeldinga som kommunane sende til Fylkesmannen pr. 31/8, på påløpte Korona- og smittevernutgifter frå smitteutbrotet i mars til og med 31/8. Her er det berre å vone at inndekninga vert god for Solund sitt vedkomande.

Med bakgrunn i alt det ovanfor framførte om endringar i Frie inntekter, vil administrasjonssjefen tilrå å auka dei frie inntektene slik:

Redusert rammetilskot	*= - 41`*
Redusert skatteprognose sentralt	*= - 59`*
Ekstra statlege skjønsmidlar	*=+200`*
Prosjektskjøn via Fylkesmannen	*=+150`*
Auke i lokalt skatteanslag	*=+600`*

Endringar i andre overordna inntekter

Rentekompensasjonar:
Rentekompensasjonane er knytt til tidlegare investeringar i institusjon, skule og kyrkje.
Det vart allereie ved 1. tertialjustering tatt høgd for at rentekompensasjonen ville verta redusert for år 2020, som følgje av det låge marknadsrentenivået i Noreg dette året.

Det vert forventa balanse ved årsslutt på desse inntektene.

Flyktningtilskot:
Det har ikkje vore endringar i høve plan for integrering i år 2020. Det er heller ikkje kome signal som tyder på ei endring i den sentrale politikken for busetjing av flyktningar gjennom 2. tertial.

Det vert forventa balanse ved årsslutt på desse inntektene.

Eigedomsskatteinntekter:
Det har ikkje vore endringar i føresetnadane for utskriving av eigedomsskatt, eller vesentlege endringar i inntektene etter utskrivinga for 1. halvår, som medører endringar i forventa inntekter for år 2020.

Det vert forventa balanse ved årsslutt på desse inntektene.

Inntekter frå det statlege Havbruksfondet:
Fordi dette er ei så vesentleg inntektselement og dette har vore i så sterk endring, følgjer ei grundig gjennomgang av ordninga med Havbruksfondet, ei statusoppdatering og korleis framtidige inntekter no fortonar seg. Dette gjev grunnlag for å kunna legge eit budsjett i neste omgang.

Historie:
Regjeringa sette eit mål i år 2015 på å «5-doble sjømatnæringa innan 2030». Det var semje om å legge opp til ein 6% vekst i havbruksnæringa, men krav om at veksten berre skal skje i såkalla «grøne område» og den skal skje med ein «moderat risikoprofil». Heile landet skal få nyte godt av veksten.

I framlegg til statsbudsjett for 2017 vart ordninga med eit statleg oppretta Havbruksfond omtala som eit verkemedel for å få til ein slik vekst:

«Kommuner og fylkeskommuner som legger til rette for havbruk skal belønnes. Regjeringen har derfor i samsvar med Stortingets forutsetninger etablert retningslinjer for et havbruksfond der 80 pst. av vederlaget for nye laks- og ørretkonsesjoner og økt kapasitet på eksisterende konsesjoner skal fordeles til kommuner og fylkeskommuner. Ordningen er gjort gjeldende for alle nye utlysninger av vekst etter 1. januar 2016, der det kreves vederlag til staten.»

I tillegg til inntektene frå auksjonane, så er det den auka lokalitetsbiomassen, målt 1.sept. i kvar kommune kvart år, som avgjer kor mykje kvar kommune får tildelt frå fondet. Dette siste gav som kjent ein stor effekt for Solund kommune ved utbetaling frå fondet i år 2019.

Det vart sett ned eit statleg utval i år 2019 som skulle koma med tilrådingar på korleis tilførsel og bruk av Havbruksfondet skulle innordnast i framtida. Etter ein høyringsrunde, der Sjømatnæringa og Nettverk for Fjord og Kystkommuner (NFKK) fant saman i eit felles høyringssvar, vart det gjennom RNB presentert eit framlegg som i siste instans enda som eit politisk forlik. Forliket inneheldt følgjande konklusjonar:

- Auksjonsinntektene for år 2020 skal fordelast til Havbruksfondet med høvesvis 2,25 mrd. og 1,0 mrd. for åra 2020 og 2021.
- Framtidige auksjonsinntekter (2.kvart år), vert fordelt til Havbruksfondet 40% og Stat 60%.
- Produksjonsavgifta vert innført frå og med år 2021, med første innbetaling til Havbruksfondet i år 2022; - estimert tilførsel til Havbruksfondet er på 0,5 mrd. årleg
- Alle utbetalingar frå Havbruksfondet skal skje etter same fordeling som tidlegare:
    - 75% til Havbrukskommunar, 12,5% til Fylkeskommunar, 12,5% avsett til klarert ny lok-MTB
    - Alle typar inntekter som kjem inn i Havbruksfondet, skal fordelast mellom kommunane etter same nøklar som tidlegare. Solund får i dag fordelt 1,05%

Heile intensjonen med forliket er basert på at inntektene til Havbrukskommunane skal verte meir jamne og føreseielege i åra som kjem.

Framtida:
Endeleg vedtak i RNB gav desse økonomiske utslaga for Solund kommune:

Budsjettskjema 1A	R - 19	OB - 20	RB1 - 20	RB2 - 20	ØP-21	ØP-22	ØP-23	ØP-24
Inntekter Havbruksfond - prouksjonsa	-6 986 714	-3 000	-3 000			-4 000	-4 000	-4 000
Inntekter Havbruksfond - auksjonar (framlegg RNB)			-4 875			-3 500		-3 500
Auka inntekter frå auksjonar (etter forlik RNB)			-9 484	-3 011	-7 875	-2 100		-2 100

Kommunen har nyleg fått stadfesta at den totale utbetalinga frå Havbruksfondet i år 2020 vert på kr. 20 369 549,53. Dette er summen av kolonnene RB1-20 og RB2-20 (3,0+4,875+9,484+3,011). Allereie hausten 2019 fekk Kommunen signal om at inntektene for 2020 kunne verte på 75% av utbtalinga for år 2018. Fordi Solund ynskjer å vera forsiktig i sine budsjettanslag og avvente justeringar til inntektssummar er stadfesta, har budsjettsummen vorte ei «reise» med mange justeringar på vegen. Sjå under ei nærare forklaring omkring denne reisa.

Kommentarar til tabellen:

- *R 19 - nær 7,0 mill.*
  Inntektene i år 2019, har ingenting med auksjonar å gjere, men heller knytt til auka lokalitetsbiomasse i perioden 1/9 2018 til 1/9 2019 å gjere. I den perioden hadde Solund den 3. de største veksten i landet.
- *OB 20 – 3,0 mill.*
  Solund har alltid budsjettert forsiktig. Det har berre vore lagt inne ei forventning om ei jamn inntekt i opphavleg budsjett og økonomiplan, ettersom det var dette som var intensjonen med fondet. Solund kommune har venta på at ei produksjonsavgift skulle verta innført. Auksjonane har det aldri vore budsjettert med ved inngangen til budsjettåra.
- *RB1 20 – 3,0 mill + auke 4.875 mill. + auke 9.484 mill. = tilsaman 17,359 mill.*
  Summane vart lagt inn slik, fordi framlegg til RNB la opp til 1,0 mrd. i inntekter til kommunesektoren på år 2020 og 2021, frå forventa auksjonar denne sommaren. Forliket var ikkje kjent då saka vart skriven.
  Ved Kommunestyret si handsaming var forliket kjent (auke til 2,25 mrd. på år 2020) og Kommunestyret endra vedtaket i møtet, til å auke inntektene med ytterlegare 9,484 mill.
- *RB2 20 – framlegg til auke i inntekter på 3,011 mill.*
  Denne siste auken er truleg ein konsekvens av at det vert sett av ein årleg buffer frå auka lokalitetsbiomasse, samt konsekvens av ordinær kapasitetsauke i perioden 1/9-19 til 1/9-20.

- *ØP 21 – 7,875 mill.*
  Dette er resultat av at 1,0 mrd. av auksjonssummane frå år 2020, skal utbetalast i år 2021. Avsatte midlar knytt til lokalitetsbiomassen er ikkje tatt med her.
  Produksjonsavgifta vert innført, men først med utbetaling til Havbruksfondet i år 2022.
- *ØP 22 og 24 – Produksjonsavgift 4,0 mill. + inntekter etter auksjonar (3,5 mill. + 2,1 mill.)*
  Dette er summar som er i tråd med konsekvensar av forliket i RNB i juni-
  3,5 mill. er forventa inntekter etter auksjonar 2. kvart år. Og grunnlaget var ei fordeling på 25% til Havbruksfondet (framlegg RNB). Etter forliket i RNB vart nøkkelen endra til 40%. Det aleine gjev grunnlag for auka inntekter på 2,1 mill. til Solund kommune.

Det er verd å merke seg at auksjonssummane i år 2018 var på 3,65 mrd. og på heile 5,975 mrd. i år 2020. Om det blir slike salssummar i år 2022 og 2024, vil Solund kommune kunna meir enn dobla sine forventingar om inntekter frå Havbruksfondet. Her følgjer altså administrasjonssjefen den same forsiktigheitslinje som tidlegare. Om dette kjem administrasjonssjefen tilbake til i budsjett og økonomiplanarbeidet.

Inntektene frå det statlege Havbruksfondet vert tilrådd auka med 3,011 mill. Av desse vert det tilrådd å overføre 1,5 mill. til investeringsføremål (Nytt Idrettshus). Det vil såleis verta tilrådd å auka avsetnaden til disposisjonsfondet med 1,511 mill.

Endring i netto finansutgifter (utbyte, renter og avdrag)

Både utbyte- og rentenivået har vore på det nivået som vart forventa og lagt til grunn for justeringa ved første tertialrapportering. Det er såleis ikkje grunnlag for å gjere endringar ved denne tertialrapporteringa.
Administrasjonssjefen legg heller ikkje opp til å gjennomføra nye investeringar som krev nye låneopptak i driftsåret. Det er såleis ikkje grunnlag for å justere budsjettet for avdrag.

I kommunen sitt budsjett ligg det no til grunn ei gjennomsnittleg lånerente på 1,2 % for 2020. Budsjettrentene som Kommunalbanken i dag tilrår nytta i kommunesektoren er:

	Norges Bank-anslag hentet fra Pengepolitisk rapport 2/20				Oppdatert 18.08.2020		
ÅR	NB anslag styringsrente	NB anslag påslag i pengemarkedet	NB anslag 3 mnd Nibor	Budsjettert lånerente ved bruk av NB anslag	FRA Markedet, (NIBOR 3 MND)	Bank margin-påslag på Nibor	Budsjettert lånerente ved bruk av markedsrenter
2021	0,00	0,40	0,40	*1,00*	0,37	0,6	*0,97*
2022	0,05	0,40	0,45	*1,05*	0,56	0,6	*1,16*
2023	0,35	0,40	0,75	*1,35*	0,77	0,6	*1,37*
2024	0,65	0,40	1,05	*1,65*	0,95	0,6	*1,55*

Det er ikkje grunnlag for å foreslå budsjettendringar på netto renteutgifter og avdrag i denne venda.

Avsetnader / bruk av avsetnader:

Ser ein bort frå disposisjonar knytt til auken i inntekter frå det statlege Havbruksfondet, så vert det forventa at avsetnader og bruk av avsetnader stort sett vil verta gjennomført slik som budsjettert.

Det vil riktignok koma til nokre forskuvingar med tanke på gjennomføringstidspunkt, men dette vil ein sjå nærare på i den førestående budsjettprosessen.

Inntektene frå Havbruksfondet i år 2020 er på kr. 20.369.549,53.
Dette er 3,011 mill. meir enn det Kommunestyret vart førespegla i juni. Det vert tilrådd å auke avsetnaden til disposisjonsfond med 1,511 mill. og å overføre 1,5 mill. til investeringsføremål.

Tilråding om å auka bruk av fond til realisering av driftsprosjektet «Fiber Hagefjorden-Kråkenes»:
Dette prosjektet fekk i si tid ei løyving på 0,6 mill. frå Fylkeskommunen. Samla finansieringsbehov var då rekna til 1,9 mill. Det var ein intensjon at dei private, leverandøren sjølv og brukarane, samla skulle bidra med om lag 1/3 part av totalkostnadane. Ved 1. tertialjustering løyvde Solund kommune 0,8 mill. til føremålet under desse føresetnadane.

Grunnlaget for at dei private skal yte så store bidrag, har synt seg å ikkje vera til stades.
Administrasjonssjefen tilrår at det vert løyvd 0,35 mill. ekstra til føremålet, for å få dette prosjektet realisert. Det vert då rekna med at om lag 12-14 brukarar vil yte eit tilskot på kr. 12.000 kvar, for at prosjektet skal vera fullfinansiert.

Tilråding om overføringa av 1,5 mill. til investeringsføremålet - Nytt Idrettshus:
Solund IL har meldt inn at dei til no har samla inn om lag 0,6 mill. av totalt 2,6 mill., som er det samla innsamlingsmålet. SIL ser føre seg å klare samle inn ytterlegare 0,5 mill. på relativt kort sikt.
Skal huset realiserast, slik det etter kvart er eit akutt behov for no, så må prosjektet verta fullfinansiert.

Men Korona-situasjonen har påverka dei fleste verksemder sine driftsresultat negativt dette året. Og det rår ei vesentleg usikkerheit om verksemdene i Solund sine overskot for komande år.
I Havbruksnæringa har dei i tillegg fått raude trafikklys å hanskast med.
Samla sett gjer dette det vanskeleg for SIL å få samle inn så store private bidrag som ein hadde håpa.

Behovet for å få dette huset på plass er etter kvart påtrengande.
Det vesle «Klubbhuset» som vart reist over natta før opningsdagen, kan berre romme noko smått lausøyre som fotballar, mindre friidrettsutstyr, o.l.; - og dette utstyret må i tillegg tole fukt. Eit lager som er tørt og som rommar større treningr- og vedlikehaldsutstyr må på plass for å unngå vanskjøtsel. Likeins er det ingen stad for omkledning, toaletttilhøve eller å søke ly for ver og vind, etc., korkje for brukarane av idrettsanlegget eller av andre som nyttar Draumeparken og naturen rundt. Ved kvart arrangement må arrangøren i dag leige toalettfasilitetar ved Grendahuset. Avstanden gjer at «snarvegar» fort vert tatt i bruk for å løyse påtrengande situasjonar.

Eit konkurransegrunnlag for bygging av nytt idrettshus ligg no på Doffin-basen. Den 21. oktober er tilbodsfristen. Fleire leverandørar har meldt si interesse. Dette borgar for at det kan verta mogleg med byggestart i januar. Men forhandlingar kan ikkje gjerast ferdig og kontrakten kan ikkje skrivast, før anlegget er fullfinansiert.
Solund IL er 50 år i år. Dei har gjort og gjer ein fantastisk jobb for samfunnet.. Å kunna avlasta SIL og sikre oppstart i jubileumsåret, kan vera ei fin jubileumsgåve.

Klarar SIL å samle inn ytterlegare 0,5 mill. innan utgangen av november, er det trong for å løyve 1,5 mill. Innan Kommunestyret skal handsame denne rapporten, vil ein få vita om dette målet vert nådd.
Administrasjonssjefen meiner at å nytte min. 1,5 – 2,0 mill. av dei ekstra midlane til å få realisert det planlagde Idrettshuset, er i tråd med den opphavlege intensjonen for bruk av slike midlar; - til samfunnsnyttige føremål som kjem alle innbyggjarane i Solund til gode.

Oppsummert om status og utvikling i kommunen sine disposisjonsfondsreservar:

Status og utvikling i frie fondsmidlar								
2.56 - Disposisjonsfond		**31/12 2019**	**Endring 2020**	**Endring 2021**	**Endring 2022**	**Endring 2023**	**Endring 2024**	**Saldo 31/12 2024**
8202	**Inntekter frå statleg Havbruksfond**	-17 382 334						
	Produksjonsavgift				-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	
	Auksjonar		-17 359 000	-7 875 000	-3 500 000		-3 500 000	
	Auka inntekter auksjonar etter forlik RNB		-3 011 000		-2 100 000		-2 100 000	
	Vedtatt bruk i investering:							
	Finansiering ny skule		8 495 619					
	Finansiering Kvernhusvika / asfaltering		2 750 000		1 850 000			
	Finansiering andre investeringar		300 000					
	Framlegg - overf. til Nytt Idrettshus		1 500 000					
	Vedtatt bruk i drift:							
	Bruk i drift generelt		3 900 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	
	Samfunns- og næringsutvikling		300 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
	Marine grunnkart (ansvar 800)		200 000	200 000	200 000			
	Klima- og miljøplan (ansvar 110)		250 000					
	Eigendelar mobil (ansvar 800)		300 000					
	Nettdekning heile kommunen (ansvar 800)		1 700 000					
	Finansiering fiber Hagefjorden		800 000					
	Framlegg auka løyving fiber Hagefjorden		350 000					
	Korona - samfunns- og æringsutvikling (ansvar 805)		1 000 000					
	Saldering generelt disp.fond		483 283					
	Saldering flyktningprogram		365 637					
	Til andre prosjekt og føremål				1 050 000	1 000 000	200 000	-21 632 794
8201	Utviklingsfond	-6 000 000						-6 000 000
8228	Veg til Tangenes/Leirvika	-600 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-1 600 000
	Andre disposisjonsfond:							
8200	Generelt disposisjonsfond	483 283	-483 283					0
8226	Intergreringstilskot flyktningar	365 637	-365 637					0
8233	Bonitering i sjø Valen	-50 000	50 000					0
8234	UNESCO Global Geopark	-100 000	100 000					0
8235	Heilårsbasert reiseliv	-100 000	100 000					0
Disposisjonsfond 2 56 08 0700			**1 525 619**	**-2 875 000**	**-1 700 000**	**1 800 000**	**-4 600 000**	
Sum fondsreservar		**-23 383 413**	**-21 857 794**	**-24 732 794**	**-26 432 794**	**-24 632 794**	**-29 232 794**	**-29 232 794**

Som det går fram av tabellen ovanfor, så har Solund kommune pr. 31/12 2019 heile 23,4 mill. på frie disposisjonsfond. Etter påfyll og bruk i år 2020, så vert denne summen netto redusert med 1,5 mill., etter bruk av midlar mot både Ny skule, veg til Kvernhusvika, Idrettshus, investering i nettdekning og fiberprosjekt, Korona-tiltak, satsing på samfunns- og næringsutvikling m.m. Fram mot 2024 vert fondet auka med om lag 7,5 mill. og saldo på disposisjonsfonda vert då pr. 31/12-24 om lag 29,2 mill.

Det vert tilrådd å auke avsetnaden til disposisjonsfond med 1,511 mill.
Det vert tilrådd å overføre 1,5 mill. frå drift til investeringsrekneskapen – øyremerkt Nytt Idrettshus.
Det vert tilrådd å bruke 0,35 mill. av disposisjonsfond til driftsprosjektet Fiber Hagefjorden-Kråkenes.

Til fordeling drift:

Held ein utanom den særskilte Korona-situasjonen, og reknar med at det vil koma 100% inndekning i statlege skjønsmidlar til desse meirutgiftene, så tek Administrasjonssjefen sikte på å halde driftsnivået om lag på same nivå resten av året, slik som det vart lagt etter 1. tertial.

Det er heller ikkje rom for å auke driftsnivået på lengre sikt, om ein reknar med kva som vil verta dei kommunale rammevilkåra i framtida.
Dette vil det verta meir fokus på i budsjettprosessen denne hausten.

Om Solund kommune sine mål og måloppnåingar

Administrasjonssjefen vil denne hausten og vinteren arbeide vidare med å forankre og implementere i drifta dei målformuleringane som no er nedfelt i den nye samfunnsdelen av kommuneplanen.
For politisk nivå har arealdelen no stor fokus. Det er likevel viktig å prøve få avstemt politisk nivå sine ynskje om prioriteringar i drifta, mot det som faktisk skjer der i drifta i dag. Likeins er det viktig at ein set av tid til å gjennomgå og revidere den vedtekne investeringsplan.

Mål vs. budsjett drift og investering
Til målformuleringar følgjer det ofte med ei løyving, slik at ein har nokre ressursar til å arbeide med i den daglege drifta, for å koma seg fram til målet.
I investeringsrekneskapen manifesterer måla seg i konkrete løyvingar på einskildprosjekt.

Om måloppnåing:
Det er ikkje vesentlege avvik å melde i drift og investering ved denne korsvegen i den jamne drifta.
Måla ein har sett seg, vert i stor grad nådd.
Men Koronaen har skapt og skaper endringar og avvik, særleg innan Helse- og omsorgsektoren. Dette blir nærare omtala i kapitla under, ved dei einskilde driftsområda

I avsnitta ovanfor er overordna økonomiske føresetnader vurdert.
I det vidare følgjer rapportar på det einskilde rammeområde, som gjev grunnlag for å vurdera om måla vert nådd og økonomiske rammer haldne.
Det vert vist til avsnitt om investeringar, omkring måloppnåing for dei ulike prosjekta kommunestyret har vedteke for dette driftsåret (og for tidlegare år).

Endelege evalueringar av måla / drifta, vert gjort i samband med årsavslutninga.

Kommentarar til den daglege drifta

I det vidare vert det kommentert ein del avvik i drifta pr. 2. tertial.
Det er berre avvik som er over kr. 25´ som vert kommentert.
Går drifta som normalt, vert det ikkje rapportert noko.

Det reviderte budsjettet er stramt, men inneheld likevel det forskriftsmessige kravet til at det skal vera «oversiktleg, fullstendig, realistisk og i balanse».
Det er all grunn til å tru at både innbyggjarar og brukarar, også etter denne revisjonen, vil nyte godt av eit svært godt tenestetilbod i Solund kommune.

Forskriftene seier at når det vert vedteke endringar i driftsåret som påverkar seinare års driftsnivå, så er det krav til at økonomiplan skal endrast. Dette er eit svært godt og sunt prinsipp.
Fordi både budsjett 2020 og økonomiplanen for komande år, skal handsamast vidare i påfølgjande møter fram mot desember, har alle avdelingsleiarane vorte orientert om at ekstra løyvingar ved denne tertialrapporteringa ikkje vert vidareført til år 2020. Kvar budsjettansvarleg skal ev. saman med administrasjonssjefen, arbeide med å finne løysingar slik at gjeldande rammer for år 2020 vert haldne.

Dette vil verta utgreidd og handsama nærare i budsjettprosessen denne hausten.

Om OU-prosessen.

Det ert vist til 3 milepælsrapportar knytt til denne prosessen.

Trass i Kornaskjær i sjøen, så har Solund kommune lukkast med å koma veldig langt med denne prosessen. Ein ny organisasjonsmodell er allereie presentert for Formannskapet, med mange gode endringar og innovative løysingar. Oppvekst og kultur har jobba fram ein samarbeidsmodell som må reknast å vera i forkant av den nasjonale utviklinga.
Del 2 av prosessen, «Meistringsorientert leiing» er nyleg starta opp. Her skundar ein seg langsamt, i påvente av at leiarteamet skal verte komplett.

Likeins har Solund fått eit positivt førehandsvarsel om at vi vil få OU-midlar til å køyre ein påkoplingsprosess (del 3) mot Helse- og omsorg, nemnt som Solundmelding 21 «Meistring heile livet». Her blir satsingane i St.meld 15 – Leve heile livet og St.meld. 6 – Tidleg innsats kopla saman og det er meininga at samarbeidet på tvers skal manifestere seg i ein nyskapande aktivitetsarena nord for Solund helsetun.

Prosessen skal munne ut i at vi får satt ein organisasjon og ein kommune som har fokus- og er best på samarbeid og samhandling på tvers; - internt, så vel som på tvers av privat og offentleg sektor.
«Vi skaper framtida i lag», er overskrifta på Samfunnsdelen av kommuneplanen. Dette er det OU-prosessen handlar om, og dette er det Solund kommune er nøydd å få til, om ein skal makte å forbli som eigen kommune inn i framtida.

Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430

Politikk og administrasjon, stabs- og støttefunksjonar, herunder overordna Plan / Miljø / Næring, Folkehelse, Flyktningar, Bibliotek, Frivilligsentral og Gjenbruket

Ansvar 100 – politikk, administrasjon, overordna personalarbeid, fellesutgifter, m.m.:

I starten av tertialet fekk vi ein vakanse på personalavdelinga. Gjennom OU-prosessen forsøker administrasjonen å løyse dagens arbeidsoppgåver innanfor dei eksisterande ressursane, førebels utan nytilsetting. Ein koplar løn og personal tett saman og kan sjå to nært tilstøtande fagfelt under eit. Klarar administrasjonen det vil ein hente inn eit mangeårig for høgt driftsnivå på ansvarsområdet.

Vidare går det mot meirforbruk av tilskot til førstegangs bustadetablerarar stipulert til kr. 200' grunna fleire søkjarar enn forventa. Dette vert dekka inn dels med vakansar og dels med refusjon frå sluttoppgjer etter opphøyr av Kryssrevisjon.

Kommunehuset var stengt for besøkande grunna Korona, men har opna opp att med ein del smittevernstiltak som medfører noko auke i utgifter, mellom anna til forsterka reinhald.

Det kan med nemnde føresetnader gå mot balanse ved årsslutt ved dette rammeområde.

Ansvar 110 – Overordna Plan, miljø og næring:

Planarbeid
Samfunnsdelen er vedteken og arbeidet med arealdel går jamt og trutt framover. Med bakgrunn i at kontrakten om kommuneplanarbeid med Norconsult berre går fram til 1. høyring, og det truleg er behov for rådgjeving også etter høyringa kan det vere behov for tilføring av økonomiske midlar til

arbeidet med arealdelen i løpet av hausten/ vinteren. Mengda innspel som kjem inn i høyringa og korleis desse skal handterast, styrer kor mykje rådgjeving det er behov frå eksternt hald. Inndekning vil då skje ved å bruke av unytta løyving til arbeidet med Klima- og miljøplan.

Planstrategien legg opp til at oppstarten på arbeidet med ein Klima – og miljøplan vert skuva fram til 2. halvår 2021. Det betyr at det er trong for å overføre løyvinga til neste år. Det kan også verte aktuelt å løyve nokre ekstra midlar til dette arbeidet på neste års budsjett når ein ser kor mykje av klima- og miljøplanmidlane ein lyt nytta for å koma i mål med arealdelen i kommuneplanarbeidet .

Arbeidet med kommunal planstrategi er kome godt i gang, og det er forventa slutthandsaming i desember 2020.

Næringsutvikling
Dette arbeidet held framt som vanleg, i tillegg til tiltaka som vart sett i verk i samband med Korona.
Kultur og friluftsliv
Klatreparken som 1 av 5 spelemidelsøknader fekk midlar i 2020. Dei andre 4 søknadane (tursti Grønehellaren, bordtennisbord Solund skule, Solund idrettshus og tursti Sognesjøhytta) er godkjende og vil få midlar, men tildelinga vil trekke ut i tid.
Uteområdet ved Sognesjøhytta er ferdigstilt. Turstien til Sognesjøhytta skal ut på anbod, og denne prosessen er planlagt skal settast i verk i løpet av hausten.

Viltforvaltning
Forvaltingsplan for grågås er planlagt skal ha slutthandsaming i desember 2020.

Korona
Det har vore jobba ein del opp mot næringslivet i samband med Korona, og spesielt saman med reiselivsnæringa for å sikre betre vilkår til besøkssesongen 2020.

Økonomi
Bortsett frå arbeidet med kommuneplan, så er det ingenting som tyder på at ikkje ansvar 110 skal gå i balanse ved årsslutt.

Det verte forventa balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt. Unytta løyving til Klima- og miljøplan vert å overføre til neste år.

Ansvar 120 – Fjordane Friluftsråd:

Drifta går stort sett som normalt/budsjettert, men vi har hatt mykje drift med tilsett personell i sommar, med 4 ekstra tilsette. Nokre kun på friluftsskular, andre i kombinasjon friluftsskule og strandrydding. I tillegg tilsette vi prosjektkoordinator på strandrydding i 80% stilling frå 01.05 som overlappa eksisterande prosjektkoordinator som fortsatte til 01.06. Frå 01.06 tilsette vi prosjektmedarbeider på friluftsskular, strandrydding og som båtførar i 50% stilling. Frå januar til mars hadde vi 1 tilsett delvis løna gjennom NAV for å utføre forvaltningsregistrering samt vere med på strandrydding.
Midlar til desse stillingane er henta frå tilskot friluftsskular Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Fylkeskommunen, samt frå Miljødirektoratet på strandrydding. I tillegg har vi tilsett ein prosjektmedarbeider på midlar frå Handelens Miljøfond i 100% stilling frå 01.07, i 1 år. Frå 01.09 vil prosjektkoordinatoren gå i 100% stilling. Det betyr at vi samla har 3,5 stillingar. Med sommerarbeidere samla 12 veker, og 1 tilsett i nesten 3 mnd. har vi ca 4,5 årsverk (gjennom året totalt 10 tilsette)

KORONAEN

Korona har påverka oss med meir informasjontiltak mot medarbeidarar, samarbeidspartnarar og publikum. Vi har måtta avlyse ein del arrangement med skuleklassar, innleigd båtmateriell m.m, men har synleggjort behovet for å behalde midlane frå Miljødirektoratet. Vi har klart å drifta mykje takka vere eige mannskap, sommararbeidarar og planlagt for aksjoner med familiar m.m.
Kraftig redusert reiseaktivitet til møte rundt omkring i landet har ført til innsparing av kostnader og mindre miljøavtrykk, fly, tog, buss, båt, hotell etc. og ført til meir driftstid lokalt. Vi har stort sett hatt samling på kontor, men også noko bruk av heimekontor. Under feltarbeid må vi arbeide med folk vi kjenner og organiserer grupper som elles er ilag som ein «familie», som t.d. United World College i Fjaler, som heile tida er i lag og kan betraktast som ein «familie».

STRANDRYDDING

Vi har tilsett prosjektkoordinator på strandrydding i 80% stilling frå 01.05 som overlappa eksisterande prosjektkoordinator som held framt til 01.06. Frå 01.06 tilsette vi prosjektmedarbeider på friluftsskular, strandrydding og som båtførar i 50% stilling.
Midlar til desse stillingane er henta frå tilskot friluftsskular frå FL og Fylkeskommunen, samt frå Miljødirektoratet på strandrydding.

Lønna sommarmedarbeidarar, totalt 4 personar, som har fått 3 veker kvar.
Budsjettet er kr.2.400.000,- for 2020 og kr.700.000,- for 2021. Vi budsjetterer med å ha den tilsette ut februar 2021. Vi har pr.dags dato forbrukt kr.1.010.000,- av denne posten, men har mykje kostbare driftsaksjonar utover hausten samt rekningar som kjem til for allereie utført arbeid. Vi budsjetterer med å balansere rundt 31.12.

Strandrydding - Utdrag av prosjektkoordinator sin rappportering til Miljødir. 11.09.20;

«Ettersom det ikke har vært mulig å planlegge og legge opp til større frivillige strandryddeaksjoner pga. coronasituasjonen, i hvert fall ikke fra våren av og utover forsommeren/sommeren, og alle planer vi hadde lagt for sommer i vinter/vår måtte avlyses eller gjøres om, har vi gjort alternative tiltak og delvis endret fokusområde noe. Et av de aller viktigste punktene der har vært at vi, selv om ikke folk kan samles for større aksjoner, ivrig har motivert og rådet publikum til å strandrydde enkeltvis eller med sin nærmeste familie/de man bor sammen med. Vi har sett at det har vært en forholdsvis populær aktivitet under situasjonen i vår. Vi har, for å få ut dette budskapet hatt motivasjonskampanjer og aktivt brukt nasjonale kampanjer som Hold Norge Rent sin #liekfinsomfør og "Høstens Store Ryddedugnad. Vi har også dreid fokus noe mot den delen av prosjektet vårt som går på profesjonell rydding (i utsatte områder/verneområder/av store ting) ettersom dette har vært enklere å legge til rette for mtp. smittevern.

Vi har lagt til rette for økt frivillig rydding av enkeltpersoner og familier ved blant annet å sette ut flere kontainere. Bremanger kommune har fått to nye faste kontainere, både i Leirgulen og på Hauge, Askvoll kommune har fått en ny fast kontainer på Herland på Atløy og et av våre nyeste medlem Stad kommune har fått tre faste kontainere til eierløst marint avfall; på Eid, på Bryggja og ved Drage på Stadlandet. I tillegg til de faste kontainerne (nye og gamle) har vi også hatt ute kontainere på Askrova, Reksta, Skorpa, Batalden, Årebrot og Kvalheim, hvor de enkelte frivillige har kunnet bli kvitt det de plukker i sitt nærområde. Utstrakt bruk av kontainere for frivillige er noe vi har god erfaring med og vi vil videreføre og forsterke dette også i de kommende kvartalene av prosjektet.

Kystlotteriet er også en måte å motivere til frivillig rydding, også enkeltvis, som vi har god erfaring med. I tillegg til den nasjonale trekningen har vi her også planlagt en regional trekning for tidligere Sogn og Fjordane (prosjektområdet vårt). Vi har ellers oppdatert alle eksisterende og utvidet antall utstyrsdepot for ryddeutstyr (sekker + lodd fra Kystlotteriet og hansker) i områdene våre også for å gjøre rydding for enkeltpersoner enklere. Vi hadde også besøk av to filmskapere og representanter fra Kystlotteriet i sommer. Dette var såpass seint på sommeren at vi faktisk fikk arrangert noen større ryddeaksjoner med frivillige, og vi tok disse filmskaperne med til noen av de mest aktive rydderne vi har i våre områder. Disse fortjener all oppmerksomhet de kan få rundt sitt engasjement, og nå blir det lagd noen kortere filmsnutter om dem fra Kystlotteriet sin side.»

FRILUFTSSKULAR
Gjennomført 2 skular, 4 avlyste p.g.a for låg påmelding. Balanse på utgifter/inntekter, men må bu oss på tilbakebetaling av overskotsmidlar frå Vestland Fylkeskommune.

DRIFT FRILUFTSRÅDET
Vi har her motteket kr.400.000,- frå VFK til drift, ca kr.200.000,- frå FL, men FL har gjort vedtak om ekstraløyving med kr.30.000,- p.g.a 2 nye medlemskommunar Stad og Stryn. I tillegg er det søkt Visit Fjordkysten om ekstramidlar p.g.a behov for ny stilling som seniorrådgjevar friluftsliv. Her kan vi ikkje forvente svar før midten av nov. Uansett har medlemskommunane gått inn med sine kontigentar med unntak av Stryn som nyleg vart tatt opp som medlem.

Det kan gå mot eit driftsoverskot pr.31.12. Både driftsoverskot- og underskot vert saldert mot eit eige bunde fond og avrekning vert ev. gjort mot å innkalle ekstra midlar frå alle deltakarkommunane. Botnlina vil såleis alltid vera kr. 0 ved årsslutt.

Det vert balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 130 – samferdsle, bustader, m.m.

Det er no leigd ut 3 einingar i omsorgsbustadane, men gjennom mesteparten av tertialet har det berre vore ein leigetakar. Grunna god dekningsgrad på andre kommunale husvære og styrking gjort etter 1. tertial forventar ein samla sett å komme i land med husleigeinntektene.
Det er også fleire andre som har vist interesse for omsorgsbustadane.

Det er inngått ein avtale med fylkeskommunen om kostnadsdeling for reinhald av venterommet på Krakhella, og ein får dermed dekka reinhaldskostnadene der, dvs. om lag kr. 75’ for pr. år.

I 1. tertial vart det sett av midlar til ein portal for ledig husvære i samarbeid med private aktørar. Til no har behovet vore motsett. Vi annonserer ledige husvære fortløpande på «Solund Nyheiter», og dei har stort sett fort blitt opptatt. Servicekontoret har hatt ei liste over personar som har vore i kontakt med kommunen fordi dei ynskjer husvære, og når vi har fått vite om noko er ledig, har vi kontakta dei aktuelle. Det har vore fleire på «venteliste» enn det var ledige husvære sidan 1. tertial, men det ser no ut som om alle som har vore i kontakt med kommunen har fått seg husvære. Arbeidet med å annnonsere for ledige husvære vert difor meir aktuelt utover hausten, men heile løyvinga på 60’ blir neppe brukt.

Det går mot eit overforbruk av 100’ til opsjonskostnader for lokale båtruter. Her er det budsjettert med for låg kostnad. Dette kan verte dekka av meirinntekter på husleige og refusjon av reinhaldskostnader på venterom Krakhella.

Det kan med nemnde føresetnader gå mot balanse ved årsslutt ved dette rammeområde.

Ansvar 140 - Folkehelsearbeid

Det er ikkje meldt om avvik ved denne tenesta ved denne korsvegen.
Administrasjonssjefen ynskjer å legge dette tenesteområdet inn i den nye Samfunns- og næringsutviklings avdelinga.

Det vert forventa balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 150 – Flyktningarbeid

Ansvaret for flyktningtenesta er overført til NAV – ansvar 300. Kostnadane med det forlenga / skuvde introduksjonsprogrammet løper fortsatt ved dette ansvarsområde.
Det er ikkje meldt om avvik ved denne korsvegen.

Det vert forventa balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 410 – Bibliotek

Bibliotektet var stengt ein periode grunn Korona, men har opna igjen. Driftsutgiftene har likevel løpt som normalt.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 420 – Frivilligsentral

Alle aktivitetar og arrangement i regi av Frivilligsentralen vart avlyst grunna Korona. Driftsutgiftene har likevel løpt som normalt. Arrangementsutgifter er i aller meste finansiert med tilskot eller fondsmidlar, og det er såleis ikkje pengar spart ved dette ansvarsområde likevel.
Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 430 – Gjenbruket; - herunder Turistinformasjonen

På grunn av Covid-19 viruset måtte Gjenbruket i mars stenge ned sine aktivitetar, men heldt ope for særskilte grupper (PU og psykisk helse). Det vil sei at Flittige hender som var på Solundheimen vart flytta til Gjenbruket. Inntekta til Gjenbruket vart då nokså redusert fram til ein fekk opne oppatt mai/juni. I sommarsesongen har det vore høg aktivitet og inntektene har vore gode, men det er vanskeleg å sei på noverande tidspunkt korleis resultatet for året vert samla sett.

Etter sommaren vart ein einig om at Flittige hender skal halde fram å vere på Gjenbruket, då brukarane av Flittige Hender synest det var svært positivt å vere der. Ein har auka tilbodet frå ein til to dagar som igjen medfører at Gjenbruket er ope måndag til laurdag. Dette er gjort i eit samarbeid med psykisk helse. I dag er det prosjektmidlar som vert nytta til ein del av lønnskostnadane. Dersom dette tilbodet skal halde fram, vil ein i 2021 ha behov for å auke ressursane på Gjenbruket eller til Flittige hender.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 200
Solund barnehage

Tertialet starta med 29 barn. 4 barn byrja på skulen i kvartalet, 5 nye har fått tildelt plass og 1 har sagt opp plassen. Vi avslutter ut frå det kvartalet med 29 barn, stabilt! Det vert drifta med tre avdelingar, og personalressursar er tilfredstillande ut frå tal barn no. Det kan verte behov for ekstra ressurs knytt til utfordringar og behov, i så fall vil ein kome attende til det.

Det har vore to plandagar i tertialet før oppstart av nytt barnehageår 12/8-20.
Det er halde eit møte i Samarbeidsutval i perioden (informasjon om OU prosess og kort evaluering av våren frå alle partar i utvalet).

Korona
Korona tiltak med nulltoleranse for sjuke barn og tilsette gjev auka fråvær. Både tilsette og føresette tek dette på alvor og føl opp.

Solund barnehage vert no drifta på gult nivå, jmfr «Veileder om smittevern». Ein del tiltak er gjort, knytt til styrka reinhald, interne rutinar samt inndeling i kohort. Ut frå barnetalet og måten vi er organisert på, har vi 2 kohortar, 1 i kvar etasje. Desse 2 kan kun samarbeide korte økter om dagen (inn til 15 min), dette medfører ein del utfordringar, spesielt i endevaktene.
Barnehagen er tilbake til vanleg opningstid no.

Det vart i formannskapet fatta vedtak om tre veker somarstengt barnehage med opent for barn med foreldre i samfunnskritiske funksjonar. Dette vart gjennomført med to tilsette tilstade kvar dag. Vanlegvis vert det teke ut ein del ferie for tilsette om våren, og i snitt 4 veker pr tilsett i løpet av somaren. I år vart det ikkje slik, og ein starta nytt barnehageår med ein rest på 25 veker ferie.
Det har vore auka utgifter i høve utlån av tilsett til ei anna eining.

Så er det slik at vi kan ta med oss ein del positive moment og erfaringar frå den perioden vi har bak oss:

- Redusert opningstid gav opp mot full bemanning heile dagen. Dette var eit gode for barna og spesielt barn med spesielle behov. Med alle tilsette på plass samstundes gav det gode muligheter til å sjå, kartlegge, observere og arbeide med det enkelte barn. Barna hadde gode kvardagar prega av tilsette som hadde tid og som var tilstades i heile åpningstida og som ikkje måtte løyse praktiske oppgåver undervegs i dagen.
- I perioden der vi var på raudt nivå, jmfr «Veilerer om smittevern», hadde vi ein fast tilsett på kjøkken. Denne tilsette tok seg av alt det praktiske i høve matlaging, reinhald, vaskerom etc, dette er arbeid for ein tilsett i 100% stilling som vanlegvis vert fordelt ut på alle tilsette. Dette frigjorde mykje tid hos dei andre tilsette som dei kunne bruke saman med barna. Det er og kome positive tilbakemeldingar på dette i foreldregruppa, og det vart teke opp i SU både av forldre og eigar.
- Auka fokus på reinhald i løpet av ein barnehagedag gir oss «friskare» barn og tilsette.

Forventa avvik 31/12:
For at eininga skal gå i balanse ved årsslutt krevst det mest truleg tilbakeføring av ekstrautgifter som resultat av tiltak i Korona tida. Det er søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen til å få dekka meirutgiftene knytt til Korona.

Held ein utanom meirutgiftene, vil dette ansvarsområdet få eit mindreforbruk ved årsslutt. Men det er grunn til å tru at det ikkje vert gitt full utgiftsdekning for dette. Ein vonar likevel at inndekninga vert så stor at ein kan oppnå balanse ved årsslutt.

Det kan med nemnde føresetnader gå mot balanse ved årsslutt ved dette rammeområde.

Ansvar 210
Solund barne- og ungdomsskule

Status
Budsjettet vil vere i balanse ved årets slutt, om ikkje det skjer uventa hendingar no på slutten av året.

August 2020 er det 77 elevar ved skulen. Det er tilsette 3 nye lærarar i totalt 3 årsverk, totalt er stillingsheimelen ved skulen redusert med ca 1 årsverk samanlikna med august 2019.

Ved skulen er det fleire utviklingsprosjekt. Dette er prosjekt som utviklar systemarbeidet både internt på skulen og med andre samarbeidspartar. Likeins bruken av digitale ressursar og ikkje minst korleis utvikle eleven sitt læringsutbytte. Det å utvikle eit positivt elev-/læringsmiljøet har fokus i ulike samanhengar og arena.

Korona
Smitteverntiltaka er på gult nivå. I praksis er dette nær normal skulekvardag. Det som avviker frå normal skulekvardag er

- at uteområdet er inndelt i soner der elevgruppene har sitt område i friminutta
- forsterka reinhald midt på dagen der flater som vert teke på ofte vert vaska av reinhaldar
- at kantina på ungdomskulen ikkje vert nytta til fellesmåltid eller opphaldsrom for heile ungdomskulegruppa
- fellesmåltida vert servert porsjonsvis i klasseromma til elevane
- foreldremøte vert gjennomført fysisk og klassevis, kun ein forelder som kan møte. Nokre trinn kjem til å tilby/prøve ut at foreldre kan delta på TEAMS.
- Foreldresamtalar vert gjennomførte med fysiske møte, med tilbod om samtale på TEAMS

Vi har brukt erfaringane vi gjorde denne våren til å førebu oss til ein situasjon der det vil vere behov for heimeundervisning der lærar eller elev er i karantene.

Vi møter utfordringar med at elevane på fritida er saman i andre grupperingar enn det vi må halde på skulen. Dvs at det er vanskeleg å forstå at på skulen må det haldast avstand sjølv om dei er saman på fritida.

Økonomisk har skulen meirkostnad på reinhald, teknisk utstyr til bruk for heimeundervisning og utvida bruk av digitale undervisningsressursar/lisensar.

Skuleutvikling
Skulehelsetenesta.
Systemsamarbeidet med skulehelsetenesta vert vidareutvikla. Frå august har helsesjukepleiar kontor på ungdomskulen med fast møtetid for ungdom. Helsesjukepleiaren rullerer på å delta på teammøte med dei ulike hovudtrinna.

Psykologstillinga.
50 % av stillinga til psykologen er retta mot barn og unge, og skulen er saman i prosessen med å skape innhald i dette arbeidet. Psykologen har vore i møte med både personal- og foreldregruppa.

Pedagogisk Psykologisk Teneste.
PPT er inne på skulen på faste tidspunkt med rettleiing og systemarbeid. Ressursgruppe er oppretta frå august og har som formål å rettleie og gje kompetanse til personalgruppa.

Lektor2.
Skulen deltek i Lektor2-programmet, som handlar om at skulen samarbeider med arbeidslivet om undervisning i realfag. Ved å løyse oppdrag for ei bedrift skal elevane få innblikk i realfag brukt i arbeidslivet, auka læringsutbytte ved å delta i praktisk arbeid og gjerne få motivasjon og interesse for realfaga. Skulen kan motta økonomisk støtte i 3 år og vil i perioden få kompetanseheving. Meir om ordninga er å finne https://www.lektor2.no/

Kompetanseheving.
Tre tilsette er under utdanning, derav to gjennom stipendordning frå UDIR.
Skulen har lærling i barne- og ungdomsarbeiderfaget og skal ha student i praksis i november.
Tyskgruppa på 8.trinn har TEAMS-undervisning i faget. Dette fordi det ikkje lukkas å få tilsette med ønska kompetanse.

Digital pedagog
Det å ha ein tilsett i personalgruppa som har ansvar for utvikling og rettleiing opp mot digitale ressursar er skuleutvikling. Digital pedagog har mellom anna medansvar for å sjå til IKT utstyret på skulen, legge til rette for kompetanseheving i bruk av det digitale verktøyet og er direkte med i rettleiing og undervisningsopplegget opp mot elevane.

Programmering
Juni 2020 fullførte ein av våre lærarar vidareutdanning i programmering. Skulen tilbyr programmering som eit våre valfag. Denne kompetanse kvalifiserer til å søkje om økonomisk støtte til utstyr. Skulen søkte om dette skuleåret 2020 – 2021, men fekk avslag. Programmering er noko av det nye i fleire av dei nye læreplanane.

Nye læreplanar august 2020
Nye læreplanar tok til å gjelde for 1.-9.trinn august 2020. 10.trinn skal følgje dei gamle læreplanane. Tilsette ved skulen har brukt dei siste to skuleåra til å førebu seg på nye læreplanar. Forlaga har i ulik grad kome med nye læreverk og vi venter difor med å kjøpe nye læreverk, Vi bruker det vi har og fyller på med digitale læringsressursar. Kompetansemåla står i sentrum og skal verte nådd gjennom djupnelæring, med mellom anna praktisk og tverrfagleg arbeid.

Saker i SU/SMU
Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet har hatt sitt 1.første møte dette skuleåret. Saker som ma vert drøfta er arbeidet med elevmiljøet, erfaringar med heimeundervisning, nytt skulebygg og OU-prosessen.

Det vert forventa balanse ved årsslutt ved dette rammeområde..

Ansvar 220

Overordna ansvar for barnehage, skule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring knytt til introduksjonsprogrammet, norskopplæring for vaksne, skuleskyss og reinhald idrettsbygg.

Samla sett ligg ansvarsområdet an til eit mindreforbruk på om lag 50 000 kr. Dette er knytt til mindreforbruk grunna koronasituasjonen.

Administrasjon
Stillinga som skule- og barnehagefagleg ansvarleg ligg til dette området. Stillinga har det overordna faglege ansvaret for oppvekstsektoren og er både skuleeigar, barnehageeigar og barnehagemyndigheit. Dette er det første heile driftsåret med skule- og barnehagefagleg ansvarleg i 100% stilling. Området ser førebels ut til å gå i balanse.

Vaksenopplæring
For tida er det to elevar på vaksenopplæringa på dagtid. Det har vore knytt to stillingar til dette, begge på om lag 50%. Frå hausten vart begge stillingane vakante, og det vart gjort tilsetjing i 100% stilling. Stillinga har både undervisninga på dagtid og norskkurs på kveldstid. Frå september vart det starta opp norskopplæring for vaksne på kveldstid, med eit kurs for nybyrjarar og eitt for vidarekomne. Det er totalt 18 påmelde til kursa. Området har noko overforbruk på løn knytt til etterbetaling. I tillegg vert tilskot frå staten knytt til vaksenopplæring mindre enn forventa, noko som fører til eit overforbruk på om lag kr 200 000.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
Oppvekstsektoren deltek i det interkommunale samarbeidet Ytre Sogn og Sunnfjord PPT. Gjennom dette får ein tilgang til ulik kompetanse frå PPT. Området ser ut til å gå i balanse, eventuelt med eit lite mindreforbruk.

Reinhald idrettsbygget
Stillinga som reinhaldar i idrettsbygget vart vakant frå 1.april. Grunna korona var bygget stengt fram til september. Det vart tilsett ny reinhaldar med oppstart 1.september. Området får eit mindreforbruk på om lag kr 140 000 grunna vakanse i stillinga.

Skuleskyss
Til dette området ligg skuleskyss for grunnskuleelevane i kommunen. Grunna mindre skuleskyss i mars, april og mai, i tillegg til færre elevar som nyttar skuleskyss ligg det an til eit mindreforbruk her, på om lag kr 100 000.

Prosjektstilling oppvekst – inkluderande oppvekstmiljø
Arbeidet med inkluderande oppvekstmiljø heldt fram, og er eit viktig satsingsområde for oppvekstsektoren. Frå 20.april og fram til sommaren var stillinga omdisponert til barnehagen, grunna ekstra behov for personell der. Området ser ut til å gå i balanse, eventuelt med eit lite mindreforbruk.

Særskilt om korona-situasjonen
Utbrotet av korona har medført ein del mindreforbruk på ansvarsområdet. Stillingar har stått vakante over lenger tid enn dei elles ville gjort. Det gjeld både på vaksenopplæringa, som var stengt frå 13.mars til slutten av mai og reinhald i idrettsbygget. Idrettsbygget var stengt frå 13.mars til byrjinga av september. Stenginga av skulen førte også til mindre utgifter til skuleskyss enn normalt. Det er likevel viktig å få fram at dette er ekstraordinære innsparingar som ein ikkje ville hatt i ein normalsituasjon. Innsparingane dette året fører såleis ikkje til innsparingar neste budsjettår.

Særskilt om Ou-prosessen for oppvekstsektoren
Eit overordna mål i ou-prosesssen er å få til ein heilskapleg oppvekstsektor som både er berekraftig og bruker kompetansen i kommunen på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Oppvekstsektoren har hatt ei eiga arbeidsgruppe i ou-prosessen, som har vore samansett av både leiarar, tillitsvalde, spesialpedagog og prosjektstillinga.
Barn og unge i Solund skal få ein best mogleg oppvekst. Tidleg innsats er eit viktig stikkord her, det vil seie at barn og unge skal få hjelp på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Dette er også eit satsingsområde

frå sentralt hald. I dette inngår også tverrfagleg samarbeid til det beste for barna. Eit av tiltaka ein har gjort i ou-prosessen er å få på plass ei tverrfagleg ressursgruppe, der både barnehage, skule, PPT og helsesjukepleiar skal vere med. Ressursgruppa skal både drøfte anonyme saker og arbeide med konkrete enkeltsaker og såleis sikre at barn og unge med ulike utfordringar får hjelp på eit tidlegast mogleg tidspunkt.
Eit anna viktig tiltak er arbeidet med å få på plass eit felles verdigrunnlag for heile oppvekstsektoren. Målet er at både barn/elevar og føresette skal bli møtt på same måte i heile oppvekstfasen. Slik ønskjer ein å skape samanheng heilt frå barna byrjar i barnehagen og fram til dei går ut av ungdomsskulen.
Eit tredje tiltak har vore å gå gjennom barnehagelova og opplæringslova med tilhøyrande forskrifter for å sikre at ein etterlever lovverket på rett måte. Ansvaret som ligg i dei ulike paragrafane har vorte fordelt på tre nivå: Politisk nivå, rådmannsnivå og einingsnivå. Ansvarsfordelinga sørgjer for at oppvekstsektoren vert mindre personavhengig.

Førebels er det vanskeleg å seie om tiltaka ein har gjort i ou-prosessen vil få økonomiske konsekvensar. Ein ser ikkje føre seg at tiltaka vil gje meirutgifter. Det som er sikkert, er at ein vil få utnytta den samla kompetansen i organisasjonen på ein betre måte, til det beste for barna i Solund.

Det vert forventa eit mindreforbruk på kr. 50` ved årsslutt ved dette rammeområde..

Ansvar 250
Solund kulturskule

Oppdraget
Samarbeidet med skuleverket knyter kulturskulen sitt oppdrag saman med grunnskulen si målsetting:
"Opplæringa sitt mål er å utvide barn, unge og vaksne sine evner til erkjenning og oppleving, til innleving, utfalding og deltaking."
Kulturskuleplanen er styrande for verksemda i kulturskulen.

Status
Kulturskulen er i ei positiv utvikling. Aktivitet og deltakarnivå aukar.
Det er tilsett 2 lærarar i kvar sin 15% stilling.
Endre Natvik er tilsett som digitalpedagog for utvikling av eksisterande GoPro gruppe.
Erlend Lambrecht Trovåg skal utvikle ensemble og solo spel

Aktivitetar:
Faste Kursaktivitetar

- Piano 8 elevar
- Gopro filmklubb 4 elevar
- UKM unge arrangørar Varierande tal
- Kreativ verkstad 8 elevar
- Trommegruppe barnehage 6 born (på Korona-vent)
- Trommegruppe 1.-2. klasse 12 born
- Open trommesirkel 6-8 deltakarar i ulik alder

Møtearenaer:
Kulturskulerektor møter i ulike fora:

- Administrasjon møte med barnehage og skulestyrar, administrasjonssjef, HTV, undervisningsinspektør møtast kvar 14 dag

- Den gode skuleeigar-strukturen
- Plandagar med skule og barnehage
- Kulturskulekonferansar, UKM, KS, kulturskulerådet
- UKM-kontakt: møte med ungdomar som er kulturkontaktar ca. kvar anna mnd

Eksterne samarbeid:
Kulturskulen og barnehagen samarbeider frå hausten 2018 om ein trommesirkel for skule og førskuleborna, eit opplegg som både skal skape musikalsk glede og betre sosial kompetanse.
Skipinga av Solund Musikk og Teaterverkstad og innmelding i Frilynt gjev mogelegheiter å søke midlar i Frifond som kan nyttast til teater og musikkrelatert verksemd.
UKM stimuleringsmidlar bidreg til mykje av aktivitetane.

Korona nedstenginga
Kulturskulen har vore delvis steng i denne perioden
I august er Piano , Kreativt verkstad og GoPro undervisninga som normal, men trommegruppene har ikkje kome på plass. Lokala Kulturskulen held sine kurs i er ikkje tilpassa ,eller store nok, i høve dei smittevern reglar som no gjeld undervisning i skulen.

Økonomi:
Inntektene vert litt mindre enn budsjettert.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 300
NAV Solund

Så langt går drifta i hovudsak som planlagt, og vil ut frå talmaterialet som ligg føre, liggje innanfor tildelte rammer ved årsslutt. Men når det er sagt, er det i desse koronatider vanskeleg å sei om vi utover hausten vil få ein auke i sosialhjelpsutgiftene. Det vi veit er at det per no er om lag 10 personar i Solund som framleis er permitterte med dagpengar grunna koronapandemien. Endringar i regelverket for dagpengar under permittering er frå 01.11.20 endra frå å ha rett til dagpengar i 26 til 52 veker. Korleis det å leve på reduserte dagpengeytingar over tid vil slå ut, er eit ope spørsmål, og ein kan ikkje bort frå at det kan medføre ein auka etterspurnad etter dei kommunale tenestene; økonomisk sosialhjelp, råd- og rettleiing, samt økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving. Men så langt har vi ikkje registrert nokon ekstraordinær pågang etter desse tenestene grunna koronapandemien.

Den auka stillingsressursen vi har hatt ved kontoret sidan 2018 har gjort det mogeleg å jobbe meir førebyggjande og mindre med «brannsløkking» omkring fleire av brukarane våre. Resultatet av slik jobbing viser seg også positivt for utbetalinga av økonomisk sosialhjelp. Kostratala for kommunen for utbetaling av økonomisk sosialhjelp viser følgjande:

2017: kr 361.000
2018: kr 216.000
2019: kr 180.000

Så langt i 2020 har utbetalinga av økonomisk sosialhjelp vore låg, så dersom ikkje uventa ting oppstår, vil samla utbetaling av sosialhjelp bli lågare i år enn i 2019.

Innføring av DIGISOS - Digitalisering av sosiale tenester. Systemet fekk vi på plass i juni. Dette betyr at innbyggjarane i Solund no kan søkje økonomisk sosialhjelp digitalt. Den nye løysinga gjer at ein kan søkje heimanfrå heile døgnet på pc, mobil eller nettbrett. For å søkje sosialhjelp digitalt, må du logge deg inn på «Ditt NAV» på nav.no med Bank-ID eller andre sikre løysingar som Bypass eller Comfides. For dei som ikkje er digitale, er det framleis mogeleg å søkje sosialhjelp på papirskjema og sende søknaden per post. DIGISOS bidreg til digitalisering i kommunen, og kan gi erfaring for vidare digitalisering av andre kommunale tenester.

Grunna koronapandemien har NAV-kontoret sidan 13.03.20., vore mykje stengt, og dei tilsette har vore pålagt å jobbe heimekontor. Oppfølging av brukarar og verksemder har i hovudsak skjedd via telefon og dialog via NAV sine digitale løysingar. Per no er det mogeleg å avtale fysiske møter med NAV, og det er også opna opp for publikumsbesøk utan avtale. Dei fleste av brukarane våre av kommunale tenester har direktenummer til dei tilsette på kontoret, slik at det skal vere lett å nå oss ved behov.

I januar 2020 søkte NAV-kontoret Fylkesmannen om statleg tilskot til utvikling av sosiale tenester og tiltak etter sosialtenestelova. Vi fekk innvilga tilskot med kr 610.000,- til ei stilling i tiltaket; «Utvikling av sosiale tenester i NAV Solund – eit framtidsretta og førebyggjande NAV-kontor», og kr 10.000,- til kompetansetiltak for 2020. Tilskot vert gitt for eitt år om gongen, og kan maksimalt gjevast i tre år. Ubrukte midlar i 2020, kan overførast til 2021. Frå 01.07.20 er 20% av lønsressursane aktivert. Eit spennande prosjektarbeid ligg framfor oss.

Gjennom prosjektet ønskjer vi å utvikle dei sosiale tenestene i NAV Solund slik at dei vert tilpassa eit meir framtidsretta NAV-kontor. Basert på erfaringar vi har gjort oss hittil, ønskjer vi blant anna å:

- Utvikle kvalitetssjekk-system som sikrar at brukarar får ei heilskapleg oppfølging basert på førebygging, og med brukarmedverknad i fokus.
- Utvikle tverrfagleg samarbeid sett i tilpassa system, som kan vere med på å fange opp personar som fell mellom to stolar, og sikre god overgang mellom ulike system.
- Utvikle eit system og tenestedesign som tek i vare dei lovpålagte arbeidsoppgåvene til eit kommunalt NAV-kontor, men på ein annan måte enn det vi har arbeidd til no: Vi vil finne ein arbeidsmetode med meir fokus på § 17 i sosialtenestelova – opplysning, råd- og rettleiing.
- Setje førebygging av sosial ulikskap inn i system som skal delast med samarbeidskommunar og i vårt sosialfaglege nettverk, kombinert med tverrfagleg samarbeid på tvers av oppvekst, helsestasjon, lege og rus/psykiatri (her kartlegge/utgreie behovet i Solund).

Dersom ikkje uføresette ting dukkar opp, vil ansvar 300 ligge innanfor ramma si ved årsslutt.
Det kan nemnast at budsjettert kvalifiseringsstønad står unytta pr. dags dato.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 310, 312, 313, 314, 370, 371, 372, 373, 380
Helse- og omsorg

Ansvar 310 - Helsetenesta

Lækjartenesta

Drift
Ein nyttar seg meir og meir av elektronisk tilvising og rekvirering ved kontoret.
Erfaringane i høve «akutt seng» på Solundheimen er gode. Det har ved fleire høve vore tenleg å observere pasientar her, i staden for innlegging i sjukehus eller evt. tilsyn i heimen.

Det har vore ein god del endringar i lækjarturnusen dette året. Etter at ein lækjar slutta, vart det frå 1. april gjort avtale med 2 nye lækjarar om å dekke 33 % av vaktene kvar, ut år 2020.
Kommuneoverlækjaren held fram i sin turnus med 14 dagar vakt og ei veke fri. Resten vert dekka ved kjøp av tenester frå ein lækjar kvar 3. helg. Det er såleis god lækjardekning i Solund, med fire lækjarar knytt til lækjarkontoret.

Investeringar
Det er kjøpt inn ny EKG maskin, samt erstatta gamalt utstyr. Lækjarkontoret er pr. i dag godt utstyrt også med omsyn til den pågåande pandemien.

Drift
Personal /bemanning:
Sjukepleiar /helsefagarbeidar jobbar 60 % kvar, men er førebudd på at ein på nytt må auke opp dersom situasjonen med tanke på smitte endrar seg. I starten av pandemien måtte lækjarkontoret ha styrka bemanning.

Ferie/sjukmelding:
Det har vore avvikla ferie ved lækjarkontoret som vanleg denne sommaren. Det har vore inne vikarar for sjukepleiar/helsefagarbeidar. Det er ingen sjukmeldingar denne perioden.

Pasientbesøk ved legekontoret :
Alt oppmøte på lækjarkontoret skal avtalast på telefon i førekant. Det har som vanleg vore stor pågang av turistar, både utanlandske og norske. Alle vert koronascreena ved innkomst legevakt.
Elles tek ein inn færre pasientar enn tidlegare for å unngå venting og opphoping av personar på venterom. Det er òg ein del administrativt arbeid i høve smittevern som tek tid.
Det vert gjeve tilbod om koronatestar kvar dag ved behov.

Økonomi:
Det vil verte auka kostnader knytt til lækjartenesta dette driftsåret. Dette skuldast fleire tilhøve. For å både kunna rekruttere og behalde den gode lækjarordninga, og dermed også sikre lokal drift av KAD-senga, så har det vore naudsynt å løfta lønsnivået opp på det nivået som omliggande kommunar opererer med. For dette driftsåret skuldast også ein del av auken Korona. Det er søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen for inndekning av denne meirkostnaden.
Dersom desse kostnadane vert dekka, vil ein kunna oppnå balanse ved tenesta.
Men når heilårsverknaden slår inn, vil ein i budsjettprosessen måtta vurdere budsjettramma og den gode ordninga som no er etablert for innbyggjarane, opp mot kva politisk nivå samla sett er viljug til å prioritere bruken av driftsmidlane til.

Det vert forventa balanse ved lækjartenesta ved årsslutt under føresetnad av 100% inndekning for meirkostnader knytt til Koronaen.

Fysioterapitenesta

Kovid 19

Grunna redusert drift i samband med koronarestriksjonar, har det blitt mindre eigenandelar frå pasientar og refusjonar frå Helfo. I tillegg har dette redusert brukarbetalingar på Prosjekt «Aktiv på dagtid». Ein kan forvente noko reduserte inntekter i starten av dette halvåret, då ny fysioterapeut har starta og treng tid til å bli kjent med tenestene. Det er godt mogeleg at nokre pasientar unngår å ta kontakt med tenesta da dei er i risikogruppe eller ynskjer å unngå potensielle smittesituasjonar.

Anna jamn drift

Samla sett må ein rekne med noko reduserte inntekter på fysioterapitenesta i år 2020. Fysioterapitenesta var ikkje i drift fom. midten av juni tom. 24 august pga. ferieavvikling og permisjon. Ny fysioterapeut Ingri har starta, og er komen i gang med pasientar. Det er inga endring i fysioterapitenesta, og det vil samla sett ikkje vera noko budsjettmessige avvik ved årsslutt.

Det vert forventa balanse ved dette tenesteområdet ved årsslutt

Ansvar 312 - Helsestasjon/Skulehelsetenesta

Status:
Helsestasjon - /skulehelsetenesta fekk tilskotsmidlar på kr 350.000,- til styrking og utvikling av tenesta retta mot barn og unge. Målet for tilskotsmidlane er fast 100 % stilling som helsesjukepleiar for barn og unge 0-20 år og auka felles fokus på oppvekstmiljøet og kompetanseheving for tilsette og tidleg innsats for barn, unge og føresette.

Kompetanseheving, utvikling og tverrfagleg samarbeid.

- ICDP (International Child Development Program) er eit helsefremjande og førebyggande program som har som mål å styrkje omsorga og oppveksten for barn og unge. Det rettar seg mot omsorgsgjevarar og skal styrkje deira omsorgskompetanse for barn opp til 18 år.
- Vi har som mål å kunne tilby praksisplass for helsesjukepleiarstudentar som eit av kriteria for å få tilskotet. For å kunne ta i mot studentar tilbyr høgskulen kompetanseheving i rettleiingspedagogikk.
- Auka samarbeid med oppvekstsektoren har ført til betre rutinar, systematisert samarbeid, felles kompetanseheving og brukarmedverknad. Skulehelsetenesta har no fast kontortid på skulen for elevar og tilsette, samt avsett tid for drop inn på helsestasjonen.

Planar**:**
Overordna plan for tenesta skal reviderast i 2021.

- Trafikktryggleiksplan « trafikksikker kommune» . Ein har starta å kvalitetssikra tenesta sine oppgåve i dette arbeidet.
- ROSanalyse. Under pandemien vart vi oppfordra til å få på plass ROSanalyse. Arbeidet er starta i samarbeid med leiande helsesjukepleiararl i HAFS kommunar. Interkommunalt samarbeid i tenesta er viktig for støtte, og for å løyse felles oppgåve på ein betre måte.

Covid-19: Ein føl retningslinjene frå helsedirektoratet og ein har normal drift med ekstra smitteverntiltak. Det er uheldig at helsestasjon/ og skulehelsetenesta har felles venterom med legekontoret av smittevernomsyn. Korona har ikkje påverke drifta økonomisk, men har ført til behov for heimekontor.

Permisjonar:
Det har vore fråvær i tenesta , men ikkje behov for vikar.

Økonomi:
Reknar med økonomisk balanse ved årsslutt. Ein vil tilstrebe å søke økonomiske midlar også i 2021. Det kan vere behov for å investere i utstyr til helsestasjonen i samarbeid meg lækjarkontoret.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 313 - Psykiatri
Ansvar 314 - Rusomsorg
Ansvar 315 - Psykologteneste

Kommunepsykologtenesta

Status:
I 2. tertial har det vore psykolog i Solund i mai, ingen drift i juni og juli, og deretter ny psykolog frå august. Det har såleis vore mindre utgifter til løn i juni og juli, men det har vore utgifter med tilsetting av ny psykolog.

Korona:
Drifta til tenesta går no som normalt. Journalsystemet lanserer snart ei videoterapiløysing som skal takast i bruk. Videoterapi gjer også tenesta meir robust og tilgjengeleg for dei som bur langt unna/har vanskar med å kome seg til Hardbakke pga. t.d. vêr.

Sentrale driftsoppgåver:
- Den primære arbeidsoppgåva til kommunepsykologen er å gje samtaler og oppfølging til vaksne, born / ungdom og familiar med psykiske helseplager eller ved mistanke om dette.
- Nytt frå august er at tenesta er delt 50 % mellom vaksne, og 50 % barn og unge.
- Tenesta for born og unge kjem til å vere delt mellom systemarbeid (kurs for føresette, kompetanseheving av tilsette i skule/barnehage viss ønskeleg) og klientarbeid (individuelt, familie, foreldrerettleiing).

Økonomi.
Det er budsjettert med statlege tilskot på 730.000. I denne summen ligg det ei forventning om eit eige fastlønstilskot på om lag kr. 250.000 som er på linje med fastlønstilskotet til både kommnelækjar- og fysioterapitenesta. Det er mykje som tyder på at dette tilskotet ikkje vert gitt til kommunepsykolog tenesta. I så fall kan det gå mot at ansvarsområde vil få ei mindreinntekt på om lag denne summen. Og denne inntektssvikten vil verta permanent, om ikkje dette vert løyst med øyremerkte tilskot, kostnadsdeling med Oppvekstsektoren, sal av tenester, m.m.
Brukarbetalingar som monnar, kan ein ikkje rekne med i vesentleg grad knytt til denne tenesta
Innhaldet i drifta elles, ser ut til å gå som forventa og utan avvik.

Psykiatri og Rusomsorg tenesta

Tenesta har hatt vakanse frå juni til august. Ein treningsfysiolog vart tilsett i eit engasjement for 6 månadar. Tenesta kan inngå i ny frisklivssentral og stillinga vert i så tilfelle lyst ut.

Sentrale driftsoppgåver:

- Oppfylgjing av brukarar og deira behov
- Legge til rette for auka fysisk aktivitet
- Ivaretaking av støtte- og treningskontakter, derunder rettleiing
- Samarbeid på tvers av einingane, fokus på heilskapleg omsorg

Gitt at statstilskotet uteblir, så vil desse ansvarsområda truleg få ei mindreinntekt på kr. 250` ved årsslutt.

Ansvar 370 – Pleie- og omsorg:

Ergoterapitenesta/Dagsenteret.

I dag har både ergoterapitenesta og dagtilbodet normal drift.
Det har den siste tida vore arbeidd aktivt med planane om å få utvida Dagsentertilbodet i kommunen. Det vert vist til presentasjonen av ein nyskapande aktivitetsarena i formannskapet som er eit konkret resultat av ein breitt involverande idèfase av planlegginga.

Covid-19
Grunna på pandemien er det noko reduserte inntekter og kostnadar i tenesta, det var naudsynt å trappe ned dagtilbodet på Solund helsetun med omsyn til smitte. I denne perioden fekk brukarar tilbod om heimebesøk og aktivitet nær heimen. Dette var viktig for å unngå einsemd og inaktivitet.

Det er forventa balanse ved denne tenesta ved årsslutt.

Institusjonstenesta / heimetenesta.

Lønskostnader for fastlønn ligg høgre enn den budsjetterte ramma. Tenesta
har eit stort overforbruk. I februar reduserte tenesta med 2 årsverk, noko som resulterte i lågare kveldsbemanning. Grunnen til denne reduksjonen i tal årsverk var at det ein periode var lite pasientar, og avdelinga var heilt nede i 12 brukarar. Rett etter reduksjonen ramma Covid 19 oss, og eine avdelinga måtte gjerast om til Kohort, det vart eit stort behov for kvalifisert personale. Pr i dag er det 18 pasientar på tilgjengelege 19 rom.

Vår og sommar har vore prega av lite personell, vi har hatt mange ute i svangerskapspermisjonar. Vi klarte å rekruttere to spanske sjukepleiarar i mai, og etter ein periode med opplæring og språktrening, fungerer dette fint på alle måtar.

Ein av våre pasientar skal over i omsorgsbustad med bemanning, noko som er tilrådd fagleg i spesialistshelsetenesta. Dette rådet føl vi heilt og fullt.

Frå oktober ser vi oss nøydd til å igjen endre turnus, med bemanning om før reduksjonen, om ikkje vi gjer det blir konsekvensen at vi må avlyse heimebesøk i heimetenesta, det er ikkje tilrådeleg med

tanke på behovet til desse pasientane. Vi har også ei utfordring i høve for få helgestillingar, og prøver derfor å rekruttere gjennom utlysing i desse dagar.

Overtid

Det har vore naudsynt å nytte overtid i denne perioden, då ein har tidvis hatt mykje personell i karantene, permisjonar, samt at det har auka på med pasientar. Bemanninga har ikkje stått i forhold til utfordringane tenesta har hatt. I og med at ein avdeling måtte gjerast om til Kohort-avdeling måtte vi samle pasientane tett, og ein opplevde meir uro og større pleiebehov. Ein såg seg nøydd til å kalle tilbake den reduksjonen som ein hadde gjort i februar med omsyn til færre personale på kveldsvakt.

Sjukefråvær:

Mai	17,4
Juni	12,5
Juli	8,7
August	8,3
Gjennomsnitt 4 siste mnd.	11,7%

Frå mai-juni har vi hatt eit høgt sjukefråvær. Det har vore en del svangerskapsrelaterte sjukefråvær. Dette sjukefråværet vil bli redusert etter kvart som fødslar og svangerskapspermisjonar tar over. To spanske sjukepleiarar går no inn å dekkar opp svangerskapspermisjonar frå august, då er det dekka opp det meste utanom 1 sjukepleiarstilling.
Vi har framleis utfordringar med vikar for helsefagarbeidarar/assistentar, men vi venter to nye assistentar og ein helsefagarbeidar som kan gå inn å ta ekstravakter frå oktober, noko som vil redusere bruk av overtid.

Pasientbelegg % - med utgangspunkt i 19 pasientrom i perioden:

Mai	KAD	Juni	KAD	Juli	KAD	August	KAD	Gj.snitt	KAD
71,3%	9,6%	74%	2,3%	81%	0	90,5%	0	79,2%	2,97 %

Vi har hatt redusert pasientbelegg frå starten på 2020, då vi hadde mange dødsfall i 2019.
I mars skrev vi ut fleire pasientar på grunna Kohort avdeling. Tal pasientar er på veg opp og vi vil sjå ei auke utover hausten.. I dag har vi eitt ledig rom, samt to kortidsplassar i dei nye omsorgsbustadane.

Heimetenesta

Heimetenesta har tre besøk per veke i ytre del av kommunen. Vi har auka opp besøk på kveld. I vår brukte vi ekstra ressursar gruna alvorleg sjukdom, og tidvis må vi nytte mykje båttransport.

Kurs

Grunna pandemien har ein vore restriktiv med å reise utav kommunen, og dette har resultert at ein ikkje kunne delta på kurs og fagleg oppdatering. Vi vil sjå det litt an om vi kan nytte noko nærare jul. el kurs/prosjekt skal starte opp igjen.

Innkjøp

- Det vart kjøpt inn mykje medisinsk teknisk utstyr, som rapportert på forrige tertial rapport. Ein del av dette har kome siste to mnd, grunna lang leveranse tid.
- Forbruksmateriell, som desinfeksjon, såpe og hansker har hatt en markant prisauke; - faktisk opptil 150% auke på einskilde varer
- Tre nye kontorstolar til dokumentasjonsrom.

Økonomi
Det er søkt til Fylkesmannen om vesentlege summar i skjønsmidlar for dei mange Koronatiltaka- og utgiftene som har kome til ved pleie- og omsorgssektoren. Får vi dekning for desse, vil dette rammeområde kunna gå i balanse. Dette skuldast at nedskjeringstiltaka som har vore sett i verk i vår, etter kvart har gjort sin verknad. Likeins fordi det heimebaserte pleietrykket har vorte redusert i siste tertial.
Likevel er det grunn til å tru at den økonomiske ramma er i knappaste laget no når pasientbelegget igjen aukar, og behovet for auka bemanning er aukande igjen. Eit ekstra krevjande tiltak krev også auka bemanning.

Tiltak som vert sett i verk

- Multidose har ein ikkje fått starta med som planlagt, men det blir gjennomført innan 2020. Dette vil gje ei innsparing i høve personale, samt at vi utvidar tilbod av velferdsteknologi.
- Auka tilgong på vikarar gjer at vi får redusert overtidsbruken.

Under føresetnad av at denne tenesta får kompensert for alle sine Koronatiltak- og utgifter, vil eininga gå i balanse ved årsslutt.

Kjøken / reinhald / vaskeri

Er i balanse når det gjeld budsjett og drift.
Montering av rulle og tørketrommel på vaskeriet er ferdigstilt.

Det vert forventa balanse ved dette tenesteområdet ved årsslutt.

Ansvar 371, 372 og 373 – Driftsmidlar for avdelingsleiarane i helse- og omsorg

Ansvar 371 – leiar institusjonstenesta:
Det har vore eit jamt forbruk av medisin og medisinsk forbruksmateriell dette året. Det kan gå mot eit høvesvis mindre meirforbruk ved årsslutt. Jf. rapport for ansvar 370 og tiltak som ein tenkjer iverksette der.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 372 – leiar heimebaserte tenester:
Transportkostnadane for heimesjukepleia har vore om lag på nivå med budsjettert sum.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 373 – leiar kjøken / vaskeri:
Utgiftene på matkjøp er litt lægre enn budsjettert, og det er von om eit mindreforbruk ved årsslutt.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 380 - Barnevern

Organisering

Eining/Teneste	Leiar (Tittel)	Tal Årsverk	Tal tilsettte
24410	Barnevernleiar	6	6
25100 / 25200		2,5	2
Sum		8,5	8

Kommentar:
HAFS barneverntenesteharr 8,5 årsverk, inkludert leiar. 2,5 stillingar er tiltaksstillingar og 2,3 av alle stillingane er finansiert gjennom tilskot frå fylkesmannen.
Vi har tilsett merkantil i midlertidig stilling med ledige lønsmidlar.
Pr i dag har vi ein tilsett ute i fødselspermisjon. Vi har også to som skal over i nye stillingar, og er i ein rekrutteringsprosess. Vi har eit lågt sjukefråver.

Økonomi

Eining/ Teneste	Rekneskap 2. tert -20	Budsjett 2020	Prognose 2020	Avvik kr
24410	302 093	360 000	500 000	-140 000
25100	135 298	250 000	250 000	0
25200	78 393	190 000	290 000	-100 000
Sum	515 785	800 000	800 000	-240 000

Kommentar:
24410: Vi har fått inn midlane frå fylkesmannen for 2,3 stillingar for heile året. Vi har nokre utgifter på kontormøblar (ca 180 000kr) som er utgiftsført her, men vil verte omfordelt og betalt av fondsmidlar. Vi har innsparing på opplæring og kurs, men vi har planar for desse midlane. Grunna nokre månader utan tilsette i nokre stillingar, vil vi spare inn litt på denne tenesta og det vil bli kravd mindre refusjon enn budsjettert. Jf det som eg melde i årsmeldinga for 2019 ligg det framleis for lavt tal på teneste 24410 enn det eg melde om i budsjettet for 2020 i Solund. Det har vore dialog med kommunen om dette. Det vil difor mest truleg sjå ut som eit meirforbruk på denne tenesta på grunn av dette.

25100: Her syner det eit underforbruk. Dette skuldast at nokre tilta ikkje er iverksett. Samtidig er det eit meirforbruk på nokre postar grunna andre tiltak som har vorte auka. Det er venta å kome inn nokon rekningar på tiltak som er avslutta. Noko underforbruk på tilskot – dette kan henge saman med koronasituasjonen som har ført til at mykje av brukarane sine daglegliv har endra seg i denne perioden. Estimerer likevel at denne tenesta vil gå i balanse til årsslutt.

25200: Denne tenesta syner ei innsparing. Grunna ubudsjetterte tiltak vil dette likevel ikkje vere tilfelle ved årsslutt. Slik stoda er i sakene våre, vil eg estimere eit meirforbruk på denne tenesta med om lag 100 000 slik situasjonen ser ut pr. i dag.
Totalvurdering er at vi har vore i stand til å levere dei tiltak og gje det tilbodet som vi skal jf lov om barneverntenester i Solund kommune.

Det vert tilrådd å styrke ansvar 380 med 0,25 mill. for å dekke ekstra tiltak i år 2020.

Oppsummert for ansvar 310-380

År 2020 har vore eit spesielt år som har prega tenesta i stor grad, grunna den pågåande pandemien. Utgiftene som ein har hatt så langt kan ikkje genererast til eit normalt år, og dette har sjølvsagt sett sitt preg på spesielt omsorgstenesta. Noko av utgiftene blir dekka gjennom ekstra statlege løyvingar, men det kviler eit usikkerheitsmoment kor mykje av utgiftene som blir dekka. Like fullt har ikkje tenesta hatt andre val enn å sjå på at personellutgiftene har skutt i været.
Tenesta har tidvis hatt mange personar i pålagt karantene, med det resultat at ein har måtte nytte vikarar og overtid. Avdelingssjukepleiarane har gått inn i vakter for å sikre forsvarleg drift, og vi har til ei kvar tid klart å ha ei fagleg forsvarleg drift. Ein må berre rose alle i heile tenesta for den innsatsen som har vore gjort og som er pågåande.
Før ferien sette inn var vi ikkje sikre på om normal ferieavvikling kunne gjennomførast, noko som alle var innstilt på, at kunne skje. Tilsette i nær sagt alle tenestene var slitne, men vi kan med stoltheit melde at vi klarte å gjennomføre ferieavvikling på normalt vis.

Helse- og omsorg har som kjent vore gjennom ei stor omorganisering, og noko av det ein har arbeidd systematisk med er, felles kultur og heilskapleg tenesteyting. Det har vist seg at ord er blitt til handling, og ein har stått skulder til skulder for å hjelpe kvarandre. Eg vil gje nokre eksemplar, som t.d. dei tilsette på legekontoret som har ytt hjelp og samarbeidd med institusjonstenesta, for å sikre tenesta på ein god måte. Institusjonstenesta har også ytt personell til legetenesta, slik at ferieavvikling kunne gjennomførast. Ergo- og fysioterapi tenesta har brukt mykje av si tid under ned stenging til å følgje opp pasientar i avdeling. Kjøken, vaskeri- og reinhald har strekt seg langt for å imøtekomme behovet til pasientar og personale. Dette er god samhandling.

Tenesta er i full gang med å utvikle og utvide psykologtenesta, i desse dagar inngår ein ei samarbeidsavtale med oppvekstsektoren for å sikre barn- og unge ei god psykologisk teneste. Vår kommunepsykolog skal arbeide 50% med barn- og unge og 50% med vaksne. Solund var heldig som fekk ein ny og godt kvalifisert psykolog etter at tidlegare psykolog slutta i byrjinga av sommaren. Denne tenesta vil komplettere det øvrige tenestetilbodet til barn og unge som allereie er i Solund.

Når det gjeld fysioterapitenesta kan vi med stoltheit melde at vi har fått godt kvalifisert fysioterapeut til kommunen, som vikar for vår faste fysioterapeut som er ute i permisjon. Dette er ei viktig teneste som stettar kommunen sine behov, slik at våre innbyggarar ikkje treng reise utav kommunen for behandling.

Solund kommune har også knytt til seg treningsfysiolog som arbeider tett opp mot tenesta psykisk helse, (rus og psykiatri), kommunen har tilskotsmidlar knytt til denne tenesta, og når vår sosionom slutta tidleg på sommaren, var det naudsynt å erstatte denne raskt. Dette er eitt engasjement i 6 mnd, og vil bli lyst ut fast i løpet av 2020 viss ein etablerar Frisklivssentral.
Det er ein føresetnad for tilsegn av tilskot, at tenesta psykisk helse- og rus, blir knytt til Frisklivssentralen. I samfunnsdelen til kommuneplanen står det at Solund kommune skal vurdere å opprette ein frisklivssentral. Vi startar allereie i haust med å gje tilbod til einskilde grupper, dette er eit viktig grep i høve ei god folkehelse for alle innbyggarane i Solund og vil evaluerast vidare saman med moglegheitene for finansering.

Dei nye omsorgsbustadane er eit viktig og godt supplement i vår teneste, og vi ser at fleire tykkjer at dette kan stette deira behov i åra som kjem. Ein av bustadane skal gje tilbod til pasient som har behov

for døgnbemanna omsorgstilbod utanom institusjon. Grunna nærleiken let dette seg løyse på ein god måte.

Det vert tilrådd å styrke ansvar 313/314/3135 med 0,25 mill. for å dekke manglande fastlønstilskot
Det vert tilrådd å styrke ansvar 380 med 0,25 mill. for å dekke ekstra tiltak i år 2020.
Det er usikkert korleis ein får rekne meirutgifter og mindreinntekter knytt til Korona, og kva utgifter som skuldast korona og kva som skuldast vanleg drift. Endeleg status for ansvarsområda er ikkje klart før årsslutt når fordelingen av ekstra koronamidlar er klar.

Ansvar 600, 610, 620 og 630 – Plan- og utvikling

Korona-pandemien
Vi har hatt god måloppnåing trass i ein utfordrande situasjon med korona-pandemien. Tilsette innan drift og vedlikehald har vore seksjonerte, og det har vore utfordrande å få tilkomst for å utføre drift- og vedlikehaldsoppgåver.
Innan beredskap har ein etterslep på øvingar og opplæring.
Korona-pandemien har i liten grad påverka økonomien innan eininga.

OU-prosessen
Det har vore gjennomført to pilotprosjekt innan teknisk drift og vaktmeistertenesta. Desse pilotprosjekta skal evaluerast før ein kan konkludere.
Det er positivt at OU-prosessen legg opp til betre samarbeid på tvers av einingane og ei jamnare arbeidsbelastning for alle i organisasjonen.

Ansvar 600 Tekniske tenester
Teneste 33900 - Beredskap mot brannar og andre ulykker. Det har vore redusert aktivitet i ein periode grunna smitteverntiltak, noko som må kompenserast med høgare aktivitet i 3. og 4. tertial.

Det vert forventa balanse ved dette amsvarsområde 600 ved årsslutt

Ansvar 610 Plan, byggjesak og landbruk
Kap 610 er samla forventa å få manglande inntekt og ein vil få vanskar med å få balanse:

Teneste 30100 – Plansak. Her svingar gebyrinntekta etter kor mange planar som er til handsaming og kor langt dei er komne i prosessen. For 2020 har ein eit større avvik grunna manglande gebyrinntekt.

Teneste 30200 – Byggjesak. Her er inntekta budsjettert for høgt. Ein har ikkje byggjesakshandsamar i 2. halvår og vil få utgift til overtid og leigd hjelp for å utføre tenesta resten av året.

Teneste 32900 – Landbruk. Her er avtale med privat føretak. Tenesta er forventa å gå i balanse sjølv om det er noko lønskostadar som skal fordelast på denne tenesta. Dette gjeld løn for leiing og det som er utført av ansvarleg for kart og oppmåling, m.a. med AR5-basen og konsesjonsfritak.

Det vert forventa mindreinntekter ved dette ansvarsområdet ved årsslutt

Ansvar 620 – Bygg og Anlegg

Ansvarsområdet er samla forventa å gå i balanse, men det avheng av korleis vintervedlikehaldet vert. Det er heller ikkje rom for uforutsette vedlikehaldsutgifter.
Det har vore høg aktivitet i 2. tertial, med m.a. oppgradering av kommunale utleigebustader.

Det vert forventa balanse ved ved dette ansvarsområdet ved årsslutt

Ansvar 630 - Vaktmeister

Det vert forventa balanse ved dette ansvarsområdet ved årsslutt

Større investeringar under arbeid:

Det vert vist til kapittel for investeringar for oppdatert status på kommunen sine vedtekne investeringsprosjekt.

Ansvar 700 - Løyvingar til Solund Sokneråd

Drift og investering for Solund sokn ser ut til å vere innanfor rammene, og ser ut til å halde seg innanfor rammene ved årsslutt. Dette til tross for svikt i einskilde inntekter og auka utgifter relatert til koronapandemien. Det er og samla sett betydeleg meirarbeid i alle ledd i høve naudsynte smittevernstiltak under koronapandemien.

Drift
Drifta verkar å vere innanfor ramma, slik den er kontrollert til og med m.a. september løn 2020. Det er vanskeleg å få eit fullgodt inntrykk, då nokre utgifter er betalt ut året (forsikringar o.l.) og nokon tenester får tilskota på slutten av året, samt utestående innbetalingar.

Gravplass er totalt innanfor ramma, trass uføresette og større pandemirelaterte utgifter på enkelte postar.
Andre tenester er og påverka av pandemien, som utsett eldretur, kyrkjekaffi og konsertbillettar.

Kyrkjetunet går førebels i pluss. Huset har førebels mindre inntekter på sporadisk utleige, enn budsjettert, men er kompensert av stabile og litt auka inntekter frå fastutleiga. Det er og motteke tilskot til naudsynt innvendig oppgradering av Kyrkjetunet.

Investering
Det er p.t. ikkje påbegynt tiltak på investering. Men bestillingar og anbod er ute på vedtekne tiltak.

Det pågår ein planleggingsprosess på betring av dreneringseigenskapane til jorda på gravplassane Solund og Hersvik. Her mottek vi ulike råd på kva som er best, og det ligg antakeleg an til eit samrådingsmøte mellom kommune, sokn, graveentreprenør og konsulentfirma, då andre løysningar vil verte meir kostnadskrevjande. Som heving av eksisterande gravfelt, med ny og betre jord. Evt. anlegge ny gravplass.

Det er von om balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.

Ansvar 750
Andre særskilde utgifter og inntekter

Det er von om balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 799 – Pensjonsoppgjer og premieavvik

Det har vore mange signal om endringar knytt til oppgjer for pensjonskostnader og premieavvik for kommunesektoren det siste året.

Nivået på pensjonstrekket er lagt opp slik at det er meint å klare å dekke opp årets pensjonskostnader / premieavvik, det amortiserte premieavviket samt den signaliserte veksten i pensjonskostnader. Alt dette vert ved årsavslutninga ført på ansvar 799. Overskytande eller for lite trekte midlar vert inntekts- eller utgiftsført mot same ansvarsområde.
Som følgje av sentrale vedtak og årets lønsoppgjer vil årets premieavvik verta endra i høve budsjettet, men motposten er alltid ein bruk av det sentrale premiefondet til kommunane. Endringane får ingen resultateffekt for kommunane.
Derimot vil endringar i årets premieavvik gje ein framtidig amortiseringseffekt for seinare driftsår, sidan årets premieavvik skal dekkast inn / belastast drifta dei komande 7 åra.

Solund kommune har alltid hatt ein buffer på pensjonstrekket, som gjer at sjølv om det kjem til nokre negative endringar, så vil dette verta kompensert gjennom det løpande pensjonstrekket i drifta vs. avsetnaden på ansvar 799.
Men utrekning av pensjon og premieavvik er eit eige fag utført av eit aktuarteam i KLP og SPK. Solund kommune føl dei signal som vert sendt frå desse instansane på kva som kan vera klokt å budsjettere med. Nokre gonger treff dette godt, andre gonger mindre godt. År 2020 har vore eit spesielt driftsår og det vert spanande å sjå om signal og endeleg resultat vil samsvare, ved årsslutt.

Vonleg så var justeringa ved 1. tertial tilstrekkeleg for å kunna oppnå balanse ved årsslutt.

Ansvar 800, 801, 802 og 803 - Tilleggsløyvingar

Ansvar 800 –- til kommunestyret sin disposisjon

Det vert tilrådd å auka løyvinga til «Fiberprosjekt Hagefjorden – Kråkenes» med 0,35 mill.
Inndekning vert tilrådd ved bruk av disposisjonsfond. Det vert vist til avsnitt for Avsetnader og bruk av avsetnader for grunngjevinga for auka løyving.

Ansvar 801 - til formannskapet sin disposisjon

Her er det ikkje foreslått endringar ved denne rapporteringa.

Ansvar 802 - til ordføraren sin disposisjon

Her er det ikkje foreslått endringar ved denne rapporteringa.

Ansvar 803 - til administrasjonssjefen sin disposisjon

Her er det ikkje foreslått endringar ved denne rapporteringa.

Ansvar 805 - til Koronatiltak

Auka skjønstilskot på kr. 200` vert ført på ansvar 900.
Utgiftene vert ført på ansvar 805 og det vert tilrådd å auka ramma tilsvarande.

Solund Kommune har dokumentert og søkt om skjønsmidlar hjå Fylkesmannen til inndekning for følgjande meirutgifter for periode medio mars til 31/8:

10000	**Politikk, administrasjon**	**375 089**	(endra fokus/prioritering, beredskap, fellesutgifter, m.m.)
20100	**Barnehage**	**590 206**	(ekstra 8 mnd.verk + ekstra reinhald)
20200	**Grunnskule**	**238 466**	(ekstra ressursar, reinhald m.m.)
23462	**Frivilligsentral, Gjenbruksbutikk**	**29 867**	(ekstraressursar handling / matombering m.m.)
24110	**Legesenter**	**774 576**	(ekstra 80% lækjarsekretær, ekstra lækjarressurs, m.m.)
24250	**Sosialkontor**	**68 557**	(ekstra ressurs)
25300	**Helse- og omsorgstenester i institusjon**	**1 814 375**	(ekstraressurs leiing / personell, overtid, utstyr, m.m.)
25302	**Kjøkkentenesta**	**387 263**	(ekstra personell, utstyr)
32500	**Tilrettelegging og bistand for næringslivet**	**631 860**	(tiltak, lån (førebels) og tilskot)
33900	**Beredskap mot brannar og andre ulykker**	**71 148**	(ekstra reinhald og beredskapstiltak m.m.)

Til saman utgjer dette nær 5,0 mill. i meirutgifter.


Utgiftene er berekna ut frå den ressursinnsatsen og dei direkteutgiftene kommunen har hatt i perioden fram til og med 31/8 knytt til Korona-situasjonen. Ved nokre ansvarsområde er det naturleg nok ikkje satt inn vikar når ressursane er nytta annleis eller har vore fråverande. Ikkje utførte oppgåver skal då gjennomførast på eit seinare tidspunkt.

Fram til no er desse utgiftene dekka med 1,3 mill., inkl. dei siste 0,2 mill. som kom via RNB.
Dersom kommunen får full utgiftsdekning ser administrasjonssjefen føre seg balanse i rekneskapen totalt sett ved årsslutt. Også om dekningsgraden vert noko mindre på einskilde ansvarsområde.
Utan ytterlegare inndekning, vil kommunen måtta finna inndekning ved saldering mot disposisjonsfond.

Utvikling i Sjukefråvær

Organisasjonen er liten og gjennomsiktig. Det er såleis ikkje klokt å bryte ned statistikken i særleg grad, til dømes på dei ulike einingane.

Sjukefråværet er påverka av sesongsvingningar. Solund kommune har eit noko høgare sjukefråvær enn kommunal sektor i 2. kvartal 2020, men ligger i snitt lågare enn kommunal sektor samla sett for året (7,15 % mot 7.3 %)



Ytterlegare kommentarar vil verta presentert i møte og gjennom budsjettprosessen som står føre.

Oppsummerte behov for budsjettendringar for drifta etter 2. tertial

Under følgjer samla tilrådde endringar i drifta i denne tertialrapporten:

Tabell 1: Budsjettjusteringar - Drift				
				Vedtak
18000	900	84000	Redusert rammetilskot (vedtak RNB)	41 000
18000	900	84000	Redusert inntektsutjamning (vedtak RNB)	2 000
18700	900	80000	Redusert netto skatteprognose inkl. 1000-avrunding (vedtak RNB)	57 000
18101	900	84000	Auka statlege skjønsmidlar KORONA	-200 000
18101	900	84000	Prosjektskjønsmidlar - Digital kompetanse	-150 000
18700	900	80000	Auka lokale skatteinntekter	-600 000
18400	900	84000	Auka inntekter frå statleg Havbruksfond	-3 011 000
15400	900	88000	Avsetnad til disposisjonsfond	1 511 000
15700	900	88000	Overføring til investering (Nytt Idrettsbygg)	1 500 000
19400	900	88000	Bruk av disp.fond fiberprosjekt Hagefjorden	-350 000
14900	800	32500	Auka løyving til Fiberprosjekt Hagefjorden-Kråkenes	350 000
			Auke fordeling til drift	-850 000
			Som er fordelt slik:	
	220		Auka kostnader vaksenopplæring	200 000
	220		Reduserte kostnader reinhald - vakanse	-150 000
	220		Reduserte kostnader skulskyss	-100 000
	313		Mindretilskot frå stat - psykologtenesta	250 000
	380		Uføreseieleg tiltak	100 000
	380		Auka interkommunale kostnader	150 000
	610		Reduserte planinntekter	200 000
	805		Auka utgifter KORONA - kompensert via vedtak RNB	200 000
			Fordelt i drift	850 000
			Differanse	0

Det vert vist til sak om budsjettendringar tertial nr. 2 og vedlagde tabelloppsett for ytterlegare detaljar.

Investeringar

Denne tertialrapporten tek ikkje føre seg alle investeringar og trongen for justeringar på lengre sikt. Nokre få prosjekt vert kommentert status på og det vert foreslått nokre få justeringar. Dette vert foreslått innafor den økonomiske totalramma for vedteke låneopptak.
Det vert vist til budsjett- og økonomiplanprosessen som startar om kort tid, for meir detaljar om status, behov for større justeringar og nye prioriteringar av prosjekt. Då vil ein også ta ei grundig vurdering av kva prosjekt som skal vidareførast til neste driftsår.
Måla i samfunnsdelen bør no kunna nyttast som retningsgjevande for vidare prioriteringar av prosjekt.

Tabelloppsettet er likevel oppdatert med samtlege vedtekne prosjekt, opplista med restløyving pr. 2.tertial og tilhøyrande finansiering.

Status på større investeringar som er under arbeid:

Under følgjer ein tabell som syner status for alle dei prosjekt som Kommunestyret har vedteke løyving på og som gjeld for driftsåret. Denne oversikta vil vera arbeidsreiskapen for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet i haust. Prosjekt Nye omsorgsbustader får eigen omtale. Dette gjer også prosjekt der det vert tilrådd endringar. Til sist vert nokre pågåande prosjekt / satsingar som administrasjonssjefen meiner bør få ekstra merksemd i kommunen sitt planarbeid frametter.
Det vert også vist til kommentarar som den einskilde einingsleiar har framført i sine delrapportar.

Celle utan farge betyr finansiering m/låneopptak.
Grøn celle betyr finansiering m/tilskot.
Blå celle betyr finansiering m/fond.
Grå celle betyr finansiering m/sal av eigedom.

Prosjektnamn:	Løyving 2020	Status / kommentar
Oppgraderingar SYSIKT	200 000	Vert sett i samanheng og er avslutta, saman med andel prosjekt 2933 (Digitalisering)
Ny programvare (Socio- NAV, EPJ-fysio)	100 000	
Digitalisering / velferdsteknologi	250 795	Velferdsteknologi vert skilt ut og nytta i år 2020
Frå windows 7 til windows 10	100 000	Vert nytta i år 2020
Nytt fagsystem - VISMA flyt skule	151 941	Går mot avslutning - ventar på avrekning frå SYSIKT
Nytt fagsystem - VISMA flyt barnehage	163 212	
Nytt kommunenummer	95 050	Er avslutta - ventar på avrekning frå Staten
Arbeidsmiljøtiltak	-19 559	Avslutta - Meirforbruk vert tilrådd justert mot prosjekt 2828
Omdøme-/Profilerings-/Planmateriell	56 941	Vert avslutta i år 2020 - jf. Prosjekt 2936 - restmidlar kan vedtakast på nytt
Skilting kommunale bygg	100 000	Kommunen må lage og vedta ein skiltplan før bruk
Draumeplassen del I	186 640	Planane er laga - Midlane vert overført til prosjekt 2902 (neste steg i prosjektet)
Draumeplassen del I - bunde fond	45 000	
Draumeplassen del II	200 000	Planane som skuleelevane har laga, må revitaliserast, før oppstart
Ferdigstille Sognefjordhytta	100 000	Er avslutta
Ferdigstille Sognefjordhytta - auka Tippemidlar	67 000	Er avslutta
Tursti Sognesjøhytta (kommunal eigendel)	300 000	Nettosum - Utsatt grunna KORONA - Tippemidlar vert løyvd
Idrett- og friluftsplan	100 000	Vert nytta som kommunal eigendel i realisering av prosjekt i Idretts- og friluftsplanen
Prosjektnamn:	**Løyving 2020**	**Status / kommentar**
Utvikling Solund Prestegårdsmark (fond)	61 079	Konkret prosjekt må definert - ommunal eigendel i Tippemiddelprosjekt?
Gangveg Hardbakke sentrum til mobilmast	76 410	Er avslutta i år 2020 - mot Kulturvandringa
Strategisk handlingsplan - Utgreiing "unike bukvalitetar"	100 000	Vert å rekna som tilleggsløyvingar (kommunale eigendelar) for gjennomføring av planen
Strategisk handlingsplan - Utgreiing "kajakksatsing"	100 000	
Strategisk handlingsplan - Utgreiing "Innovasjonshus"	100 000	
Etablering av Skjergardsteneste	500 000	Dersom ein lukkast med etablering, vil løyvinga eller delar av denne verta nytta
Ventilasjon 2 adm.bygg - inkl. dagens bibliotek	300 000	Er avslutta i år 2020 - ny løyving trengs for 3. etasje kommunehus

Utbetring tak kommunehus (0,5 mill.)	500 000	Vert inkludert i kommunal vedlikehaldsplan ?
Forprosjekt nytt kommunehus	32 036	Det føreligg ingen planar for bruken av restløyvinga
Inventar og utstyr barnehage	242 326	Vert nytta i år 2020
Digital satsing skule / barnehage	500 000	Vert gjennomført i år 2020
Kabling datanettverk skule	95 319	Vert sett i samanheng med realisering av Ny skule
Inventar og utstyr skule	367 127	Vert sett i samanheng med realisering av Ny skule
Solskjerming Barneskule (mot vest)		Vert tilrådd gjennomført i år 2020
Nytt klatrestativ		Må stengast - vert sett i samanheng med nytt uteområde for Ny skule
Ny skule inkl. bibliotek	12 400 000	
Ny skule inkl. bibliotek (bruk av fond)	18 495 619	Konkurransegrunnlag er under utarbeiding
Sikkerheitssystem prosjekt "meirope bibliotek"		
Utbetring skulehus Straumen	82 559	Trengs ekstra løyving for utvendig maling
Nytt pasientjournalsystem	200 000	Avslutta år 2020
Nytt datarom Solundheimen	100 000	Under planlegging
Nytt TV-mottakssystem (innspel frå PLOMS - 70`)	100 000	
Nettverk ringesystem Helse- og omsorg	215 758	Avslutta i år 2020
Strikkemaskin	100 000	Er gjennomført med andre midlar ved Gjenbruket - tilrådd omdisponert
Utstyr Fysioterapi	78 241	Under avslutning - knytt til øyremerkte midlar
Ny rulle og tørketrommel	250 000	Avslutta år 2020
Medisinsk utstyr lækjarkontor (EKG og spO2-måler)	150 000	Avslutta år 2020
Etablering Genital undersøkjingsrom (GU-rom) og utstyr	150 000	Avslutta år 2020
Etablering nytt medisinrom	300 000	Tilbodsdokument under utarbeiding
Skiljevegg reint / skitten vaskeri m.m.	50 000	Er avslutta år 2020
Naudlysanlegg Solundheimen	150 000	Under arbeid
Oppgradering varmeanlegg Solundheimen	195 000	Under arbeid
Dagsenter uteområde / arbeidslokale	1 050 000	Under arbeid - Oppstart forprosjekt
Drivhus Dagsenter	30 000	Under fullføring i juni 2019
Inngangsparti / kapell	200 000	Under fullføring i juni 2019
Omsorgsbustader	1 262 714	Er avslutta år 2020 - Sluttrekneskap er utarbeidd - erstatningskrav sendt til prosjektør
Ekspressbåtstopp Hardbakke – regulering	100 000	Reguleringsplan u/arb. Vedtak er fatta på Fylkesnivå. Infrastruktur kostnadsrekna til 70 mill.
Prosjektnamn:	**Løyving 2020**	**Status / kommentar**
Utvikling av næringsareal – Sponevika	250 000	
Utvikling Næringsareal	150 000	Er å rekne som tilleggsløyvingar fram til konkrete planar føreligg
Industriområde Lundøy / kjøp kai	190 000	
Geovekstprosjekt	171 217	Vert avslutta i år 2020
Adresseprosjekt	251 509	Vert avslutta i år 2020. Venter framleis på endeleg avklaring hos Kartverket
Vedlikehaldsplan – investeringsdel	3 011 827	Konkrete tiltak på kommunale bygg og anlegg er under arbeid i tråd med planen.
Vaktmeisterløysing	646 955	Er under arbeid i tråd med intern framdriftsplan

Brannsyn	50 000	Vert avslutta i år 2020
Mannskapsbil / brannbil	2 900 000	Kontrakt inngått 2019. Utfordringar med pandemi fører til seinka levering (medio 2021) og auka kostnad.
Kostnad utskifting bil	200 000	Vert avslutta i år 2020
Oppfølgjing tilsyn brannvern (vaskehall m.m.)	306 140	Vert avslutta i år 2020. Vaskeplass utanfor rein sone og dokumentasjon er under arbeid.
ENØK – tiltak	566 626	Oppgradering/ombygging fyringsanlegg Solundheimen til biodrivstoff under arbeid
Veglys (HQL) - utskifting kvikksølvlampar	274 918	Er under arbeid.
Oppgradering Hardbakke vassverk	222 897	
Oppgradering UV-anlegg alle vassverk	1 500 000	Er under arbeid i tråd med intern framdriftsplan
Forprosjekt vassverk Hardbakke, Ytrøygrend / Kolgrov	150 000	
Utskifting rør Solund Idrettsbygg	200 000	Vert avslutta i år 2020
Kjøp grunn / opparbeiding parkering Kolgrov	21 485	Vert avslutta i år 2020
Ladestasjonar elbil	652 742	Er avslutta
Ladestasjon elbil - Tilskot ENOVA / BKK	300 000	
Oppgradering kommunale vegar	1 735 888	Det vert henta inn tilbod for utføring 3. og 4. tertial 2020.
Rutebåtkaiar- tilskot frå Fylkeskommunen	2 000 000	Vert berre gjennomført i den grad 100% tilskot vert ytt
Oppgradering kaiar	100 000	Under arbeid
Hamneområde (sal av eigedom)	1 038 695	Vert berre gjennomført i den grad kommunale eigedomar / tomtar vert selt
Trafikktryggingstiltak - bruk av lån	250 000	Tiltak for 2019 er utført. Det er søkt om tilskot 2020, og det er innvilga tilskot til mindre tiltak med lys.
Trafikktryggingstiltak – tilskot	250 000	
Bru Ytre Solund (bunde inv.fond)	14 592	Vert nytta ved opning av Ny bru over Ytre Steinsund
Veg / kai Sjøneset (inkl. reg.plan) / Nord Solund vel	874 900	Under planlegging
Kaihus Krakhella – opprusting	137 099	Under planlegging
Vegutbetring Hardbakke - Pollen (OP-samarbeid)	333 000	Innmeldt behov for tre møte plassar mellom Hardbakke og Hop. Er no utført og fullfinansiert av Vestland fylkeskommune. Vert å rekne som ein kommunal eigendel.
Planlegging utbetring FV 606 - tunellar m.m.	50 000	
Veg Kvernhusvika – Kråkenes	2 553 500	Vert avslutta i år 2020
Nytt K-vedtak 043/18 (ekskl. asfaltering)	2 750 000	
Veg Kvernhusvika - tilskot frå Sulefisk AS	4 000 000	
Veg Kvernhusvika - tilskot grunneigar / fritidseigedomar	700 000	
K-sak 027/18 / F-sak 075/18 – byggeleiing	300 000	
Rassikring veg til Kverhella	74 000	Under planlegging
Rasssikring Dumba-Engevik	400 000	Under planlegging - rapport utarbeidd
Prosjektnamn:	**Løyving 2020**	**Status / kommentar**
Bustadfelt Klubben - opparbeiding veg / VA	75 947	Vart oppstarta 1. halvår 2019. Anlegget skal vere klart til å ta i bruk nov. 2020. Ferdig med fast dekke våren 2021, under føresetnad av at Solund kommune nyttar seg av opsjon.
Bustadfelt Klubben - sal av eigedom	320 000	
Bustader Klubben - planlegging	50 000	Vert starta opp når Bustadfeltet er ferdigstilt
Nytt bustadfelt Hardbakke – lån	99 682	
Tun+ Ytrøygrend - bruk av lån	500 000	Klar til oppstart
Nye bustader sentrum (bruk utviklingsfond, inv.)	4 000 000	Under planlegging
Idrettshus Solund Idrettspark – låneopptak	1 486 427	Konkurransegrunnlag er lagt ut på Doffin. Tilbodsfrist 21. oktober.

Idrettshus Solund Idrettspark (sal av eigedom)	921 305	Synfaring med interessentar er gjennomført.
Idrettshus Solund Idrettspark – tippemidlar	4 100 000	
Idrettshus Solund Idrettspark - privat tilskot	2 600 000	
Infrastruktur / uteareal / parkeringsplass (Jf. K-sak 3/18)	1 000 000	
Investeringstilskot Solund Soknerâd	100 000	Årleg løyving - er utført
Prosjektering oppgradering gravplasser	50 000	Under vurdering

Status på nokre særskilte investeringsprosjekt:

Nye omsorgsbustader

Det vert vist til eiga sak om sluttrekneskap som vil verta lagt fram for Kommunestyret så snart denne er revidert og handsama i Kontrollutvalet. Her følgjer nokre sitat frå sluttrekneskapen.

Om avviket i prosjektet:

> *Avviket i høve revidert prosjektbudsjett er på 1,04 mill. (2,7%).*
> *I høve opphavleg løyving er avviket på heile 6,04 mill. Av denne summen er det berre 0,27 mill. (0,7%) som gjeld skuldast andre avvik enn dei feilprosjekterte massebereknингane.*
>
> *Dette «andre» har eit høvesvis lite %-vis avvik i eit så vidt omfattande byggeprosjekt. Det skuldast tillegg som kom så seint til i prosessen, at ein ikkje fullt ut klarte å finne inndekning undervegs, slik ein har gjort med dei fleste avvik elles. M.a. vart kommunen i januar 2020 fakturert for flytting av høgspentleidning og etablering av ny trafo (tilsaman 0,6 mill.) samt tilknytingsarbeidet til kommunen si vassforsyning (0,25 mill.). Det siste kvartalet med tidsskuvingar og prisstigning, vart heller ikkje vore tatt omsyn til ved siste justering av budsjettet.*
>
> *Som ein kan utlede av det ovanfor framførte, så har meirkostnadane med massebereknингane vore på heile 5,77 mill. 5,0 mill. av desse har vorte dekka inn med ekstra løyvingar frå Kommununestyre i prosessen.*

Vidare følgjer sitat frå konklusjon og tilråding:

> ***Konklusjon:***
> *Kommunen rakk å få starta opp prosjektet «Nye Omsorgsbustader», før tilskotsordninga vart redusert / endra.*
> *Solund kommune har, riktignok etter ein lang prosess, fått på plass tidsriktige og tenlege omsorgsbustader som held ein høg kvalitativ og teknisk standard. Bustadane tilfredsstiller Husbanken sine krav til både utforming, innhald og plassering. Sjølv om prosjektet er ferdigstilt har administrasjonssjefen sett i verk tiltak for å gjere uteområde meir attraktivt som både møteplass og aktivitetsområde for både unge og eldre. Ei «Kulturvandrings-løype» vart i sommar etablert, og traseen er lagt gjennom dette uteområdet. Det er også utarbeidd eit eige prosjekt for ein Nyskapande aktivitetsarena kalla «Meistring heile livet», med lokalisering eit steinkast frå dei nye Omsorgsbustadane. Kulturdepartementet handsamar no søknad om eit eige tilskot til å få realisert prosjekt.*
>
> *Det store økonomiske avviket er stort 1,04 mill., men i all hovudsak knytt til ein post; - massebereknингane. Samla avvik som følgje av desse feilbereknингane ville utgjort 5,77 mil, om ikkje budsjettet vart styrka undervegs i prosessen med 5,0 mill. Det heile skuldast feilprosjektering frå ekstern prosjektansvarleg si side. Dette trass i at det var utarbeidd ein rapport etter prøvegraving på tomta som skulle borga for rett massebereknинg.*
> *Solund kommune hadde diverre ikkje føresetnadar for å avdekka avviket før alt masseutskiftingsarbeid var utført.*
>
> *Andre avvik i prosjektet er løyst fortløpande, bortsett frå delar av kostnadane med flytting av høgspent og etablering av trafo, samt ekstraarbeid med tilknyting til offentleg vassverk. Desse kostnadselementet kom til så seint i prosessen at kostnadsreduserande tiltak og full inndekning ikkje var mogleg å få gjort. Det er*

Trass i dette avviket, så er det grunn til å glede seg over kva Solund kommune har fått til. Det er fjerna 4 utrangerte og unyttige omsorgsbustader og det er kome på plass 7 nye omsorgsbueiningar og 2 nye korttids institusjonsplassar.
Solund helsetun framstår no som rimeleg komplett. Solund kommune har med dette prosjektet, lagt grunnlaget for å levere ei fullverdig helse- og omsorgsteneste til sine innbyggjarar i all overskodeleg framtid. Ein meirverdi for kommunen med dette prosjektet er at tilreisande no får eit anna førsteinntrykk av kommunesenteret og Solund helsetun, enn det som var tilfelle for nokre år sidan.

Tilråding:
Administrasjonssjefen tilrå at inndekning for det økonomiske avviket, skjer ved førebels bruk av unytta lånemidlar knytt til andre prosjekt som ikkje er starta opp. Endeleg inndekning skjer gjennom budsjettprosessen for år 2021.

Sidan det endå kan kome endringar i den samla kostnaden i prosjektet, jf. kravet som er sendt til ansvarleg prosjektør på massebereknингane, så avventar administrasjonssjefen med å foreslå inndekning for det førebelse meirforbruket i prosjektet (1,04 mill.).

Husbanken stilte som vilkår for utbetaling av tilskot (13,7 mill.), at Omsorgsbustadane skulle verta tilrettelagt slik at brukarane ikkje vart bortgøymt, men heller ein naturleg del av sentrum.
Dette meiner administrasjonen at ein har klart å løyst ved m.a.:

- Å vise til at Klubben bustadfelt og no ny ekspressbåt på Hardbakke skaper eit nytt tyngdepunkt i Hardbakke sentrum nord. Dette må sjølvsagt fyllast med eit innhald
- At det er lagt mykje arbeid i å gjere uteområde lett tilgjengeleg og imøtekomande
- Kulturvandringsløypa som vart etablert i sommar, har ein naturleg stopp og møteplass midt Solund helsetun
- Det vert arbeidd aktivt med ein nyskapande aktivitetsarena, kalla «Meistring heile livet», som vert er tenkt plassert eit steinkast nordom dei Nye omsorgsbustadane. Arenaen vert tilpassa både dei som treng særskilt tilrettelegging og dei som er funksjonsfriske. Målet er å kople saman unge og eldre, private som offentlege på ein møteplass der viktige Dagsenterfunksjonar også vert løyst.

Ny skule m/bibliotek:
Framdrifta vart noko forrykka, då leverandøren av forprosjektet kravde eit større oppgjer for prosjekteringsjobben, med grunngjeving i at volumet på prosjektet har auka gjennom forprosjektfasen. Dette er ikkje i tråd med kontrakten, og i samråd med advokat har Solund kommune tilbode ein mindre kompensasjon til dekning for delar av kravet.
Arbeidet med konkurransegrunnlaget går like fullt sin gang og ein tek sikte på å få lagt dette grunnlaget ut på Doffin-basen i løpet av november. Byggestart er fortsatt stipulert til våren 2021.

Etablering av ekspressbåtstopp på Hardbakke
Vestland fylkeskommune har nyleg utarbeidd ein rapport om flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke, og samferdsleutvalet har slutta seg til konklusjonane i rapporten. Infrastrukturtiltak i samband med dette er kostnadsrekna til 70 mill og desse investeringane vert løfta inn i arbeidet med regional transportplan. Rapporten viser positive effektar for Solundsamfunnet. Ei slik endring vil få store konsekvensar for Solund. Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt eit tilskot på 0,3 mill. til Solund kommune for å arbeide vidare med å utgreie interne konsekvensar med å få etablert ein slik stopp i kommunesenteret. Frå før har Kommunstyret løyvd 0,1 mill. til føremålet.

Administrasjonssjefen vil i budsjett- og økonomiplanprosessen tilrå at det vert sett ned eit arbeidsutval

som kan vera ein positiv innspelar til det arbeidet Vestland fylke no skal starte opp, og på den måten sikre størst mogleg gevinst for heile Solund-samfunnet når dette vert ein realitet (2024?)
Dette vil verte eit tema i budsjett- og økonomiplanprosessen

Ny bru over Ytre Steinsund
Vestland fylke har handsama sin investeringsplan for komande planperiode, og prosjektet har ikkje vore på tale å fjerne.
Statens vegvesen med Ingar Hals i spissen (vår gode forprosjektfasemann) har vore på synfaring og dei arbeider no med å forme eit konkurransegrunnlag. Dei tek sikte på å vera ferdig med dette på forsommaren 2021.

Saman med omlegging av ekspressbåtstopp, vil dette vera med å forme ei annleis framtid for Solund. Om dette vil ein koma attende til i budsjett- og økonomiplanprosessen i haust.
Enn så lenge er det berre å sy ferdig bunaden og starte planlegging av opningsfesten i 2024 / 2025.

Framlegg til endringar i investeringsbudsjettet:

Nytt Idrettshus
Det vert vist til avsnittet om Avsetnader og bruk av avsetnader ovanfor. Der går det fram at administrasjonssjefen tilrår at det vert nytta 1,5 mill. frå disposisjonsfondet, til å få realisert prosjektet. Argumentasjon for at dette er eit påtrengande behov er også framført der. Det er ynskjeleg å få realisert prosjektet så snart tilbodskonkurransen er over (tilbodsopning 21. oktober) og detaljane i byggeprosjektet er lagt. Det er som tidlegare framført, eit lite strategisk tidspunkt for Solund IL å samle inn 2,6 mill.; - midt i Korona-tidene. Ekstra utbetalingar frå det sentrale Havbruksfondet gjer at dette er mogleg å få til. Føremålet med bruken av dette fondet er også oppfylt.

Det vert tilrådd å endre finansieringa av 1,5 mill. frå privat tilskot til overføring frå drift.
Dette gjev ingenkonsekvensar for drifta, sidan desse midlane aldri har vore budsjettert.

Ytre Solund Fleirbrukshus - Strikkemaskin
Huset treng ei utvendig oppgradering og denne er kostnadsrekna til 0,1 mill. Dette gjev huset ein større attraksjonsverdi. Huset er også for utleige knytt til førestående arbeid med bru over Ytre Steinsund og bør også av den grunn framstå attraktivt.
Løyvinga til «Strikkemaskin» vert ikkje nytta, sidan «Flittige hender» no er flytta til Gjenbruket og der er det allereie kjøpt inn ei strikkemaskin.

Det vert tilrådd å auke løyvinga til Ytre Solund Fleirbrukshus med 0,1 mill. og redusere løyvinga til Strikkemaskin med -0,1 mill.

Arbeidsmiljøtiltak - Omdøme-/Profilerings-/Planmateriell
Ved 1. tertialjustering vart det ikkje tatt omsyn til at det var eit meirforbruk på prosjekt Arbeidsmiljøtiltak på kr. 19. 559. Dette ynskjer administrasjonssjefen å rydde ved å redusere restløyvinga til Omdøme-/Profilerings-/Planmateriell tilsvarande.

Det vert tilrådd å auke løyvinga til Arbeidsmijøtiltak med kr. 19.559. og redusere løyvinga til Omdøme-/Profilerings-/Planmateriell med kr. -19.559.

For alle andre prosjekt reknar administrasjonssjefen som i meir eller mindre i rute og med løyvingar som er nokolunde i tråd med faktisk behov. Jf. tabellen ovanfor for ytterlegare kommentarar.

Oppsummert behov for budsjettendringar i investeringar:

Under følgjer ein tabell som syner samla tilrådde endringar på investeringsprosjekt ved denne tertialrapporteringa:

Tabell 2: Budsjettjusteringar - Investering				
				Vedtak
	Prosj.			
			Endring finansieringskjelde:	
	2860		Solund Idrettsbygg - overf. frå drift (inntekter frå statleg Havbruksfond)	-1 500 000
	2860		Solund Idrettsbygg - redusert finansiering med private tilskot	1 500 000
	2945		Auka løyving Ytre Steinsun Fleirbrukshus	100 000
	2017		Redusert løyving Strikkemaskin	-100 000
	2936		Inndekning meirforbruk Arbeidsmiljøtiltak	19 559
	2828		Omdøme-/Profilerings-/Planmateriell	-19 559

Avslutning

Solund kommune har fått ein vesentleg folketalsnedgang dette driftsåret. Inntektssystemet er skrudd saman slik at dette i liten grad påverkar rammevilkåra for inneverande år. Men det vil påverka komande års rammevilkår. Budsjett- og økonomiplanprosessen vil såleis verte krevjande.

Koronaen har definitivt påverka drifta inneverande år. Meirkostnadane er skilt ut i eit eige ansvarsområde (805). Det vert spanande å sjå om kommunen vert fullt ut kompensert for desse meirutgiftene. Svaret kjem ikkje før ut i november.

Held ein utanom Korona-utgiftene, noko som ei vanskeleg øving å få til, kan det sjå ut som om Solund kommune driftar i balanse. Det er kome til nokre uføresette utgifter og nokre forventa inntekter uteblir. Likeins er det utgifter på tilleggsløyvingspostar som neppe blir nytta dette driftsåret, slik at ein reknar med ein totalbalanse ved årsslutt.

Uansett har Solund kommune fått store meirinntekter via det statlege Havbruksfondet dei siste åra. Desse inntektene skaper store positive netto driftsresultat. Dette vert lagt merke til å regionalt og sentralt nivå og Solund kommune kan ikkje forvente å få kompensert sine småkommune-ulemper med skjønsmidlar i framtida. Desse ulempene må like fullt kompenserast.
Utfordringa er å halde utgiftsnivået på eit nøkternt nivå og å finne det rette nivået for kor mykje Havbruksfondsmidlar kommunen skal nytte i drifta.

Alt det som no skjer positivt intern og rundt oss, er med å gje framtidsvon, som t.d.

- ei snarleg ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel
- ei fiskeri- og havbruksnæring som satsar og vil vekse i Solund
- ein formidabel auke i fokus på Solund som reiselivsdestinasjon.
- ei komande realisering av bru over Ytre Steinsund
- ein ny ekspressbåtstopp i sjølve kommunesenteret

- eit statleg og fylkeskommunalt nivå som syner vilje til å finansiere det regionale parkarbeidet
- og mykje, mykje meir

Solund kommune har som mål å gje innbyggjarane eit fullverdig kommunalt tenestetilbod med utgangspunkt frå eige lokalsamfunn. Dette har kommunen klart å få til dei siste åra.
OU-prosessen skal bidra til å få den kommunale organisasjonen til å stå saman for å løyse dei framtidige krav og behov som vert stilt, på ein offensiv måte.

Samarbeid og samhandling på tvers, både internt og med innbyggjarane våre, skal vera Solund si suksessoppskrift for å overleve som eigen kommune. Administrasjonssjefen har i dette driftsåret sett konturane av at det nyttar å tenkje og jobbe slik, og ser difor fram til vidare samarbeid om å etterleve Solund sin 10-årige samfunnsplan «Vi skapar framtida i lag».

Hardbakke 9. oktober 2020

Tabelloppsett til Tertialrapport nr. 2 år 2020

	Balanse	**0**	**0**	**0**
	Budsjettskjema 1A	**R - 19**	**OB - 20**	**RB1 - 20**
	Innbyggjartilskot	-19 941 000	**-20 468**	**-20 468**
	Endringar prognose etter ny folketeljing 31/3			
	Reduksjon med nytt Statsbudsjettet			
	Utgiftsutjamning	-18 895 000	**-20 678**	**-20 678**
	Endringar prognose etter ny folketeljing 31/3			
	Auke med nytt Statsbudsjettet			
	Overgangsordningar (INGAR)	43 000	**44**	**44**
	Særskilte fordelingar	-527 000	**-723**	**-723**
	Reduksjon med nytt Statsbudsjettet			
18000	Distriktstilskot Sør Norge	-5 698 000	**-5 875**	**-5 875**
	Reduksjon med nytt Statsbudsjettet			
	Ekstra veksttilskot		**-32**	**-32**
	Fylkesmannen sitt skjønstilskot	-1 500 000	**-1 500**	**-1 500**
	Reduksjon med nytt Statsbudsjettet			
	Justeringar tidl. SB- og nytt RNB vedtak	39 000		
	Framlegg RNB - Som følgje av Koronaepidemi			**-1 173**
	Framlegg RNB - Utsatt overføring av skatteoppkreving			**-193**
	Framlegg RNB - Auke ekskl. Koronaepidemi			**-96**
	Endringar endeleg RNB-vedtak			
	Sum rammetilskot	-46 479 000	**-49 232**	**-50 694**
18000	Inntektsutjamning	-740 249	**-1 041**	**-835**
	Endringar prognose etter ny folketeljing 31/3			
18700	Skatt på inntekt og formue	-24 412 880	**-24 087**	**-23 262**
	Endringar prognose etter ny folketeljing 31/3			
	Auke med nytt Statsbudsjettet			
18700	Ekstra lokal skatteinngang			**-200**
	Salderingspost - tusenavrunding		**-40**	**-9**
	Endring tusenavrunding			
	Sum skatt og inntektsutjamning	-25 153 129	**-25 168**	**-24 306**
18101	Ekstra skjønsmidlar (FM) - Covid19			
18101	Prosjektskjøn (FM) - Digital kompetanse			
	Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning	-71 632 129	**-74 400**	**-75 000**
	Rentekompensasjon Sokneråd	-13 534	**-20**	**-10**
	Rentekompensasjon skulebygg	-36 528	**-35**	**-15**
	Rente- og avdragskomp. Solundheimen	-493 199	**-495**	**-425**
	Bustadtilskot	-300 000		
	Sum andre generelle statstilskot	-843 261	**-550**	**-450**
18600	Flyktningtilskot (jf. avsetnad)	-3 277 000	**-1 725**	**-1 725**
18750	Eigedomsskatt	-1 730 123	**-1 800**	**-1 400**
18400	Inntekter Havbruksfond - prouksjonsavgift	-6 986 714	**-3 000**	**-3 000**
	Inntekter Havbruksfond - auksjonar (framlegg RNB)			**-4 875**
	Auka inntekter frå auksjonar (etter forlik RNB)			**-9 484**

Tabelloppsett til Tertialrapport nr. 2 år 2020

	Balanse	0	0	0
	Budsjettskjema 1A	**R - 19**	**OB - 20**	**RB1 - 20**
	Sum frie disponible inntekter	-84 469 228	-81 475	-95 934
19000	Renteinntekter	-969 006	-925	-625
19005	Utbyte Sunnfjord Energi / BKK	-1 081 408	-750	-1 500
	Utbyte SF Holding		-900	-450
15000	Renteutgifter	2 417 173	3 432	2 582
	Justering renteutgifter			
15100	Avdrag på lån	5 968 250	6 657	6 657
	Justering avdragsutgifter			
	Salderingspost - tusenavrunding		-15	-15
	Endring Tusenavrunding.			
	Netto finansutgifter/inntekter	6 335 009	7 500	6 650
	Til fordeling drift - før avsetnader	-78 134 219	-73 975	-89 284
15400	Avsetnad til disposisjonsfond	1 547 221		
	Avsetnad til Utviklingsfond	6 000 000		
	Avsetnad inntekter frå Havbruksfond	6 986 714	3 000	17 359
	Auka avsetnad inntekter Havbruksfond			
	Avsetnad refusjon Veg Dalesund - Tangenes		200	200
15500	Avsetnad bundne fond	1 262 550		
19400	Bruk av disposisjonsfond	-3 900 000	-3 900	-3 900
	Til samfunns- og næringsutvikling (800)			-300
	Til Marine grunnkart (ansvar 800)		-200	-200
	Til kommuneplan (ansvar 110)	-800 000		
	Til Klima- og miljøplan (ansvar 110)		-250	-250
	Til Eigendelar mobil (ansvar 800)		-300	-300
	Til Nettdekning resten av kommunen (ansvar 800)			-1 700
	Til Fiberprosjekt Hagefjorden (ansvar 800)			-800
	Til inndekning KORONA / Næringslån (ansvar 805)			-1 000
	Til utviklingsfond	-6 000 000		
	Til andre prosjekt og føremål	-2 254 776		
19500	Bruk av bundne avsetnader	-1 421 813		
	Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk	-517 037		
	Netto avsetnader	902 859	-1 450	9 109
	Til Eigenkapitalinnskot KLP	330 000	330	330
	Netto avdrag på utlån	120 000	120	120
	Til Nytt Idrettshus			
	Sum overført til investering	450 000	450	450
	FORDELING TIL DRIFT	-76 781 360	-74 975	-79 725
	Rekneskapsmessig resultat	-0	0	0
	Fordelt til drift	75 943 313	74 975	79 725
	Rekneskapsmessige justeringar	838 047	0	0

Tabelloppsett til Tertialrapport nr. 2 år 2020

	Balanse	0	0	0
	Budsjettskjema 1A	R - 19	OB - 20	RB1 - 20
	Balanse	0	0	0
	Skjema 1B - drift			
100	**Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.**	11 500 170	11 800	11 325
	Justering utgiftsnivå valår		-50	-50
	Justering verdibrev			
	Prosjekt deponering arkiv		200	200
	Microsoft lisensar		50	50
	Effektivisering administrasjon			-300
	Kompensasjon løns- og prisvekst		397	397
	Inntektsvekst		-46	-46
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-175
	Tusenavrunding		-1	-1
110	**Overordna plan, næring, miljø, m.m.**	2 633 888	2 025	2 100
	Prosjekt Klima- og energiplan		250	250
	Prosjekt Kommuneplan			100
	Avtalar grendahus / kystlednaust / Sognesjøhytta, m.m.		150	150
	Kompensasjon løns- og prisvekst		57	57
	Inntektsvekst		-11	-11
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-25
	Tusenavrunding		4	4
120	**Fjordane Friluftsråd**	100 000	200	175
	Andel drift av Skjergardsteneste i SogFj.		50	50
	Kompensasjon løns- og prisvekst		72	72
	Inntektsvekst		-31	-31
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-25
	Tusenavrunding		9	9
130	**Rådgjevar samferdsle, bustad, m.m.**	-177 282	-925	-525
	Omsorgsbustader - justering husleigeinntekter		-680	-680
	Justering utsatt oppstart utleige			340
	Felles informasjonsportal - ledige husvære			60
	Kompensasjon løns- og prisvekst		18	18
	Inntektsvekst		-40	-40
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	0
	Tusenavrunding		2	2
140	**Folkehelsekoordinator**	244 628	275	275
	Kompensasjon løns- og prisvekst		9	9
	Inntektsvekst		0	0
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	0
	Tusenavrunding		16	16
150	**Flyktningkoordinator**	1 650 350	300	275

Tabelloppsett til Tertialrapport nr. 2 år 2020

	Balanse	0	0	0
	Budsjettskjema 1A	R - 19	OB - 20	RB1 - 20
	Utfasing flyktningprogram			
	Utsett nedbemanning (jf. OU-prosess)			
	Overført ramme til NAV			
	Kompensasjon løns- og prisvekst		64	64
	Inntektsvekst		-1	-1
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-25
	Tusenavrunding		12	12
200	**Solund barnehage**	5 328 919	6 075	5 975
	Tospråkleg assistent - jf. auka integreringstilskot		500	500
	Andel spesialpedagogisk tiltak		200	200
	ØKPRP - "Tidleg innsats barnehage og skule"			
	RNB - "Fleire barnehagelærarar"			
	Avlastning 100% stilling skulefagleg ansvarleg (til ansvar 220)			
	Kompensasjon løns- og prisvekst		218	218
	Inntektsvekst		-28	-28
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-100
	Tusenavrunding		10	10
210	**Solund barne- og ungdomsskule**	13 011 084	13 300	13 075
	Prosjekt - Digital kompetanse			75
	Tidleg innsats - regjeringa si prioritering		670	670
	Leirskuletilskot - overgang til rammetilskot		12	12
	SFO moderasjonsordningar - overgang til rammetilskot		17	17
	Utfasing ekstraressurs flyktningar			
	Avlastning 100% stilling skulefagleg ansvarleg (til ansvar 220)			
	Redusert drift ved ny / rehabiitert skule			
	Kompensasjon løns- og prisvekst		479	479
	Inntektsvekst		-39	-39
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-225
	Tusenavrunding		11	11
220	**Felles barnehage, skule m.m.**	2 521 128	2 500	2 475
	Digitalisering - kjøp av tenester			
	Auke interkommunalt PPT		175	175
	Auka kostnader Vaksenopplæring			
	Reduserte reinhaldskostnader - vakanse			
	Reduserte kostnader skuleskyss			
	Kompensasjon løns- og prisvekst		103	103
	Inntektsvekst		-33	-33
	Nedjustert deflator iht. gj.snitt RNB / KS		0	-25
	Tusenavrunding		5	5
250	**Solund kulturskule**	628 532	600	650
	Utvida tilbod musikk- og film (samarbeid med skule)			75
	Kompensasjon løns- og prisvekst		21	21
	Inntektsvekst		-2	-2
I tillegg har NHNH tilbydt seg å gjere arbeidet med «Kva skjer i Solund», etter at næringsfondsøknaden er «gått ut», innanfor ramma som Solund kommune har for kjøpt arbeid. Dette har kome til i tillegg til kontrakten som no ligg føre. Kontraktsummen er på 350.000 kr/år, der Solund kommune har tilgang til ein 50%-stillingsressurs. To frå representantar Nordhordland Næringshage har vore faste deltakarar på samrådingsmøtet.

Møte 17. november 2017:
Næringslivet i Solund ved SNS og SNU, ynskte eit møte med kommunen for å drøfte næringsarbeidet i Solund i tida etter nedlegging av HAFS Utvikling. På møtet kom det innspel på om NHNH og SIVA kunne vere aktuelle samarbeidspartnerar, eller om det kunne vere aktuelt å organisere seg som Fjaler Næringsutvikling. Notat frå møtet ligg vedlagt.

Møte 16. januar 2018:
I regi av Solund Næringssamsskipnad vart det 16. januar arrangert eit møte om næringsarbeid i Solund etter at HAFS Utvikling vart avvikla. På dette møtet vart dei frammøtte utfordra på blant anna kva oppgåver som må løysast, kompetansebehov, organisering, samarbeid og finansiering. Signala frå dette møtet var at næringslivet ynskte ei organisering med meir lokal tilknyting. Det var og eit klart ynskje om at næringsfondet bør forvaltast lokalt. Det var ynskje om at Solund kommune raskt fekk på plass ei organisering av næringsarbeidet. Det kom gode innspel på konkrete oppgåver som bør løysast. Notat frå møtet ligg vedlagt.

Møte 2. mars 2020:
Administrasjonen hadde møte med SNS og tidlegare dagleg leiar i SNU, 2. mars 2020. På førehand hadde deltakarane fått nokre spørsmål, som SNS sende ut til sine medlemmar. Svara tok SNS med på møtet. Spørsmåla omhandla målet med næringsarbeidet, kompetansebehov, ansvar, organisering og finansiering. Oppsummert frå dette møtet meiner deltakarane frå næringslivet at ein bør bruke Nordhordland Næringshage vidare, at det ikkje er behov for full stilling, men den bør aukast frå dagens 50 %, og at avtalen er langsiktig, minimum 4 år. Nota frå møtet ligg vedlagt.

Innspela til Solund Næringssamskipnad i tilknyting til spørsmåla som vart sendt ut var, kort oppsummert (innspel og spørsmål ligg vedlagt):
- At midlar frå havbruksfondet må nyttast til finansiering av næringsutvikling
- Næringsutviklingsarbeidet i Solund må vere knytt til den kommunale organisasjonen
- Konkrete innspel til roller og oppgåver
- Viktig med tett samarbeid mellom næringsliv og kommunen

- Viktig med rett kompetanse i stillinga
- Målet bør vere at det skal vere lettast mogeleg å starte opp og drive næring, i praksis tilgjengeleg rådgjevingsteneste.
- Meiner apparatet slik det er bygd opp i dag er tilfredstillande

Innspel i samband med høyring på samfunnsdel:
Det var høyring på Solund kommune sin samfunnsdel i haust og det kom inne ein del innspel til denne som er relevante i samband med organisering av næringsarbeid og oppgåver og roller her. Det vert vist til innspelsdokumentet som ligg i saka som omhandlar samfunnsdelen. I korte trekk er det innspel til behov i samband med næringsutvikling og oppgåver som bør løysast, bruk av havbruksfondmidlar og auka satsing på reiseliv.

Ulike løysingar for næringsarbeidet:
Næringsarbeidet kan løysast på fleire ulike måtar. Solund kommune kan ha ein tilsette som løyser oppgåvene. Eller ein kan nytte ei løysing slik som i dag; med å kjøpe tenestene. Ein kan velje dagens løysing som er å kjøpe tenestene av Nordhordland Næringshage, ein kan kjøpe tenester av andre aktørar, til dømes Aksello, eller ein kan vekke Solund Næringsutvikling til liv att.

Dersom stillinga vert ein del av den kommunale organisasjonen kan ein vurdere om den tilsette skal ha kontor saman med næringslivet, dette gjer at vedkomande kjem tettare på næringslivet. Det bør også gjerast ei vurdering på om stillinga skal ha eit eige budsjett som vedkomande disponerer innan visse rammer, dette kan gjere at avgjerdsvegane vert kortare og ein får mindre byråkrati.

Det kan også vere aktuelt å dele arbeidet, for å få hente ut fordelane av både ei kommunale stilling og ei stilling der ein kjøper inn tenester.

Evaluering av dagens ordning:
Nordhordland næringshage har løyst alle oppgåvene som er avtala, på ein god måte, i tillegg har NHNH, på eige initiativ, teke på seg å arrangere «Kva skjer i Solund» som ein del av avtalen. Solund kommune har i tillegg kjøpt tenester/ timar frå NHNH til enkelt prosjekt. I løpet av avtaleperioden, har både administrasjonen og næringslivet sett behovet for å løyse meir enn dei oppgåvene som ligg i det lovpålagde næringsapparatet. Ein ser behovet for å drive meir med utviklingsarbeid, til dømes i tråd med handlingsplan til lokal utviklingsstrategi og arbeid i samband med rekruttering.

Nordhordland Næringshage har signalisert ynskje om å vere leverandør av tenester til Solund kommune også i framtida. For å tilpasse tilbodet betre, dei har skissert ei løysing der Solund kommune til dømes kjøper ein «timebank» med frie timar som kan nyttast til bestillingsarbeid, til til dømes koordinering av lokal karrieremesse. Det må vere Solund kommune som avgjer bruken av desse timane.

Dersom kommunen vel å nytte ein ekstern aktør må Solund kommune i ny prosess med utlysing av konkurransegrunnlag og innstilling av leverandør. Høve til å nytte opsjon i kontrakten med Nordhordland Næringshage har ein allereie nytta. Frå konkurransegrunnlaget vart lagt ut til innstilling av leverandør, gjekk det om lag 3 veker. I tillegg kjem tid til å utarbeide konkurransegrunnlag, som var 3 veker førre gang, og tid fram til politisk handsaming.

Oppgåver og roller som kan vere aktuelle:
I tillegg til dei oppgåvene Nordhordland Næringshage løyser i dag, inkludert å koordinere «Kva skjer i Solund», kan det vere aktuelt å:

- arbeide med lokal utviklingsstrategi sin handlingsplan
- arbeide med samfunnsutvikling
- koordinere av ulike tiltak og prosjekt
- vere initiativtakar til tiltak og prosjekt
- representere, synleggjere og marknadsføre Solund i ulike fora
- gjennomføre fellestiltak
- vere kontaktpunkt og knutepunkt mellom næringsliv og kommunen
- vere talerøyr og pådrivar
- vere støttespelar/ sparringspartner
- vere nettverksbyggar og formidle kontaktnett
- drive oppsøkjande verksemd
- mobilisere og stimulere til utvikling

Kostnad:
Solund kommune har sett av 350.000 kr til næringsarbeid i 2020 over drift. Ei kontrakt med Nordhordland Næringshage på same stillingsstorleik som i dag, kan ein truleg forvente vil vere på nær same nivå for ei eventuell ny kontrakt.

Dersom ei 100 % stilling skal finansierast av kommunen må ein rekne med ein kostnad på rundt 950.000 kr inkludert sosiale utgifter. Det vil vere ekskludert eventuelle kontorutgifter, reise og eige budsjett for prosjektutvikling med meir.

Utsetting av saka:
Det kan vere ei moglegheit å utsette saka. Dette vil gjere at næringslivet får endå betre høve til å kome med ei samla uttale. Det vil også gjere at ein kan få på plass retningsliner for utviklingsfondet. Organisasjonsutviklingsprosessen er også på ein stad i prosessen som gjer at det kunne vere gunstig å utsette saka for å lande kor ei slik stilling skal vere i organisasjonen.

Nordhordland Næringshage stiller seg disponible også utover 30. juni 2020, dersom det er behov for dette.

Vurdering:
Administrasjonssjefen meiner at Solund bør prøve å finne ei permanent løysing for næringsarbeidet snarast. Dette gjev føreseielege forhold for alle partar.

Organisering:
Administrasjonssjefen meiner ein bør prøve å nytte fordelane med både ein kommunalt tilsett og ein ekstern aktør. Fordelinga av arbeidsoppgåvene må definerast godt ved ei slik løysing, og det kan vere oppgåver både den eksterne parten og den kommunalt tilsette vil vere involvert i.

Å reetablere Solund Næringsutvikling vil ta tid. Dersom ein vel å ha ein kommunalt tilsett og i tillegg å leige tenester hos andre, vil ein få gevinstane som ein ville fått ved å reetablere SNU. Administrasjonssjefen meiner difor at ein ikkje skal reetablere SNU att.


Administrasjonssjefen tilrår at ein løyser det tilbodet som Solund kommune har i dag, ved å nytte ein ekstern aktør. Det vil seie å ha ein avtale som i dag, med ein timebank som nemnt tidlegare i saka. Sakshandsaminga av næringsfond- og

næringslånsøknader bør gjerast av administrasjonen i Solund kommune, dette gjer at det vert mindre dobbelt arbeid, men søknadane vert då mindre gjennomarbeidde. I kontrakten med NHNH utgjer sakshandsaming av søknader om lag 10 % stillingsressurs. Ved å kutte sakshandsaming hos ekstern aktør, men ha tilgang til ein timebank, som Solund kommune disponerer, vil ein framleis ha ein 50 % stillingsressurs.

Administrasjonssjefen meiner at Solund kommune ikkje får løyst alle dei oppgåvene som er ynskjeleg slik næringsarbeidet er innretta i dag. Døme på nærings- og samfunnsutviklingsoppgåver som ein ikkje har fått jobba godt nok med er innovasjonshus, handlingsplan for bustadbygging, rekruttering, ekspressbåtstopp, utbetring av FV 606, digitale undervisningsfasilitetar, fullføre tettstadforming på Hardbake, for å nemne noko. Nokon av desse tiltaka har vore i planane til Solund kommune lenge, og det difor er viktig å få sett ut i livet. Det vert difor tilrådd at det vert etablert ei kommunal stilling som arbeider med nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Det er viktig at det vert ein god prosess for å finne roller og arbeidsoppgåver. Dette er moment som ein vil få løyst i OU-prosessen.

<u>Finansiering av næringsarbeidet:</u>
Stillingane bør ikkje vere prosjektfinansiert, då vert finansieringa fort ein stor del av jobben og tek mykje fokus frå utviklingarbeidet. Stillingane må difor enten finansierast via drift eller via utviklingsfondet. Administrasjonssjefen meiner at kontrakten med den eksterne aktøren løysast over drift, som i dag, medan den nye kommunale stillinga løysast via utviklingsfondet på drift. Dette vil vere i tråd med signala for bruk av utviklingsfondet som blant anna har vore at det skal nyttast til utvikling av næringslivet.

Etter endeleg vedtak utskrift til:
Solund Næringssamskipnad
Nordhordland Næringshage
Solund Næringsutvikling


Administrasjonssjef
Sektorovergripande samarbeid
Felles fokus- og satsingsområde
Oppvekst og kultur
- Barnehage
- Skule
- Vaksenopplæringa
- Biblioteket
- Kulturskule
- PPT
- Barnevern
- Ungdomsrådet
Helse og omsorg
- Legekontor
- Sjukeheim
- Heimetenesta
- Kjøkken, vaskeri og reinhald
- Ergo- og fysioterapi
- Dagsenter
- Helsestasjon og skulehelsetenteste
- Jordmorteneste
- Psykisk helse og rusomsorg
- Kommunepsykolog
- Skulehelseteneste
Plan og tekniske tenester
- Byggesak
- Reguleringsplan
- Kart, oppmåling og geodata
- Brann og beredskap
- Landbruk og vilt
- Nybygg og nyanlegg
-Teknisk drift, bygg og anlegg, vaktmeister
- Vatn, avløp og renovasjon
Samfunns- og næringsutvikling
- Næring
- Overordna planarbeid
- Klima, miljø og berekraft
- Samferdsle
- Mobil og fiber
- Fjordane Friluftsråd
- Folkehelse
- Idrett og friluftsliv
- NAV
- Frivilligsentral og Gjenbruket
- Turistinfo
Stab
- Telefon, skranke og informasjon
- Arkiv
- Økonomi
- Personal
- Politisk sekretariat
- Digitalisering
- Innkjøp
- Informasjonstryggleik

Solund kommune

Arkiv:	K1-223, K2-V83
ArkivsakID:	20/494
JournalpostID:	20/2726
Sakshandsamar:	Terje Drengenes
Dato:	07.10.2020

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
084/20	FORMANNSKAP	16.10.2020
	KOMMUNESTYRE	

Søknad om tilskot til bygging av veg til søre Kråkenes

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Vedlegg i saka:

20.07.2020	Søknad om tilskot til bygging av landbruksveg
14.12.2018	Vedtaksbrev bygging av landbruksveg til gbnr 45/2 Kråkenes

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:
Kommunestyresak 006/08 - Samarbeid mellom private og Solund kommune om bygging og drift av vegar.

Kva saka gjeld:
Søknad om tilskot til bygging av privat veg til g.nr. 45 b.nr. 2 søre Kråkenes

Saksutgreiing:

Audun og Kathrine Pollen søkjer som eigarar til g.nr. 45 b.nr. 2 om tilskot til bygging av landbruksveg til bruket.
Veganlegget er godkjent etter reglane for landbruksveg i delegert sak 035/18 den 14.12.2018.

Vegen vert 770 meter frå den kommunale vegen i Kråkenes og vert bygt som landbruksveg klasse 7 etter normalan for landbruksveg. Landbruksgen klasse 7 held ikkje standard som kommunal veg. Kommunal veg vil tilsvare klasse 3 eller 4. Ein slik auke i standard ville påverke kostnaden vesentleg.
Kalkulert pris for vegen som landbruksveg klasse 7 er i søknaden oppgjeven (avrunda) til kr. 2.325.000,- inkl. mva.

Vurdering:
Vegen gjev vegutløysing med landbruksveg klasse 7 til landbrukseigedomen g.nr. 45 b.nr. 2 med utmark, innmark og våningshus. Eigaren syter for skjøtsel av innmarka

og vedlikehald av bygningane.
Det er positivt at eigar vil føre fram veg til eigedomen, og det vert då også lagt til rette for framtidig fast busetnad på eigedomen.

Solund kommunestyre har i sak 006/08 vedteke retningslinjer for tilskot til veg. I sak 032/18 løyvde Solund kommunestyre 10% tilskot til privat veg til g.nr. 15..b.nr. 1 på Ravnøy.
Som for vegen til g.nr. 15 b.nr. 1 kjem heller ikkje vegen til søre Kråkenes inn under alle kreteria i sak 006/08. Administasjonen vil likevel tilrå at ein nyttar same praksis som for vegen på Ravnøy og gjev 10% tilskot til det private veganlegget, som utgjer kr. 232.500,-. Som finansiering av tilskot vert tildådd å nytta det kommunale disposisjonsfondet etter inntekt frå havbruksfondet.

Etter endeleg vedtak utskrift til:
Audun og Kathrine Pollen

Audun og Katrine Pollen

Bostadvegen 258

7540 KLÆBU

15.07.2020

Solund Kommune

6924 HARDBAKKE

SØKNAD OM TILSKUDD TIL BYGGING AV LANDBRUKSVEG

Viser til vedtak om bygging av landbruksveg ut til gbnr 45/2 Kråkenes, ArkivsakID 18/628, JournalpostID 18/3800. Denne landbruksvegen starter der den kommunale vegen som nå er under bygging fra Eide til Kråkenes avslutter. Vegen er beregnet til 770 meter.

Etter samtaler med ordfører og administrasjonssjef har vi fått informasjon om at vi har anledning til å levere en søknad til Solund kommune om økonomisk støtte for å realisere bygging av landbruksvegen ut til vårt bruk. Vi ønsker derfor med dette å søke om økonomisk støtte fra Solund kommune til å bygge denne vegen.

Vi kan opplyse om at vi har fått inn 3 anbud på bygging av landbruksvegen og at det rimeligste er det anbudet vi går for. Prisen på bygging av landbruksvegen blir da 1 859 550,- pluss mva. Vegen skal følge den røde streken på vedlagt kart og skal bygges etter vilkår satt i vedtaket (vedtaket er vedlagt).

Et mulig alternativ til bidrag fra kommunen til bygging av vegen er at kommunen kan stå som byggherre på vegen og at kommunen får igjen momsen, noe som gjør at prisen for vår del blir lavere.

Det andre alternativet er et økonomisk tilskudd fra kommunen som et bidrag i vegen.

En av grunnene til at vi mener at Solund kommune bør bidra i vegen er at vegen vil gi utløse tilkomst for allmennheten til et område av kommunen som tidligere ikke har vært tilgjengelig annet enn sjøvegen. Dette vil gi en mulighet for gående og syklende å oppleve området. Det er satt som vilkår i vedtaket at vegen skal være sperret med bom, men gående/syklende vil fortsatt ha tilgang til vegen.

Det blir muligheter for kommunens innbyggere og turister å få tilkomst til en fantastisk utsikt både ut Sognefjorden, men også innover Nessefjorden på en og samme plass. Både Hurtigruten og cruiseskip vil man kunne oppleve på nært hold. Det er også muligheter for kommunen å etablere utkikkspunkt flere steder.

Dette vegprosjektet er en stor kostnad for en enkelt familie og ved at vi bygger denne vegen vil det bedre tilgjengeligheten for alle kommunens innbyggere, ikke bare for vår familie. Vi mener derfor at kommunen bør bidra økonomisk.

Nå når kommunen tar den store kostnaden sammen med Sulefisk å bygge den kommunale vegen fra Eide til Kråkenes mener vi det er nærliggende at kommunen bidrar slik at også vårt bruk får veiutløsning. Det vil gi en bedre utnyttelse av de investerte midlene at to eiendommer får veiutløsning.

Vi ønsker å holde landbrukseiendommen vår i hevd slik at det kan være en eiendom som vi kan være stolt av, men det er også en god reklame for kommunen at det er velstelt.

Vi har startet et omfattende arbeid med å bringe gården tilbake i den form den var og har gjort utbedringer med bolighuset. Vi har skiftet vindu og bordkledning samt tatt av dråpeskiferen på taket, hatt på papp og skrudd opp skiferen igjen. Vi har også bygd opp igjen uthuset på gamle murer. I tillegg har vi grøftet dyrkajorda samt ryddet skog for å fjerne den uønskede arten sitkagran. Vi har slått myrene for å bevare kulturlandskapet og for å hindre gjengroing.

Det bør være i kommunens interesse at eiendommen blir holdt i hevd. Eiendommen er godt synlig for både cruisebåter og hurtigruten samt andre som passerer i skipsleia og vi opplever ofte at det blinker i blitzen fra fotoapparat fra cruiseskipene som passerer.

Slik det har vært de årene vi har hatt gården har alt arbeid med grøfting, slått og rydding av skog blitt gjort med håndmakt. Med maskiner vil man kunne gjøre mer på kortere tid. Vi har transportert alt sjøvegen og brukt mye tid og energi på transport og å bære opp material. Videre restaurering blir enklere hvis vi får realisert vegen.

Hva som skjer med eiendommen i framtida i forhold til bosetting kan vi ikke forutse, men vi har et ønske om å flytte til kommunen og det bør derfor legges til rette for å kunne bo, drive og utvikle denne eiendommen på lik linje med andre landbrukseiendommer i kommunen. Med veg er sjansen for å flytte dit større, man kan ikke forvente at vi i 2020 flytter til en vegløs eiendom.

På grunn av at vi har dårlig hamn vil vi i store deler av året ikke kunne bruke eiendommen slik det er nå. Med veg vil vi kunne være på eiendommen hele året da vi ikke vil være avhengig av båt. Vi vil få gjort mer enn det vi gjør i dag når vi nå kun kan være der i sommerhalvåret.

For de som ikke er så kjent med eiendommen vil vi opplyse om at de to brukene på Kråkeneset var tidligere et samlet bruk men ble i 1950 delt i to likeverdige bruk, gårdsnr 45, bruk nr 1 og bruk nr 2.
På grunn av hvordan eiendommen ble delt fikk bruk nr. 2 vegrett over bruk nr 1 for å komme til sjøen. Dette ble begrunnet i at bruk nr 2 ikke hadde tilkomst til sjøen på grunn av manglende havn. Denne vegen ble påbegynt av Lyder Kråkenes som hadde gården den gangen. Det er lagt opp steiner som en start på denne vegen inne i pøyla på grensen mellom bruk nr. 1 og 2 slik at man kan gå tørrskodd. Bruk nr. 2 hadde også felles sjøhus og naust inne på bruk nr. 1.

I skjøtet fra 1950 står det at vegen skal gå over Bøneset og den skal være 2,5 meter bred. Det er denne gamle vegtraseen vi nå har søkt om og fått godkjent som landbruksveg.

Vi tok over bruket for 12 år siden, da hadde ikke eiendommen vært i drift med husdyr siden 60-tallet. Huset var brukt til utleie til turister fram til vi tok over det. Eiendommen var eid av Audun sin mor Liv Pollen og vi kjøpte bruket av henne. Det var hennes adoptivfar Lyder Kråkenes som eide det før den tid. Liv Pollen kom dit i 1936. Det huset som stod der er den gamle delen av det eksisterende huset i Kråkeneset. Det var eldhus der med smie, mjølhus og utedo. Det stod også et fjøs der med løe. De livnærte seg av jordbruk og fiske.

Med et ovenfor nevnte håper vi at kommunen ser den allmenne nytten vegen vil få utover at det vil bli veg ut til vår landbrukseiendom og at vi får et positivt svar på vår søknad.


Hvis det er noen spørsmål angående vår søknad er det bare å ta kontakt med oss.

Med vennlig hilsen



Audun og Katrine Pollen

Tlf. 959667779/91883955


NHdigi.no
60m
Alt.2
Data frå Kartverket, Norge Digitalt og Nordlandsland digitalt

Solund kommune

Arkiv:	K2 - V83
ArkivsakID:	18/628
JournalpostID:	18/3800
Sakshandsamar:	Kjartan Nyhammer
Vedtaksdato:	14.12.2018

Audun Pollen
Bostadvegen 258
7540 KLÆBU

Delegert sak

Saksnr.	Utval
035/18	ADMINISTRATIVE VEDTAK - ADM

Vedtaksbrev bygging av landbruksveg til gbnr 45/2 Kråkenes
Vedlegg

Administrasjonssjefen sitt vedtak:
Solund kommune gjev løyve til bygging av omsøkt landbruksveg fram til tunet på gbnr 45/2 Kråkenes. Det vert sett følgjande vilkår:

- Vegen vert bygd etter vegklasse 7 jfr «Normalar for landbruksveier med byggebeskrivelse, Landbruksdepartementet 1997».
- Ynskjer fritids-eller bustadeigedomar å nytte vegen som sin tilskomstveg så skal det i forkant fremjast ny søknad om bygging av veg etter plan- og bygningslova.
- Det vert sett krav om at vegen vert sperra med bom med lås for å unngå anna køyring enn landbruksrelatert transport på vegen.
- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stoggast, og Sogn og Fjordane fylkeskommune varslast.

Vedtaket er gyldig til 01.01.2022. Dersom ikkje arbeidet med vegen er starta opp innan den tid fell løyvet vekk og det må søkjast på nytt.

Vedtaket har heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:
-Forvaltningslova

-Gjeldande delegasjonsreglement for Solund kommune

-Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

-Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, Landbruksdepartementet 1997.

-Nyttekalkulator(Excel), siste versjon 29.02.2016

-Naturmangfoldslova

Kva saka gjeld:
Audun Pollen søkjer om å få bygge landbruksveg fram til tunet på landbrukseigedomen sin gbnr 45/2 Kråkenes. Det er opplyst i søknaden at vegen vert ca 770 meter lang. Det vert søkt om å få bygge veg etter vegklasse 7. Omsøkt veglinje framgår av vedlagt kart.

Saksutgreiing:

Saksopplysningar:
Vegen skal gje tilgang til 9 daa jordbruksareal, 3 dekar granskog og ca 110 dekar utmarksbeite. Det skal byggjast om lag 770 m ny veg i vegklasse 7. Fyrste del av vegen går over naboeigedomen gbnr 45/1. Eigarane av gbnr 45/1 har gjeve fri veggrunn i tråd med omsøkt veglinje.

Søkjar opplyser at dei ynskjer å busette seg på eigedomen og sjølv drive den. Søkjar har søkt om og fått tildelt offentlege tilskot til grøfting og til beiterydding på eigedomen og har allereie lagt ned eit omfattande arbeid med oppgradering av hus, uthus, grøfter og anna utbetring av innmarka.

Saka har vore sendt på høyring til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen gjev løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne
automatisk freda kulturminne, dyrkingslag id.nr. **230249**, gbnr. 45/1 i Solund kommune.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fråråd, i fråsegn av 13.11.2018, å handsame saka etter landbruksvegforskrifta grunna han vurderer saka til å ha større private interesser enn landbruksinteresser. Han vektlegg eit område på gbnr 45/2 (H32) som i kommuneplanen opnar for bygging av 3-4 hytter etter detaljregulering.

Som svar på dette har søsken av søkjar, som er dei som er tiltenkt hyttetomtene, sendt Solund kommune innspel til kommuneplanen der dei bed om at område H32 vert teke ut av kommuneplanen dersom bror deira, Audun Pollen, får løyve til å byggje veg fram til barndomsheimen deira.

Vurdering:
Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 45/1 og gbnr 45/2 Kråkenes i Solund kommune, datert 11.oktober 2018.

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfoldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

Vegtrasse val
Solund kommune har ingen merknader til veglinja, men gjer søkjar merksam på at han i eige sak må søkje om avkøyrsle frå kommunal veg/snuplass.

Verdi for jordbruk/ skogbruk/anna
Den store verdien for landbruket vil vere busettinga på garden og dei positive effektane det gjev for eigedomen og bygda. Søkjar har starta eit stort arbeid med å ta garden tilbake i den stand den ein gong var. I dag er det nabo, Svein Kråkenes, sine sauer som beitar innmark og utmark på eigedomen. Å få veg fram til eigedomen vil gjere det mogeleg å få fram gravemaskin til grøftearbeidet kontra å spa grøfter for hand, få traktor på garden osv. Det er særs tungvint å stelle ein gard utelukkande med manuell arbeidskraft. Den tid er forbi.

Private interesser
For å eliminere faren for misbruk av landbruksvegforskrifta vert det i vedtaket sett som vilkår for løyvet at eventuelle framtidige bustad- eller fritidseigedomar i «nedslagsfeltet», som søkjer om å nytte vegen som tilkomstveg, utløyser krav om handsaming etter plan- og bygningslova. Landbruksveg kl 7 er ikkje eigna som heilårs bilveg.

Søsken til søkjar har tinglyste private rettar til å ta seg ut hyttetomter på gbnr 45/2. Dei fire rettigheitshavarane har kome med innspel om at området for hyttebygging (H32) vert teke ut av kommuneplanen på vilkår av at det vert gjeve løyve til bygging av landbruksveg. Bygging av landbruksveg vil vere eit langt mindre inngrep i landskapsbilete i området enn 3-4 eksponerte hytter på eit høgdedrag ved innseglinga til Sognefjorden.

Naturmiljø
Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringer av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde. Ved synfaring 07.09.2018 vart det ikkje oppdaget nokon viktige miljøverdier og kommunen har ikkje annen kjenskap til at det finnes nokon i eller rundt det omsøkte tiltaket.

Kulturminne
Saka vart send til Sogn og Fjordane fylkeskommune for uttale om kulturminner.
Fylkeskommunen gjev løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne
automatisk freda kulturminne, dyrkingslag id.nr. **230249**, gbnr. 45/1 i Solund kommune.

Landskap
Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Planlagt veglinje vil i stor grad ligge fint i landskapet. Det største inngrep vil skje i oppstigninga frå innmarka på gbnr 45/1 og over høgdedraget ned til pollen på vestsida av høgdedraget. Men det vil vere lite synleg frå sjø. Vidare følgjer vegen eksiterande dalføre/furer i landskapet.

Friluftsliv
Vegen vil betre tilgjenge til friluftsliv for ålmenta ved at det vert enklare tilskomt til eit fint turområde med flott utsikt over Sognesjøen/ innløpet til Sognefjorden.

Andre positive/negative effekter.
Det er ein klart positivt effekt av vegen at det igjen vert busetting og sjølvstendig drift på gbnr 45/2.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Solund kommune.

Klage
Då Fylkesmannen i fråsegn av 13.11.2018 har fråråd handsaming av vegen etter landbruksvegforskrifta vert saka oversendt Fylkesmannen for klagevurdering. Kommunen meiner at nytt moment med fråskriving av rettar til hyttetomtar/oppmoding om fjerning av H32 i kommuneplanen må vektleggast og at det svekker vektinga av dei private interessene. Dette i kombinasjon med å sette vilkår om vegsøknad etter plan- og bygningslova dersom bustad- eller fritidseigedomar ynskjer å knytte seg til vegen. Vegklasse 7 er ikkje eigna som heilårs tilskomstveg for bil.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Sakshandsamar

Vedlegg i saka:

21.12.2018	Søknad om bygging av landbruksveg
21.12.2018	E-post Søknad om bygging av landbruksveg
21.12.2018	Søknad om bygging av landbruksveg Kråkeneset i Solund kommune - bed om uttale i saka
21.12.2018	Kart landbruksveg Kråkenes
21.12.2018	Søknad om bygging av landbruksveg (L)(127802)
21.12.2018	Opplysningar i samband med søknad om landbruksveg Kråkeneset
21.12.2018	Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne i samband med landbruksveg Kråkeneset gbnr 45/1 og 2
21.12.2018	Kart
21.12.2018	AcosSvarInn.xml
21.12.2018	Fråsegn til søknad om bygging av landbruksveg på Kråkeneset gbnr 45/2
21.12.2018	AcosSvarInn.xml
21.12.2018	E-post Innspel til kommuneplanen, 4 stk
21.12.2018	Vedkjem fråsegn frå Fylkesmannen 13.11.2018

Solund kommune

Arkiv:	K2 - V83
ArkivsakID:	18/628
JournalpostID:	18/3800
Sakshandsamar:	Kjartan Nyhammer
Vedtaksdato:	14.12.2018

Audun Pollen
Bostadvegen 258
7540 KLÆBU

Delegert sak

Saksnr.	Utval
035/18	ADMINISTRATIVE VEDTAK - ADM

Vedtaksbrev bygging av landbruksveg til gbnr 45/2 Kråkenes
Vedlegg

Administrasjonssjefen sitt vedtak:

Solund kommune gjev løyve til bygging av omsøkt landbruksveg fram til tunet på gbnr 45/2 Kråkenes. Det vert sett følgjande vilkår:

- Vegen vert bygd etter vegklasse 7 jfr «Normalar for landbruksveier med byggebeskrivelse, Landbruksdepartementet 1997».
- Ynskjer fritids-eller bustadeigedomar å nytte vegen som sin tilskomstveg så skal det i forkant fremjast ny søknad om bygging av veg etter plan- og bygningslova.
- Det vert sett krav om at vegen vert sperra med bom med lås for å unngå anna køyring enn landbruksrelatert transport på vegen.
- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stoggast, og Sogn og Fjordane fylkeskommune varslast.

Vedtaket er gyldig til 01.01.2022. Dersom ikkje arbeidet med vegen er starta opp innan den tid fell løyvet vekk og det må søkjast på nytt.

Vedtaket har heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:
-Forvaltningslova

-Gjeldande delegasjonsreglement for Solund kommune

-Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

-Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, Landbruksdepartementet 1997.

-Nyttekalkulator(Excel), siste versjon 29.02.2016

-Naturmangfoldslova

Kva saka gjeld:
Audun Pollen søkjer om å få bygge landbruksveg fram til tunet på landbrukseigedomen sin gbnr 45/2 Kråkenes. Det er opplyst i søknaden at vegen vert ca 770 meter lang. Det vert søkt om å få bygge veg etter vegklasse 7. Omsøkt veglinje framgår av vedlagt kart.

Saksutgreiing:

Saksopplysningar:

Vegen skal gje tilgang til 9 daa jordbruksareal, 3 dekar granskog og ca 110 dekar utmarksbeite. Det skal byggjast om lag 770 m ny veg i vegklasse 7. Fyrste del av vegen går over naboeigedomen gbnr 45/1. Eigarane av gbnr 45/1 har gjeve fri veggrunn i tråd med omsøkt veglinje.

Søkjar opplyser at dei ynskjer å busette seg på eigedomen og sjølv drive den. Søkjar har søkt om og fått tildelt offentlege tilskot til grøfting og til beiterydding på eigedomen og har allereie lagt ned eit omfattande arbeid med oppgradering av hus, uthus, grøfter og anna utbetring av innmarka.

Saka har vore sendt på høyring til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen gjev løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne
automatisk freda kulturminne, dyrkingslag id.nr. **230249**, gbnr. 45/1 i Solund kommune.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fråråd, i fråsegn av 13.11.2018, å handsame saka etter landbruksvegforskrifta grunna han vurderer saka til å ha større private interesser enn landbruksinteresser. Han vektlegg eit område på gbnr 45/2 (H32) som i kommuneplanen opnar for bygging av 3-4 hytter etter detaljregulering.

Som svar på dette har søsken av søkjar, som er dei som er tiltenkt hyttetomtene, sendt Solund kommune innspel til kommuneplanen der dei bed om at område H32 vert teke ut av kommuneplanen dersom bror deira, Audun Pollen, får løyve til å byggje veg fram til barndomsheimen deira.

Vurdering:
Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 45/1 og gbnr 45/2 Kråkenes i Solund kommune, datert 11.oktober 2018.

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfoldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

Vegtrasse val
Solund kommune har ingen merknader til veglinja, men gjer søkjar merksam på at han i eige sak må søkje om avkøyrsle frå kommunal veg/snuplass.

Verdi for jordbruk/ skogbruk/anna
Den store verdien for landbruket vil vere busettinga på garden og dei positive effektane det gjev for eigedomen og bygda. Søkjar har starta eit stort arbeid med å ta garden tilbake i den stand den ein gong var. I dag er det nabo, Svein Kråkenes, sine sauer som beitar innmark og utmark på eigedomen. Å få veg fram til eigedomen vil gjere det mogeleg å få fram gravemaskin til grøftearbeidet kontra å spa grøfter for hand, få traktor på garden osv. Det er særs tungvint å stelle ein gard utelukkande med manuell arbeidskraft. Den tid er forbi.

Private interesser
For å eliminere faren for misbruk av landbruksvegforskrifta vert det i vedtaket sett som vilkår for løyvet at eventuelle framtidige bustad- eller fritidseigedomar i «nedslagsfeltet», som søkjer om å nytte vegen som tilkomstveg, utløyser krav om handsaming etter plan- og bygningslova. Landbruksveg kl 7 er ikkje eigna som heilårs bilveg.

Søsken til søkjar har tinglyste private rettar til å ta seg ut hyttetomter på gbnr 45/2. Dei fire rettigheitshavarane har kome med innspel om at området for hyttebygging (H32) vert teke ut av kommuneplanen på vilkår av at det vert gjeve løyve til bygging av landbruksveg. Bygging av landbruksveg vil vere eit langt mindre inngrep i landskapsbilete i området enn 3-4 eksponerte hytter på eit høgdedrag ved innseglinga til Sognefjorden.

Naturmiljø
Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringer av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde. Ved synfaring 07.09.2018 vart det ikkje oppdaget nokon viktige miljøverdier og kommunen har ikkje annen kjenskap til at det finnes nokon i eller rundt det omsøkte tiltaket.

Kulturminne
Saka vart send til Sogn og Fjordane fylkeskommune for uttale om kulturminner. Fylkeskommunen gjev løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne automatisk freda kulturminne, dyrkingslag id.nr. **230249**, gbnr. 45/1 i Solund kommune.

Landskap
Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Planlagt veglinje vil i stor grad ligge fint i landskapet. Det største inngrep vil skje i oppstigninga frå innmarka på gbnr 45/1 og over høgdedraget ned til pollen på vestsida av høgdedraget. Men det vil vere lite synleg frå sjø. Vidare følgjer vegen eksiterande dalføre/furer i landskapet.

Friluftsliv
Vegen vil betre tilgjenge til friluftsliv for ålmenta ved at det vert enklare tilskomt til eit fint turområde med flott utsikt over Sognesjøen/ innløpet til Sognefjorden.

Andre positive/negative effekter.
Det er ein klart positivt effekt av vegen at det igjen vert busetting og sjølvstendig drift på gbnr 45/2.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Solund kommune.

Klage
Då Fylkesmannen i fråsegn av 13.11.2018 har fråråd handsaming av vegen etter landbruksvegforskrifta vert saka oversendt Fylkesmannen for klagevurdering. Kommunen meiner at nytt moment med fråskriving av rettar til hyttetomtar/oppmoding om fjerning av H32 i kommuneplanen må vektleggast og at det svekker vektinga av dei private interessene. Dette i kombinasjon med å sette vilkår om vegsøknad etter plan- og bygningslova dersom bustad- eller fritidseigedomar ynskjer å knytte seg til vegen. Vegklasse 7 er ikkje eigna som heilårs tilskomstveg for bil.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Sakshandsamar

Vedlegg i saka:

21.12.2018	Søknad om bygging av landbruksveg
21.12.2018	E-post Søknad om bygging av landbruksveg
21.12.2018	Søknad om bygging av landbruksveg Kråkeneset i Solund kommune - bed om uttale i saka
21.12.2018	Kart landbruksveg Kråkenes
21.12.2018	Søknad om bygging av landbruksveg (L)(127802)
21.12.2018	Opplysningar i samband med søknad om landbruksveg Kråkeneset
21.12.2018	Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne i samband med landbruksveg Kråkeneset gbnr 45/1 og 2
21.12.2018	Kart
21.12.2018	AcosSvarInn.xml
21.12.2018	Fråsegn til søknad om bygging av landbruksveg på Kråkeneset gbnr 45/2
21.12.2018	AcosSvarInn.xml
21.12.2018	E-post Innspel til kommuneplanen, 4 stk
21.12.2018	Vedkjem fråsegn frå Fylkesmannen 13.11.2018

Solund kommune

Arkiv:	K1-074
ArkivsakID:	20/292
JournalpostID:	20/2745
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	07.10.2020

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
085/20	FORMANNSKAP	16.10.2020

Disponering av driftsmidlar til skjærgardsteneste for Fjordane friluftsråd

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund Kommune godkjenner at Fjordane Friluftsråd årleg kan setje av kr. 350.000,- av innbetalt kontingent frå medlemane til drift av Skjærgårdstjeneste frå 2021.

Vedlegg i saka:
21.08.2020 Drift av Skjærgårdstjenesten og opptak nye kommunar

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:
Disponering av driftsmidlar til skjergardsteneste for Fjordane friluftsråd.

Saksutgreiing:
Fjordane friluftsråd har over lengre tid arbeidd med å få finansiert skjergardsteneste, og søkjer i desse dagar om finansiering frå Miljødirektoratet. I samband med dette, er det naudsynt med dokumentasjon på eigenandel til årleg drift på kr 350.000, og deltakarkommunane er difor bedne om å stadfeste at ein aksepterer at desse midlane kan finansierast ved bruk av midlar frå medlemskontingent. Dette beløpet utgjer ein fjerdedel av samla omsøkt driftskostnad. Vestland fylke løyver eit likelydande beløp og ein forventar ei løyving frå Miljødirektoratet på kr 700.000,-.

I ekstraordinær generalforsamling 30.juni d.å. vart årleg kontingent auka frå kr 15,- til kr 20,- pr. innbyggjar i tillegg til fast grunnbeløp på kr 25.000,- . Som vertskommune yter Solund samla eit årleg beløp på kr 200.000,-, og den vedtekne endringa har liten innverknad på Solund sitt årlege bidrag.

Vurdering:
Det er viktig for vidare utvikling av Fjordande friluftsråd at ein kan få på plass skjergardstenesta, og så lenge ein kan løyse drifta av denne innanfor dei omtala

rammene, vil dette vere positivt. Administrasjonssjefen vil difor tilrå at friluftsrådet kan nytte av driftsmidlar til dette føremålet, slik ein ynskjer stadfesting på.

Ein tilrår difor at slikt vedtak vert gjort.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund Kommune

Askvoll Kommune

Kinn Kommune

Bremanger Kommune

Solund, en 14.08.2020

Sak 1; BEHOV FOR VEDTAK SAK OM DRIFTSMIDLAR SKJÆRGÅRDSTJENESTE FRÅ 2021

Det blir vist til protokoll «Ekstraordinær generalforsamling Fjordane Friluftsråd av 30.06.2020» sak 5 som lyder slik;

5. Endring av medlemskontigent fra kr.15,- pr.innbyggjar til kr.20,-.

Vedtak;

GF tilrår ei kontigentauke frå kr.15 til kr.20,- pr.innbyggjar gjeldande frå 2021, men gjer ikkje endeleg vedtak før saka er tatt opp med nye kommunar.

Bakgrunnen for ein kontigentauke no er ledd i finanisering/styrkjing av driftsbudsjettet med tanke på etablering og drift av Skjærgårdstjeneste frå 2021. Det er budsjettert med å bruke kr.325.000,- av medlemskontigenten til drift av Skjærgårdstjenesten. Frå 01.01.2021 vil kontigentane frå medlemskommunane; Askvoll, Solund, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn (folketal 40425 unnateke Solund) med dagens kontingent på kr.15,- utgjere kr.606.375 + kr.125.000,- i grunnstønad frå 5 kommunar. Solund som vertskommune styrkar driftsbudsjettet med fast sum på kr.200.000,- Total kontingent vil då verte kr. 931.375. Dersom ein går opp til 20 kroner vil driftsbudsjettet verte styrkja med kr. 202.125,- til totalt 1.133.500,-

Fjordane Friluftsråd bed om at det på grunnlag av dette vedtaket fremjast sak for kommunestyret ;

«……..Kommune er kjent med vedtak om kontigentauke i e.o generalforsamling av 30.06.20 og godkjenn at Fjordane Friluftsråd årleg kan setje av inntil kr.350.000,- av innbetalt kontingent frå medlemskommunane til drift av Skjærgårdstjenestebåt frå 2021.»

Sak 2; BEHOV FOR VEDTAK OPPTAK AV NYE MEDLEMSKOMMUNAR

§ 1 **DELTAKARKOMMUNAR**
Fjordane Friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter § 27 i Kommunelova mellom Kinn, Bremanger, Askvoll og Solund kommunar. Tilslutnad frå nye deltakarkommunar må godkjennast av friluftsrådet sitt årsmøte og kommunestyret i kvar deltakarkommune.

I ekstra ordinær generalforsamling den 30.06.2020 vart det gjort fylgjande vedtak;

a. Opptak av Stad som ny medlemskommune

Vedtak;

GF ynskjer Stad velkomen som ny medlemskommune

b. **Opptak av Stryn**; **I kommunestyremøte 15.06 i Stryn vart det gjort fylgjande vedtak;**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Stryn kommune vert medlem av Fjordane Friluftsråd. Formannskapet 28.05.2020: Handsaming: Kommunedirketøren sitt framlegg vart samrøystes tilrådd. FO- 080/20 Vedtak: Stryn kommune vert medlem av Fjordane Friluftsråd. Kommunestyret 15.06.2020: Handsaming: Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 082/20 Vedtak: Stryn kommune vert medlem av Fjordane Friluftsråd.

Fjordane Friluftsråd bed om at det på grunnlag av dette vedtaket fremjast 2 saker for kommunestyret som må handsamast i denne rekkefylgje ;

1. ***«……..Kommune godkjenner opptak av Stad Kommune som medlem av Fjordane Friluftsråd og bed at § 1 i vedtektene vert endra som fylgje av dette»***

2. ***«……..Kommune godkjenner opptak av Stryn Kommune som medlem av Fjordane Friluftsråd og bed at § 1 i vedtektene vert endra som fylgje av dette»***

Mvh

Bjarte Engevik

-dagleg leiar-

Fjordane Friluftsråd

bjarte@friluftsrad.no

www.fjordanefr.no

Tlf.99487500

Vedlegg; Protokoll e.o generalforsamling Fjordane Friluftsråd 30.06.2020

Vedtak Stryn Kommunestyre 15.06.2020

Vedtekter Fjordane Friluftsråd.

Solund kommune

Arkiv:	K2-K40
ArkivsakID:	18/341
JournalpostID:	20/2740
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	07.10.2020

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
086/20	FORMANNSKAP	16.10.2020

Høyring på forvaltningsplan for gås i Solund kommune 2020 - 2025

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap godkjenner at forvaltningsplan for gås i Solund kommune 2020 – 2025, vert lagt ut til offentleg høyring i medhald av forvaltningslova.

Vedlegg i saka:

07.10.2020	Forvaltningsplan for gås i Solund kommune_endelig versjon 2020 - 7 oktober 2020
11.02.2019	Hekkebestand - status og trend i 2018 Grågås i Solund kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Høyring av forvaltningsplan for gås i perioden 2020 – 2025 for Solund kommune

Saksutgreiing:

Bakgrunn:
Grågåsbestanden har auka dei siste tiåra, og det har no ført til beiteskader for grunneigarar på ulike stader i Solund. Solund kommune har ikkje hatt ein plan for forvaltning av gås tidlegare. Solund kommune tok kontakt med Arnold Håland i NNI Resources AS som gjorde feltarbeid sommaren i 2018, og hadde synfaringar og har diskutert med grunneigarar der det er mest gås både i 2018 og 2020. Vidare baserer ein seg på nemnde plan og ei rekkje prosjekt/rapportar om tema gås over heile landet i tillegg til nedover i Europa, sjå vedlegg.

Det har blitt utarbeida følgjande dokument i prosessen. som har utarbeida NNI-Rapport 531: «*Grågås Anser anser i Solund kommune, Sogn og Fjordane. Hekkebestand – status og trend i 2018*», han har også utarbeida framlegg til: «*Forvaltningsplan for gås i Solund kommune*, 2020 – 2025. Desse ligg som vedlegg.

Arbeidet med rapporten og planen er finansiert frå bunde fond «7004 Vilttiltak generelt».

Høyring og uttale:
Kommunen sende ut eit orienteringsbrev til dei aktive bruka i Solund kommune (om lag 30 stk.) den 31.05 2018. Då orienterte ein om oppstart på ny gåseplan, om status for planarbeidet og informerte litt om gåsebestanden generelt. Grunneigarane vart oppmoda om å registrere grågås og sende tilbakemelding til NNI.

Planen vert send til Fylkesmannen i Vestland på høyring etter vedtak om dette i formannskapet.

Vurdering:

Forvaltningsplanen for gås saman med rapport NNI 531, gjev kommunen eit godt verktøy til kunna forvalta grågåsa på ein mykje betre måte. Landbruket på dei nemnde plassane i planen er tidvis mykje plaga med grågås som beitar på slåtteareal og ein har beviseleg avlingstap. For mykje beiting medfører til slutt også eit kvalitetstap som resulterer i eit økonomisk tap før bøndene det gjeld.


Ved å nytte regelverket og planen slik den er tenkt, kan ein no gjera fleire grep og tiltak samstundes. Gåsa skal forvaltast på ein god måte, så ein vil prøve å bruke desse verktøya godt. Tiltak som framskunda jakt og betre samordna jakt, vil vera til hjelp for å redusera lokal stamme. Gjerding og skremming bør også prøvast ut fortsatt.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund kommune

2020 - 2025

Forvaltningsplan for gås



UTKAST

Vedteken i k.sak: XX/XX

Solund kommune

Forord

Med bakgrunn i utfordringer med økende bestander av grågås i Solund kommune over tid, og dertil knyttede problemer med økende beitetrykk på innmark hos flere gårdbrukere i kommunen, ble det konkludert at det var behov for en mer faglig og systematisk tilnærming til forvaltning av den lokale grågåsbestand. Med dette grunnlaget ble NNI kontaktet og tildelt oppgaven med å utarbeide et forslag til forvaltningsplan for gås i Solund. Henvendelsen til NNI kom fra rådgiver Tor-Arne Hauge, Solund kommune, våren 2018. Etter et felles møte i kommunehuset på Hardbakke der arbeidet med planen ble gjennomgått, samt en befaring til ulike deler av kommunen ble besøkt, ble arbeidet med en forvaltningsplan satt i gang. For å øke kunnskapen om lokale forekomster av gås, samt for å få en innsikt i lokale problemer med beiting i innmark, ble brukere kontaktet og flere bruk besøkt. Ellers ble det også enighet om at det var nyttig med en oppsummering av hva som fantes av kunnskap om grågås i Solund kommune. Denne delen av arbeidet er presentert i en fagrapport (jfr. NNI-Rapport 531 – 2019). Et utkast til forvaltningsplan ble utarbeidet i 2018/2019, men så ble arbeidet lagt på is pga T.-A. Hauge skiftet arbeidsplass. Arbeidet ble så tatt opp igjen og sluttført våren 2020, inkl. oppdatering med en del ny informasjon fra 2019 og 2020.

Arbeidet med grågås i Solund kommune er utført av fagbiolog/zoo-økolog Arnold Håland (Cand. real), NNI Resources AS, i samarbeid med Tore-Arne Hauge og i 2020 i samarbeid med Anne Kristine Dyrdal, Solund kommune. En takk rettes også til de mange grunneiere som har bidratt med informasjon og lokal kunnskap om grågjessene i Solund kommune.

UTKAST

Innhold

Forord 1
Innhold 2
Bakgrunn for forvaltningsplanen 4
Rammer for forvaltningen av gås 6
Internasjonale rammer 6
Nasjonale rammer 6
Lov om Naturmangfold (Naturmangfoldloven) 6
Lov om jakt og fangst av vilt (Viltloven) 7
